

FOLK i Ryfylke 1996



Tema: Husfliden i Ryfylke



FOLK 1996 i Ryfylke

Årbok for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo

Utgitt av Ryfylkemuseet

FOLK i Ryfylke

Årbok for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo
Redaksjonsråd: Halvdan Magnus Hansen,
Njål Tjeltveit,
Tora-Liv Torsen,
Jorunn Strand Vestbø
Foto: Gaute Berge Nilsen
Utgivar: Ryfylkemuseet
4230 Sand
Telefon 52 79 73 77
Telefax 52 79 78 89
E-mail: ryfymus@robin.no

ABONNEMENT:

FOLK i Ryfylke kjem ut ein gong i året.
Abonnementsprisen for 1996 er kr. 100,-
og inkluderer medlemskap i Ryfylkemuseet og
eventuelt lokalt museumslag på heimstaden.
Postgirokonto 0808 5662911
Bankgirokonto 3202 07 01527

Sats, repro, trykk og innbinding:
Allservice a.s., Stavanger
ISSN 0800-4692

Framsida:

*Høne laga av Martin Helle. Modellen er
frå 1700-talet, da slike høner låg og doppa oppi
ølbollen og var til å drikke av.
Foto: Tora-Liv Thorsen.*

Innhold



- 5 Redaksjonelt
- 8 Pinnhuer frå Suldal
Av Anne Margrethe Myhre
- 20 Rosemåling i Ryfylke
Av Svein Molaug
- 27 Martin Helle – ein akantus blant løvetann
Av Tora-Liv Thorsen
- 35 Husflidslaget – eit produkt av nasjonalisme og flid
Av Halvdan Magnus Hansen
- 42 Finnøy husflidslag – eit samlande lag for alle i kommunen
Av Tor Sveinsborg
- 45 Husfliden i dag
Av Anna Halsne
- 49 Husflid som reiselivsprodukt
Av Njål Tjeltveit
- 56 Frå ide til næring
Av Grete Holmboe
- 64 Ryfylke varestemne 1939
Av Roy Høibo
- 73 Årsmelding 1995
- 92 Rekneskap 1995

*Bildet til venstre: Super-kjendisen frå galleriet til Martin Helle:
Den gamle læraren. Foto: Tora-Liv Thorsen.*

Det velkjente kaihuset på Judaberg er blitt husflidsutsal, og på eit nytt treskilt på langveggen står det: Kaihuset — husflid og hobby. Skal vi tru at husfliden er i ferd med å ta over for samferdsla som førstefilosofi for utviklinga i Ryfylke? Foto: Adolf Rørheim.



Redaksjonelt

I 1989 skipa Ryfylkemuseet til ei utstilling kalla «Made in Ryfylke». Utstillinga blei stelt til i samarbeid med eit kulturutval som Ryfylkerådet heldt seg med den gongen, og hadde bakgrunn i ein konferanse som dette utvalet skipa til, «Ryfylkekonferansen -88», der spørsmålet «Ryfylkeprodukt — finst dei?» blei diskutert.

Det var 17 produsentar av «ryfylkeprodukt» som tok utfordinga og blei med på utstillinga. Vi skal rekne opp dei som var med:

Trygve Breiland, Hjelmeland, jærstolar
Erøyvik båt- og trevarefabrikk, Erfjord, trapper, glas og dører
Anne-Karin Galland, Suldal, rose måling
Øystein Haga, Jelsa, veggskåp
Kåre Johs. Hetlelid, Hjelmeland, sponkorger
Hetlelid Møbelverkstad, Hjelmeland, jærstolar
Nils Kjetilstad, Suldal, trearbeid
Bergljot Lunde, Sand, rose måling
Arne Marvik, Marvik, tønner
Molla Snikkarverkstad, Sauda, møblar
Pulpit Rock Design, Jørpeland, gensarar og kofter
Suldal Husflid, Sand, åkle og løparar
Suldal vidaregåande skule, Sand, vev
Treprofil A/S, Jørpeland, listverk
Trestubben Interiør, Suldal, møblar
Trygve Ørestrand, Hebnes, tønner
Johannes Østensjø & Co, A/S, tønner

I samband med opninga av utstillingen tok rådssekretæren i Ryfylkerådet, Audun Rake, initiativ til å kalle utstillarane og andre saman til møte på Ryfylkemuseet for om muleg å danne ein samarbeidsorganisasjon for produsentane. Dette var starten på foreninga Ryfylkeprodukt.

Målet med den ryfylkekonferansen som var utgangspunktet for utstillinga var «å bygge eit samspele mellom kultur og næring til felles beste for alle partar» (frå invitasjonen til konferansen). Det dreidde seg om å skape nye arbeidsplassar innafor eit område som var lite påkasta av det profesjonelle tiltaksapparatet. Men det dreidde seg også om å bygge ein Ryfylke-identitet både til innvortes og utvortes bruk.

Ryfylkekonferansen i 1988, og utstillinga «Made in Ryfylke» året etter, føyer seg inn ei rekke av tiltak for å løfte fram husfliden som inntektsgjevande og identitetsskapande aktivitet. I dette heftet har vi artiklar om to slike større tiltak elles. Det er Ryfylke Varestemne i 1939 og prosjektet Ryfylkeprodukt — frå ide til næring, som starta i 1994.

Men det har vore vist interesse for husfliden også før dette. Eilert Sundt (1817—1875) var mellom dei som alt i førre århundre engasjerte seg i fremje av husfliden. Han hadde fleire motiv for dette. Det viktigaste var den moralske og materielle framgangen som kunne bli allmugen til del gjennom flittig arbeid. Hovudgrunngivinga for boka Om Husfliden i Norge som blei gitt ut i 1868, var at husfliden kunne vera eit middel til

å hjelpe fattigfolk bort frå offentleg støtte. På denne bakgrunnen var det gjerne naturleg at han fann størst interesse i den meir spesialiserte husfliden, den som kunne minne om serieproduksjon, eller helst småindustri. Men det er og verdt å merke seg at han såg på boka om Renligheids-Stellet i Norge (1869) som eit framhald av husflidboka. Den alminnelege og daglege flid og orden var såleis eit vesentleg aspekt for Sundt. Verdien av ærleg arbeid kunne ikkje settast høgt nok.

Eit tredje aspekt i Eilert Sundts engasjement for husfliden, var det nasjonale. Det var ei nasjonal sak å løfte fram den norske husfliden for å vise kva folket dugde til jamført med svensk og dansk handarbeid. Eilert Sundt ivra såleis sterkt for at Norge skulle delta på den nordiske industriutstillingen i Stockholm 1866.

Etterkvar blei det skipa fleire husflidsforeningar, og i 1899 blei desse kalla saman til eit landshusflidsmøte i Christiania. Her blei husfliden definert, ikkje berre som det arbeidet som gikk føre seg i heimen for å dekke eigne behov, men også som den produksjonen av salsvarer av ulike slag som kunne tene til nytte eller hygge eller vera ein minneting for turistar. I artikkelen til husflidskonsulenten i Rogaland, Anna Halsne, får vi vita at dette er ei god skildring av situasjonen også i dag.

Det er elles mange som har strevd med å definere husfliden, og som har prøvd å gå opp grensegangar mot handverket, folkekunsten og småindustrien. Men det er ikkje lett, kanhende først og fremst fordi husfliden både har vore og er ein del av eit mangesyssleri for mange av utøvarane, og der grensene mellom hobby og yrke ikkje alltid er like klar. I Rogaland har dei som har husflid som næring starta Rogaland Husflidhåndverkerlag. Medlemmane i laget er juryerte, slik at produkta skal halde ein høg, fagleg standard. Kanhende kan ein sjå på dette som eit behov hos enkelte for å dis-

tansere seg frå hobbyhusfliden. Dette laget har førebels berre to medlemmer frå Ryfylke.

Den husfliden vi møter i husflidsutsal, suvenirbutikkar, sommarutstillingar og på bygdedagar og lokale stemne har opphavet sitt både i store verkstader og små hobbyrom. Og medan dei største verstadene distribuerer varene sine over heile landet, reiser dei ivrigaste hobbyprodusentane til kurs på Holmen Gård og Akademiet i Rauland. Ein kan stille spørsmål om kva verknadar dette vil ha for den lokale variasjonsrikdomen. Greier ein å ta vare på dei lokale formene og dei lokale mönstra innafor ein aktivitet som både har eit nasjonalt distribusjonsnett og eit tilbod om landsomfattande kurs? Eller er det kanskje ikkje så viktig?

Frå ein museumssynstad er dokumentasjonen og bevaringa av lokalt sær preg ei viktig oppgåve. Artikken om pinnhuene frå Suldal er eit godt døme på korleis amatørar kan leite fram slik kunnskap som er i ferd med å gå tapt. Det er dessutan slik at det ligg mye kunnskap om kulturelle og sosiale forhold i dei tekstilarbeida som ligg kringom, og som i mindre grad enn for andre bruksting har vore gjenstand for forsking. Ein skulle også tru at det er viktig for dei som skal selja bygdene til turistar å by fram mat, drikke, overnattingsplassar, attraksjonar og minneting som er stadibundne. Men vi har sett at det ikkje alltid er slik.

Og det er ikkje alltid opphavet og røtene som betyr mest, men dei eigenskapane ein tillegg staden og tinga. Mest einkvar ting kan vera symbol for ei stemning, ein stad, ei hending. Det er konsumpsjonen og ikkje produksjonen som er viktig for kjøparen. I turistane si jakt på det unike og det ekte, skulle ein likevel tru at eit produkt med lokal karakter og god design skulle vera eit godt utgangspunkt for såvel inntektsgjevande arbeid som autentiske minne.

Ryfylkemuseet har ut frå dette foreslått å gå vidare

med dei forslaga som kom fram i prosjektet «Ryfylkeprodukt — frå ide til næring», og samarbeider for tida med foreninga Ryfylkeprodukt om planlegging og finansiering av ei bok der vi vil løfte fram god husflid frå Ryfylke, både frå gammal tid og slikt som blir produsert i dag.

Til så lenge håper vi lesarane vil gle seg over den husfliden vi presenterer i dette nummeret av Folk i Ryfylke. Etter å ha lese artikkelen til Svein Molaug om rosemafinga i Ryfylke, og det portrettet Tora-Liv Torsen teiknar av treskjæraren Martin Helle, kan vel ingen

vera i tvil om at vi har eit solid fundament for produksjon av kvalitetsvarer frå Ryfylke. Den store aktiviteten som blir skildra i artiklane om husflidslaga skulle bera bod både om engasjement og evne når det gjeld å bygge vidare på det som ligg føre av kunnskap og tradisjon.

Vi er klar over at vi kunne ha skrive om meir, og om fleire, men håper likevel at dette kan vera eit lite bidrag til meir kunnskap om dei verdiene som ligg i dei tradisjonane, den kunnskapen og det handlaget som er knytta til produksjon i smått.

Pinnhuer frå Suldal

AV ANNE MARGRETHE MYHRE

Hausten -94 starta Suldal Husflidslag ein studiering som ville sjå på den spøta pinnhua som er i Ryfylke-museet si samling på Kolbeinstveit. Me ønskte å sjå på bordene og fargesamansettjinga, og nytta dette som utgangspunkt for nye spøtaplagg. Ingen av deltakarane i studieringen hadde utdanning eller yrkeserfaring som kunne hjelpe oss i eit slikt arbeid. Det me hadde å byggja på, var ei felles interesse for spøting og for lokal tradisjon. Dette utgangspunktet førte naturleg nok til fleire diskusjonar om korleis me skulle gå fram i arbeidet. På mange vis kan ein seia at vegen vart til medan me gjekk han. Det er og gjort ein del arbeid etter at studieringen formelt var avslutta. Det er resultatet av arbeidet i og etter denne studieringen som vert presentert i denne artikkelen.

Suldal Husflidslag vart starta i oktober 1992, og laget har nå 37 medlemmer. Laget er tilknytta Norges Husflidslag, som er ein landsdekkjande organisasjon med over 20.000 medlemmer.

Norges Husflidslag har som mål at det skal vera mogeleg for alle som bur i Noreg å oppleva gleda ved å skapa og bruka gjenstandar med røter i folkeleg tradisjon. Laget skal arbeida for å styrkja den levande husflidstradisjonen i Noreg ved å organisera aktivitetar og tiltak som utviklar husflidsfagleg interesse og kunnskap, produksjon og omsetnad. Dette er samanfatta i mottoet: «Nærleik og glede».

Desse tankane er grunnlaget for all aktiviteten i Husflidslaget. Gjennom arbeidet med pinnhuer frå Suldal, har me i Suldal Husflidslag kjent kor godt orda nærleik og glede dekkjer arbeidet vårt. Pinnhuene er laga og brukta av tippoldeforeldrene våre, dei er spøta av heimespunne ull, etter tradisjonelle mønster, men kvar av dei med sitt sær preg; røter, natur, skaparevne, godt handverk og mangfold.

ARBEIDET

Pinnhua vart lokalt kalla pikhuva i eldre tid. Pik tyder berg eller topp. Ivar Aasen har forklara ordet pikhuva som "hue med spids Top".

Me hadde bestemt oss for å ta utgangspunkt i den gamle pinnhua som ligg i bygdetunet Kolbeinstveit. Den har to ganske detaljerte border som kunne vera gode utgangspunkt for å setja saman nye strikkemønstrar. Det gjekk ikkje lange stunda før me skjøna at dette ikkje var den einaste pinnhua av dette slaget. Me hadde sett liknande huer i ulike bøker, og i samband med den nye mannsbunaden frå Rogaland. Det vart klart for oss at dei hadde fleire ulike huer på Stavanger Museum. Det var og ei i Norsk Folkemuseum si samling på Bygdøy. Utifrå det materialet me hadde funne, laga me ein liten artikkel til lokalavisa Suldalsposten. Dette sette oss i kontakt med bygdefolket, som kunne fortelja om fleire huer rundt omkring på gardane i Suldal. Det å samla mest mogeleg informasjon om flest

mogeleg huer vart no vel så viktig som å arbeida vidare med mønsteret frå Kolbeinstveit-hua.

Me har vore aktivt ute i lokalsamfunnet og vist fram pinnhuene på utstillingar og skrive om dei i lokalavisa. Dette har ført til at nokre folk har tatt kontakt med oss og gitt oss informasjon. Andre har me sjølv tatt kontakt med, og spurt direkte om dei har slike huer heime på sin gard. Etter 1/2 år med etterforsking har me registrert og fotografert 11 pinnhuer. I tillegg har me hørt om fleire andre som me anten ikkje klarer å spora opp, eller som me veit er kasta eller er brunne opp. Det er og svært truleg at det finst huer som me ikkje har hørt om i det heile.

I tillegg har me leita opp ein god del skriftleg informasjon. Dette har vore eit heilt etterforskningsarbeid, fordi det er svært lite som er skrive direkte om pinnhuene. Dei er berre nemnde med eit par liner inne i andre artiklar. Like tilfeldig er funn av biletar av folk med pinnhuer på hovudet. Me har funne nokre gjennom kontakt med bygdefolk. I tillegg har me studert gründig, alle lokalhistoriske bøker som me har kome over, og gått igjennom biletarkivet til Ryfylkemuseet. Samla har me funne 4 gamle biletar og ein teikning.

Dei 11 huene me har hatt tak i, har me registrert på kort frå NKKM (Norsk Kunst- og Kulturhistorisk Museum). Her er det biletar av kvar hue, opplysningar om materiale, fargar, mål osb. I tillegg er det registrert brukar, produsent og alder om det er kjent, og namn på noverande eigar. Desse registreringskorta vil gå inn i Ryfylkemuseet si samling.

Me har også, for eige bruk, teikna av mønsteret i alle bordene, og spøta kopiar av dei ulike huene. For oss var det viktig å kopiera huene for å prøva garntjukkelse og strikkefasthet. Det å få til flossekanten var ei stor utfordring og ein tolmodighetsprøve. Det var også viktig å ha kopiane å visa fram for å få kontakt med



Gunnbjørg Kvarstein og Jorunn Stråpa er i arkivet på Stavanger Museum og studerer pinnhuene der.

folk som har slike gamle huer heime. Det ville vera vanskeleg, og eit stort ansvar, å låna originalhuene til utstillingsbruk.


Som ein del av arbeidet i studieringen hadde me eit ope møte med temaet: Mønsterteori. Med oss på dette møtet var Liv Inger Eie som då dreiv strikkebutikken Sting på Sand. Ho viste oss korleis me kan ta ut ein liten del av eit eksisterande mønster og ved hjelp av to speglar og setja isaman heilt nye kombinasjonar, der ein likevel kan sjå att utgangspunktet. Dette prinsippet har Jorunn Stråpa bruks og laga ein jumper med fleire av bordene frå pinnhuene, som ho har sett saman på ein heilt ny og meir moderne måte. Denne jumperen vert beskrive grundigare seinare i artikkelen.

Før temamøtet om mønsterteori, hadde me sjølv sett igong med å prøva å bruka bordene på ulike måtar. Me valde å bruka den midterste borda på hue nr. 8, den som ligg på Folkemuseet på Bygdøy. Ut frå denne borda spøta me barneklede i str. 2 år. Det vart til slutt 2 draktar, ein jentedrakt med skjørt, jakke og kvit bluse med borda brodert på hals- og armlinningar, og ein gu-

tedrakt med jumper, hue, leggvarmarar og vottar. Me prøvde og å overføra borda til andre handarbeidsteknikkar som korssting, hardangersaum, klostersaum, uttrekksaum og vefing. Resultatet av dette vart noko varierande.


HUENE

Nedafor kjem ein presentasjon av pinnhuer fra Suldal. Kvar hue vert vist med foto og mønsterbordene i tillegg til det me har av historisk informasjon.




Hue 1:
Eigar: Ryfylkemuseet, Kolbeins-tveit. Ingen opplysningar!

RYFYLKEMUSEET



Hue 2:
Eigar: Stavanger Museum.
Hua er kjøpt av fru Oline Vårvik,
Suldalsosen i 1927. Hua er spøta
ca. 1860. Me veit ikkje kven som
har spøta ho. Det er denne hua
som er bruka til den nye bunads-
hua. Hua er ein del av Husflids-
kalenderen 1985.


FRU OLINE VÅRVIK



MARTA FISKETJØN




Hue 3:
Eigar: Stavanger Museum Hua er ei gâve frå Marta Fisketjøn Ho er spôta av Valborg Eriksdtr. Fisketjøn (f. 1834), omlag 1850, og vart bruuka av bror hennar, Samson Fisketjøn. Det er denne hua som er avteikna i Magnus Våge sitt hefte om Rogalandsbunaden.




ALBERT LOFTHUS



Hue 4:
*Eigar: Stavanger Museum Muse-
et har kjøpt hua av skomakar Albert
Lofthus i 1937 for kr. 5,-. Albert
var son til Lars Lofthus som er
avbilda som brukar av neste
hue, nr. 5 frå Bakka (Bakka og
Lofthus er bruk under same
garden). Me veit ikkje kven som har
spôta denne hua, men ho er frå
omlag 1870-1880.*



LARS BAKKA



Hue 5:


Eigar: Lars Bakka, Kvilldal. Denne hua vart brukta av Lars Lofthus, f. 1813 d. 1909. Me veit ikkje kven som har spøta ho, men ho er frå 1870-1880. Lars Lofthus har denne hua på seg på eit fotografi der han sit på dørtrammen saman med 3. kona si, Martha. Han vart også teikna med hua på seg av Rikard Berge i 1902. Berge var ute for å samla lokalt visestoff, og sat heime hjå Lars som dengong var 90 år gammal. I ein artikkkel i Stavanger Turistforening si årbok for 1928, fortel han at Lars sat og mimra fram den gamle "Vågsvisa" og "skaut spythuva lenger att".



Lars Lofthus og kona Martha.




Lars Lofthus, teikna av Rikard Berge i 1902.




Hue 6:
Eigar: Tor Øystad, Kvilldal. Hua er spøta av Kari Olsdtr. Øystad kring 1900. Dette er eihue som ho laga til barnebarnet sitt, Odd Øystad, då han var omlag 10 år gammal.

TOR ØYSTAD



Hue 7:
Eigar: Paul Lofthus.
Truleg er også denne hua spøta av Kari Olsdtr. Øystad. Ho var også bestemor til Pål Larsson (f. 1890) som var bestefar til noverande eigar. Hua er svært lik den på Øystad, og garnet ser ut til å vera det same.


PAUL LOFTHUS



Hue 8:

Eigar: Norsk Folkemuseum, Bygdøy, Oslo. Dei har kjøpt hua av Kristoffer Sydnes frå Førde i Sunnhordland. Diverre har me ingen sikre opplysningar om kven som har laga eller brukta hua. Etter å ha studert mønster og garn i hua, trur me at det kan vera Kari Olsdtr. Øystad som har spøta denne og, kanskje særskilt til Kristoffer Sydnes som var lærar i Kvilldal, og ein kjend samlar. Foto: Norsk Folkemuseum (neg. nr. 767-15)


NORSK FOLKEMUSEUM




Hue 9:

Eigar: Klara Stråpa sine arvingar. Denne hua vart brukta av Jonas Østerhus (f. 1819, d. 1900). Me veit ikkje kven som har spøta hua.


KLARA STRÅPA SINE ARVINGAR



TONE VASSHUS



Hue 10:
Eigar: Tone Vasshus
Biletet syner ein kopi spóta av Sissel Moe Lund. Denne hua vart bruka av Rasmus Vasshus (f. 1830, d. 1923). Han var bror til kona til Jonas Østerhus som bruksa den forrige hua. Det har ikkje vore råd å sjå originalen av denne hua fordi ho ligg så godt nedpakka at det ikkje har vore mogleg å finna henne fram. Våre opplysningar er difor frå Sissel Moe Lund som har sett hua ein gong tidlegare. Me har og fått låna foto og avteikning av mønsteret frå henne.



KARI SUKKA



Hue 11: *Eigar: Kari Sukka, Kvilldal Første kjende eigar var Peder Paulsen, Sukka, f. 1884. Truleg er hua ein del eldre, i alle fall ein generasjon.*

Me har prata med Ingeborg Havrevoll i Hamrabø, og ho kan minnast at det var ei slik pinnhue der på garden då ho kom dit. Den er no komen bort. Ho kan også hugsa at Karl Lalid hadde ei slik hue på seg på ein juletrefest på Hamrabø då han var ung (omlag 1950). Me har også prata med andre som seier at dei hugsar at det har vore slike huer heime hjå dei, men det er diverse ikkje mogeleg å spora desse opp att nå.

På Norsk Folkemuseum har me funne ei hue som dei har fått frå Valle i Setesdalen (kjøpt av A. Hellebyrkje). Ho er elles av same sorten som våre "Suldashuer". Det er mykje truleg at ho er komen over fjellet frå Suldal då det på slutten av forrige århundre var mykje trafikk over fjellet mellom Suldal og Setesdalen.

I Rikard Berge si bok om Myllarguten, skriv han at Myllaren fekk ei pinnhue i gáve ein gong han var oppom Hamrabø på veg heim frå Stavanger; "Paa Tveitane fekk han mat og drikke. Og daa vilde han spela. Han sat spela heile utlangende vaardagen; for de var jonsok-leite. Kjeringi gav honom ei pinnhue i fela. "Aa aa-hm! dæ ska bli fèr `n Augonn. Tru eg hadde hatt ei fèr `n Rikkar au" sa han, han var so fegin for gaava" (Augun var far hans, og Rikard var svigerfaren).

Materialar:

Huene er spøta av heimespunne, og truleg også heimefarga garn. Garnet er svært tynt. Det er mest uråd å finne like tynt ullgarn i sal i dag. Nokre gonger er det brukta bomullsgarn i det kvite mønsteret. Dette kan vera fordi bomull held seg kvitt, medan ull gulnar. Inni huene er det ein fald som går omlag opp til første borda. Denne er i ufarga ull.

Fargar:

Pinnhuene er anten svarte, mørk blå eller mørk grøne i

botn med klart skilde border i raudt og litt kvitt og på nokre også litt grønt.

Garnet er nok heimefarga, men mange av ingrediensane er kjøpte. For å få den blåsvarte botnfargen, måtte ein bruka indigo (ei plante som veks i India og Vest-India). Dess fleire gonger ein duppa garnet i fargebadet, dess mørkare vart resultatet. Til den raude fargen, brukta ein krapp (plante frå Sør-Europa) eller kochenille (skjoldlus som lever på kaktusplanta m.a. i Mexico og Algerie). For å få grønt kunne ein bruka bjørkelauv, marikåpe eller pors.

Fasong:

Huene er opptil 45 cm lange. Dei smalnar av jamnt oppover. Bordene stemmer ikkje over kvarandre, fordi dei har felt av også midt inne i bordene for å få jamn fasong på huene. Alle huene har dusk i enden i same fargane som resten av hua, og alle har flossekant nederst.

Mønster:

Nokre av huene har 2 border, andre har 3. Studieringen har teikna av 29 border. I utgangspunktet tykkjest dei vera svært like, men ingen av dei er heilt like. Det er tydeleg at det har vore visse grunnreglar å gå etter, men ein kopierte aldri.

Mønsterbordene er bygd opp på same måten, med ei hovudbord med rett raud kant over og under. Inni hovudborda er det ofte firkantar som står på spissen, det me kallar «fugleaugo». Men det kan også vera krossar, annakvar på kryss og tvers. Utafor er det ofte små taggekantar. Ytterst er det ei mindre og luftigare bord som er ulik over og under hovudborda.

Det er også mønster i flossekanten. Her er store raude firkantar med ein kvit prikk i kvart hjørna. Om det er grønt med i hua, er det ein grøn prikk midt inni den

raude firkanten. Mellom desse firkantane er det fem prikkar, som på ein terning, anten i raudt eller grønt.

Særtrekk

Kva er det så som skil desse huene frå alle dei andre pinnhuene som finst rundt omkring i landet?

Den største skilnaden finn me i dei store bordene med like store mørke felt mellom. Dei huene me kjenner frå Hordaland har bordene tettare saman eller heile hua er mønstra. Ei av desse har kvite luser i det feltet som på våre huer er einsfarga. Nokre av Hordaland-huene har heller ikkje flossekant nederst, berre ei bord med kjedemaskar i ulike fargar. Også huer frå Telemark har mønster. Men elles i landet er huene oftast einsfarga, eller har ein farge på hua og ein annan på flossekanten.

Eit anna typisk trekk for Suldalshuene, er “fugleaugeborda” som er svært mykje bruka. Det er påfallande at ein ikkje finn åttebladrosa i mønsteret. Både huer frå Hordaland og huer frå Telemark har åttebladsrosa i mønsterbordene. Magnus Våge skriv elles at åttebladsrosene går att på spøta sokkar og vottar frå Suldal.

Når det gjeld fargane, er Suldalshuene nokså like huene frå Hordaland. Huene frå Telemark skil seg svært ut på fargane då dei er laga i to nyansar av same farge, t.d. lys og mørk blå.

HISTORIA

Dei eldste huene me har registrert er laga kring 1850 - 1880. Nokre er laga så seint som 1900. Spøting med to fargar kom til Noreg kring 1820, og dette spreidde seg som ein vind over landet.

Så langt me har funne ut, er desse pinnhuene berre nytta til kvardagsbruk. I Magnus Våge sitt hefte om Rogalandsbunaden (1927), seier han at Inga Underbakke (f. 1850) hugsa at far hennar brukte pinnhue,



Lars Torkelson saman med døttrene sine på Helganes, tatt av N.O. Reppen kring 1900.

men berre i heimetunet. Til høgtid blei det brukta ein svart eller brun filthatt med høg koll (pull) og flatt brot ikring.

På det gamle biletet frå Helganes, tatt kring 1900, ser ein Lars Torkelson med rive i handa og pinnhue på hovudet. Ein kan sjå mønsteret i flossekanten og første borda akkurat der toppen vippa over til eine sida. Dette biletet kan vera med på å bekrefa at pinnhuene var til dagleg bruk og ikkje til stas slik ein ofte trur i dag.

Som tidlegare nemnt, er ikkje pinnhue i seg sjølv eit særtrekk frå Suldal. Ein finn spøta pinnhue som ein del av folkedrakten fleire stader i Noreg. Nokre stader blir det brukta ulike fargar etter kva status bæraren har, t.d. gift eller ungkar. Dei første spøta huene som er nemnt i Noreg er ei “bundingslue” på Nannestad i 1735 og i 1739 er det nemnt ei på Ringebu. Det vart ikkje vanleg å spøta med to fargar før kring 1820.

Raude pinnhue har vore eit fridomssymbol. Dei fleste hugsar EF-kampen i 1972. Mange hugsar raude pinnhue frå 2. verdskrigen. Under den franske revolu-

sjonen i 1789 tok jakobinarane på seg rauda pinnhue som eit samlande symbol. Førebiletet deira var den fryske hua, eit eldgammalt fridomssymbol som ein brukte i Frygia i Lilleasia i oldtida. No er det stort sett berre julenissen att som brukar raud pinnhue.

SULDALSHUA SIN PLASS I DAG


Det er heilt tydeleg at pinnhue er noko som folk har hatt ynskje om å ta vare på. Av dei 11 huene som me har registrert, er 6 i privat eige. Me trur heilt sikkert at det finst fleire huer rundt omkring i Suldal, ikkje alle har oversikt over kva som ligg bortgøymt på loft og i kott. Sjølv om dette har vore kvardagsplagg, er det lagt ned så mykje arbeid og flid i huene, at ein må ha stor vørndnad for den som har laga dei. Det er særleg kjekt når me veit kven som har spøta dei og kven som har brukta dei. Denne informasjonen er dverre gått tapt for nokre av dei huene som nå er eigd av museer.

Dei huene som er offentleg tilgjengelege er ofte blitt nytta som inspirasjonskjelde for folk som har arbeidd med drakt og drakt-design.

I hefte om Rogalandsbunaden som Magnus Våge gav ut i 1929, er det ein fargelagt teikning av den pinnhua som Valborg Eriksdtr. Fisketjøn, spøta i 1855. Dette heftet er framleis i sal på Husfliden i Stavanger.

Til den nye mannsbunaden for Rogaland som vart laga i 1980-åra, høyrer det med pinnhue med sulfalsmønster. Dette er ein kopi av den hua som Stavanger Museum kjøpte av fru Oline Vårvik, Suldalsosen i 1927. Det er denne hua som er med i Husflidskalenderen for 1985.

Den mest kjende pinnhua er likevel den som ligg på Norsk Folkemuseum i Oslo. Denne har vore nytta som utgangspunkt i nye strikkemønstrar i mange ulike høve. Første gong denne hua er vist, er i Anniken Sibbern Bøhn si bok "Norske strikkemønstre" som kom ut



Jumper designa og spøta av Jorunn Stråpa.

i 1927. Deler av desse bordene er seinare mykje bruka i strikkeoppskrifter m.a. frå Sandnes Ullvarefabrikk.

I 1932 vann Alette Bull ein strikkekonkurranse i Chamonix med ein genser med «fugleaugeborda» på. Den er heilt tydeleg inspirert av Annichen Sibbern si bok. Denne hua er òg avbilda i boka «Strikking i Norge» (1987).

VIDARE ARBEID MED UTGANGSPUNKT I HUENE

Me i Suldal Husflidslag har eit ønskje om å nytta huene som inspirasjon og utgangspunkt for nye strikkemønstrar. Med dei 29 bordene me nå har frå pinnhue, er det uendelege muligheter for nye strikkedesign.

Jorunn Stråpa har gjort ein god start på dette arbeidet med den genser som ho har laga. På bolen har ho bruka den nederste delen av midterste borda på hue nr. 9 som ho har sett vertikalt og side om side. I tillegg bytter ho botn- og mønsterfarge for kvar to rader. I bærestykket har ho bruka nederste delen av nederste borda på hue nr. 4 og sett dei like over kvarandre og parallellforskyve dei. Dette gir eit mykje meir moderne uttrykk enn dei breie bordene som går i ringar rundt, slik som på pinnhueene. Rundt linningar og i halsen, og mellom bolen og bærestykket har ho sett inn små detaljer frå pinnhuebordene for å binda dei ulike delene saman.

Anne Margrethe Myhre (35) er styremedlem i Suldal Husflidslag. Ho er busett på Sand og har arbeidd som teknisk teiknar og kontormedarbeidar på eit arkitektkontor. Nå er ho student ved Universitetet i Bergen.

Dei som var med i studieringen: Inger Sofie Slåtto, Gunnbjørg Kvarstein, Torill Telstad, Jorunn Stråpa, Trine Larsen, Bjørg Jorunn Myhre og Anne Margrethe Myhre.

LITTERATUR:

- Rikard Berge: Folke- og bygdediking i Suldal, Stavanger Turistforenings årbok 1928, Stavanger 1928
- Rikard Berge: Myllarguten/Gibøen, minneskrift til 100-års høgtidi, utgåve v/Olav Fjalestad, Noregs Boklag 1972
- Anniken Sibbern Bohn: Norske strikkemønstre, Oslo 1927
- Fossnes: Norges bunader og samiske folkedrakter, 1993
- Halvard Hoftun: Gamle Suldal Gards- og Ættesoge, Bergen 1972
- Halvard Hoftun: Kulturhistorie for Suldal, Gamle Suldal, 1982
- Kjellberg, Gravjord, Rosander og Svendsen: Strikking i Norge, Oslo 1987
- Sissel Moe Lund: Pinnhuer frå Suldal, med slektningar i inn- og utland, 1994
- Annemor Sundbø: Kvardagstrikk, kulturskattar frå fillehaugen, Oslo 1994
- Magnus Våge: Klæbunaden frå gamal tid og litt um heimearbeidet i Suldal, Stavanger Turistforenings årbok 1928, Stavanger 1928
- Magnus Våge: Rogalandsbunaden, Stavanger 1929
- Aasen, Ivar: Norsk ordbok
- “Pinnhua”, mønster utarbeidd av bunadsnemnda, 1989
- Norges Husflidslag: Jubileumskalender, 1985

Rosemåling i Ryfylke

AV SVEIN MOLAUG

Rosemålinga i Ryfylke har røtter i fleire bygder. I denne artikkelen skriv Svein Molaug om halligdalsmålarane, telemarksmålarane og vestagdermålarane. Dette var rosemålarar som følgde ferdelsvegane vestover og sette spor etter seg i stover og buer. Det var først mot slutten av 1700-talet rosemålinga fekk feste i Ryfylkebygdene. Forklaringa på dette meiner Molaug ein må søke i dei økonomiske forholda og i leveviset til folk.

I åra rett før siste krigen, drog eg ikring på bygdene i Ryfylke og sanka materiale til ei oppgåva om dekorativ måling. Denne artikkelen er bygd på det tilfanget eg samla. Meir enn femti år er gått sidan eg sluttta å studera rosemåling. Mangt er kome til sidan av nyttilfang, men dette nye har eg ikkje hatt stunder til å arbeida inn i denne artikkelen.

Frå gamalt av kjende bygdefolket i Ryfylke vel til måla dekor. Dei kunne sjå slikt i kyrkjene, der dugande handverkarar hadde skapt festlege interiør. Bladverk og blomar leika seg i glade rytmer over veggene, og englar, bibelske personar, sol, måne, stjerner og merkelege fabeldyr nørte opp under fantasien hjå dei kvardagsslitne kyrkjegjengarane.

Måla dekorasjonar i heimane derimot, var det lite av i eldre tid. Berre på nokre få større gardar var det buer med veggdekorasjonar, laga av faglærte målarar. Denne veggpynten var truleg av same slaget som den me finn i bergenkske sjöbuer frå 1600- og fyrste helvta av 1700-talet.

Eit døme på det er ei målabu på Håland i Erfjord. Nedst på veggene har det vorte ei arkaderekkja. Over den buktar seg horisontale band med eit slag marmorering.

Over desse banda har det vore ein frodig dekor av grøngrå og rustraude blad, pærer, epler, druvelasjar og her og der ein kerub. På dei seks takbjelkane er måla moralske fyndord. Sume av innskriftene kan vera henta frå Peder Paladius' «Rimstock for Børn». Bua må truleg vera dekorert på midten av 1600-talet.

«Hommanstovå» i same huslåna, hadde også dekorerte vegger, men den var det ein annan mann som måla i. Ei halv mils veg frå Håland var det ei måla bu på Kilane, og ennå ei på Ås i Dravik i Hylen og ei på Bjerga. På Røpeid reiv dei 1844 ei gamal «rosebu», som truleg hadde vore overmåla av ein hallingdøl, slik som det hende med Lølandsbuå.

Det er ikkje urimeleg å tru at stovene på vanlege gardar vart pynta med «kroting» til fest og høgtider. Prosten Heltzberg har ein akvarel av eit interiør i Hardanger, og der er veggene krota. Eilert Sundt skriv om røykstovene frå Møre til og med Ryfylke, at kroting var vanleg der. Diverre nemner han ikkje einskilde distrikt.

I røykstovene var veggene svarte av sot. Det var lite gagn i å bruka kostesam oljemåling på dei. Derimot kunne dei bruka krittmåling, som skulle stå berre ei stutt tid.

Målastova på Håland var mellom dei første husa utanom kyrkjene der veggene og tak blei dekorerte. Nå er det berre i taket ein kan sjå korleis det var. Målastova høyrer Ryfylkemuseet til, og vil gå inn i det museumstunet som er under utvikling på Håland.



Dekoren vart strika opp eller stemla på veggen, og det var stort sett geometriske mønster. Alt dette vart nokså fort sota til, og det er ikkje bevart noko av krotinga fra Ryfylke. Det einaste vitnesbyrdet om at slikt har funnes her, er i krittmalinger under kistelokk. Der finn vi stundom geometriske mønster, som liknar på veggkrotinga.

I vanlege heimar later det til at rosemafåringa fyrst dukkar opp i andre helvta av 1700-talet. Av dei 543 daterte rosemafåringane eg registrerte, laga eg ei grafisk framstilling. Den syner korleis rosemafåringa, etter ein noko famlande start, vaks seg sterkt og mangslungen i fyrste halvparten av 1800-talet. Etter den tid dala kvaliteten. Eike- og mahognymålinga tok over etter kvart.

For å skyna bakgrunnen for denne oppblomminga av rosemafåringa i Ryfylke, må ein taka omsyn til dei særlege tilhøva der, både dei økonomiske og dei som har med levevis å gjera.

L. H. Bing roser i 1796 ryfylkebøndene for at dei stel-

te bra med jorda og gjødsla godt. Etter som det var bra beite og utslåttar i dalsidene og på fjellet, kunne dei nyitta bøane til korndyrking. Større bruk produserte korn og mjøl, som dei kunne selgja til folk som kom frå innlandsbygdene. Der var det skort på korn. I elvane gjekk det laks, og den ga også inntekter. Særleg i nordre luten av Ryfylke var det god skog, og den ga verdfull eksportvare. Ikke så få, ikkje berre bønder men også husmenn, var med på sildafiske. Dei økonomiske tilhøva vart romsligare ikring år 1800.

Alle desse inntektene, som kom i tillegg til den vanlige gardsdrifta, gjorde at mange såg seg råd til å kjøpa seg tenester frå tilreisande. Frå Hallingdal, Setesdal og Telemark kom det mange for å sökja arbeid i Ryfylke og i kystbygdene. Mange tok seg teneste på gardane. Smedar, murarar og andre handverkarar tok førefallande arbeid. «Austmennene» kom til fjordbotnane og fekk låna seg båt, så dei kom til Stavanger for å skaffa seg naudturvele-

ge varer. Mange kom til marknadene. Frå Ryfylke gjekk driftvegane austetter. All handelen førte med seg stor ferdslle. Det var langs desse ferdelsvegane dei fyrste rosemålarane kom. Dei drog ikking på gardane og dekorerte stover, kister, skrin og anna.

HALLINGDALSMÅLARANE

Lars Aslagsen Trøttagon

I slutten av 1700-åra lettar skodda, som har lege lik ei dimma over rose målinga i Ryfylke. Nå får me plutseleg landkjennung. Målinga i Lølandsbunå i Sand er ein staselleg overture.

Langs veggene går det under taket kjetlar, og der står det med gotiske bokstavar skrive: «Den som haver fondret denne malning er obsalveret af en halling ved navn Lars Aslagsen Maaler» og at målinga er utført 1797. Dette «obsalveret» kan tyda på at målaren hadde sett ei eldre måling då han kom dit, og at han har friska den oppatt. Både Robert Kloster og Agnethe Mohn er inne på den tanken. Det er ikkje mykje som vitnar om den eldre målinga, men noko er der: Nederst har det vore eit draperi, og over det greiner, lauv og granateple. Men Lars Aslagsen har ikkje kjendt seg bunden av den eldre dekoren. Han hadde sin eigen stil.

Motivene er bladverk med rosor, tulipanar og granatapleliknande blad mellom lauvet. Det er ein elegant leik med rytmiske linjer. Rokokkoens stil pregar dekoren. Innimellan finn me figurar, t.d. Samson som «sønderslider løven». Sjølv om fargane i taket ikkje er særleg vel lukka, har ornamenta same ledige elegansen. På takborda finn me ein verden av underlege dyr og overnaturlige vesen. Der er kamel, havhest, havfrue, basilisk og ein einhørning. Sume av figurane er henta frå «Bibelske Hovedsprog».

I vegg- og takmålingane er nytta krittmalning, og farga-



Kister og ei dørfylling måla av Lars Aslagsen Trøttagon. Dørfyllinga er frå Østerhus i Hjelmeland. Foto: Julius Bårdsen. Ryfylke-museet har fått som gavé fotoarkivet etter Julius Bårdsen, bokhandlaren og kulturarbeidaren frå Sand. Mellom fotografia er det mange foto av rose måling.

ne er noko tame. Felt i døra og på sengene er dekorerte med oljefargar, og dei har livlege og lysande kulørar.

Ikkje langt frå Løland ligg Bjerga. Bua der vart riven, men ein del av inventaret er i Stavanger Museum. Det var truleg Robert Kloster som skreiv ned det kona på Hylen fortalte om bua. Ho sa at det var Lars Aslagsen Dragetun som hadde måla den. Mellom figurane var Samson og løva. I taket var fabeldyr, stjerner o.a. Inventaret som er i Stavanger Museum, syner at det var meisteren frå Lølandsbuå som hadde vore også her.

Opplysningsa om at han heitte Dragetun er interessant. Randi Asker fann at i folketellinga 1801 for Hallingdal stod: «Lars Aslagsen logerende paa Traggeton, 30 Aar, ugift, maler». Han var altså mellom 26 og 27 år gammal då han dekorerte Lølandsbuå.

Hadde det vore berre veggmålingane me måtte byggja på, ville me stått utan noko serleg inntrykk av hallingdalsinnslaget i Rogaland. Men det finnест eit rikt materiale av kistemålingar.

På Ropeid måla han ei kiste 1796. 1798 har han måla ei kiste i same stilten som han nytta i Bjergabuå. På nokre kiste finn me hus eller figurar som t.d. oberst Krusa og kjempa Roland. Desse kistemålingane syner at arbeidet i Ryfylke frå 1796 til og med 1799. Då drog han heim til Hallingdal. Det er mogleg at den som eg har kalla «Kjempemålaren» kan vera Lars Aslagsen, og at han soleis drog til Ryfylke enn ein gong.

KJEMPEMÅLAREN OG BLOMEMÅLARANE

På ei kiste datert 1799 er ein dekor, som syner sterkt slektskap med Lars Aslagsens stil, men skrifta er annorleis. I Vikedal dekorerte han eit skap i året 1800. Her er det noko heilt nytt. Ei stor rose står midt i feltet, og over den veks det fram to firbladblomar og ein tulipan. Rosa i denne formen skal vi seinare møta hjå fleire målarar i Ryfylke. I same stova er ei dør, og der rir ein kar i full

mundur og med tresnuta hatt. Under står: «Holger danske vant seier over Burmand». Eg har kalla denne dekoratøren «Kjempemålaren» i mangel av noko betre namn.

På fleire skap og dører har han plassert praktfulle rocailler. Hans stil er vaksen ut frå hallingdalsmålinga, men den har truleg fått tilskot frå dekor her vest, detaljar som ikkje høyrer heime i hallingdalsmålinga. Arbeida hans daterar seg frå 1799 til 1802. Det var truleg han som la grunnen til den lokale ryfylkestilen.

Det var fleire som drog ikring og dekorerte kister o.a. Det typiske for desse «blomemålara» var at dei let ei bladgrein veksa ut på kvar sida av låsen. Greinene vart pynta med rosor og tulipanar. Eit anna mønster var det å måla ei skjoldforma innrāming om initialer og årstal og plassere rosone symmetrisk om dei. Bladverket er oftest redusert til parvis markering av blomane.

KRYSANTEUMSMÅLAREN

Alt i 1805 finn me ein kar som byggjer vidare på «Kjempemålaren». Han nyttar krysanthemer i staden for dei vanlege rosene. Også her er det detaljar som vitnar om kontakt med hallindalsmiljøet. Det interessante med denne målaren arbeid er at innrāmingane av initial- og årstalsfelta nå har fått ei fast utforming. Denne målaren arbeidde her mellom 1805 og 1817.

TORGRIM

Denne utforminga byggjer ein elegant målar vidare på. Det er mogleg at han heitte Torgrim, og at han var frå Jelsa, men det er vondt å finna belegg for tradisjonen.

Det fyrste arbeidet vi finn frå hans hand, er ei kiste datert 1814. Dekoren liknar mykje på krysantemumsmålaren, men den er meir spinkel, og ikkje så fast i formen. Same målaren har dekorert ei seng på Jelsa. Nå er formen betre og større. Sidan kjem ei lang rekka kister og anna. Han brukar ein rik variasjon i botnefargen og i kulørane

på blomane. Ei stor rose dominerer mønsteret, og kring den veks blad, mindre rosor og tulipanar. Ofte dannar bladrankar ei råma kring det heile. Sjølv om han kan ha lært mykje av krysantemumsmålaren, brukar han ikkje krysanthemer i sin dekor. Det hender han har figurar i målingane. Denne Torgrim varierar stadig sine mønster, men stilens hans er ikkje til å ta feil av. Han var produktiv, og det er kjendt 30 målingar han har gjort mellom 1814 og 1840.

BLOMEMÅLAREN

Det var mange målarar som farta ikring i Ryfylke. Dei strødde utover kisteframsidene rikeleg med blomar, men framfor alt sterkt stiliserte rosor. Dei lært av kvarandre. Dette miljøet var så sterkt, at tilreisande vart påverka av det. Eit døme på det er ein kar som dekorerte ei kista i Jelsa 1816. Den har ei tung og stiv måling. Etterkvart endra han stilens, og måla meir og meir likt dei andre blomemålarane me finn i Ryfylke. Me har 35 arbeid frå hans hand mellom 1816 og 1849.

Dei eldre blomemålarane fekk etter kvart konkurranse frå yngre målarar. Dei hadde ein svær produksjon. Kvaliteten var middels, men sjeldan heilt god.

Ein av dei var Lars Olsen Nystøl frå Ål. 35 år gammal gifta han seg til Brummeland. Han hadde ikkje vore lenge her før han tok til å etterlikna Torgrims dekor. Daterete arbeid er frå 1831 til 1859.

Nils Sjursen Stølen var fødd i Vikedal. Han plukka opp trekk frå Torgrim og krysantemumsmålaren, men stilens hans var stiv og klumpete. Mot slutten gjekk det heilt ut med han. I kyrkjeboka står det at 1887 døde «ugift legdslem Nils Sjursen Stølen, fød Stølen 1809. Læge ikke tilkaldt». Målingane hans daterer seg mellom 1840 og 1868.

Lars Larsen Lauvsnes fekk heller ingen god lagnad. Han var fødd i Nedstrand, men busette seg på Lauvsnes

på Finnøy. Han var husmann og hadde ei einaste ku. I målingane heldt han seg til Torgrims mønster, men detaljane er spinklare. Han skulle vere flink til å laga mahognymåling. Arbeid frå hans hand daterar seg frå 1848 til 1868. Han døde 1896 som legdslem.

BJØRN ANDERSEN TRELSHOLMEN

Med Bjørn Andersen Trelsholmen når blomemålinga i Ryfylke sitt høgdepunkt. Han var fødd 1790, og var husmann på Mosnes. Etter folketellinga budde han på Fevold i Hjelmeland. Det fyrste arbeidet vi kjenner er gjort så seint som 1829. Grunnen kan vera at han i yngre år arbeidde som snekker og treskjærar. Denne kista tyder på at han var utrena i dekormåling. Hovudtrekka i komposisjonen er dei same som hjå Krysantemumsmålaren og Torgrim. Nytt er dei breide pynteblada og ein karakteristisk tyngde over detaljane. Penselstroka er omhyggelege, og det er ikkje noko slurvearbeit.

Trelsholmen utvikla seg stadig, og han kopierte aldri seg sjøl. Eit nytt motiv finn me på ei kiste frå Strand datert 1835. Det er eit slag krysantemumsknupper, som får ein dominante plass. Det er som han rår or nå. Han varierar både bakgrunn og mønster. Nå finnест det ingen svikt i dei raffinerte penselstroka. På ei kiste datert 1864, er komposisjonen frigjort og usymmetrisk.

Trelsholmen måla også interiører, m.a. ei folgestova på Hovda i Fister. Det heitte seg at han brukte eit år på dette. Det folk minnest etter Trelsholmen, var at han brukte så lang tid på det han gjorde. Han var etterspurt, og engelske oppkjøparar sikra seg mange av hans arbeid.

Utanom snekring dreiv Trelsholmen også med å pota apaltre og dyrka frukttrær. Den eldste broren hans fekk vel farsgarden på Fevold. Korleis han kom til den vesle husmannsplassen Trelsholmen i Grønnevågå, det var det ingen tradisjon om. Det siste arbeidet hans er datert 1864. Trelsholmen var 74 år gammal då og veikhelsa.

Trelsholmen hadde ingen elevar, men ein kar tok opp hans mønster. Det vart elendige kopiar. Dei har berre interesse som døme på sosial lagdeling, der mindre velstårande kjøpte billeg og dårlig måling.

Noko for seg sjølv var ein kar som nytta sjablonar for blomane, men handmåla bladverket.


TELEMARKSMÅLING

Det kom mange telemarksmålarar til Ryfylke, men dei fleste var der aldri lenge. Ein av dei var Leiv Tjøstolvsen Aslestad, som måla her i åra 1819 og 1820.

På 1830- og 40-talet kom mange kjende telemarksmålarar hit, t.d. Folgvar Torjussen Dalen og Thomas Luraas. I Suldal kjente folk vel til «Fillekjetil», Kittil Kittilsen Såheim frå Tinn.

Det kom også folk frå Setesdal, og dei måla i telemarksstil, slik som Knut Buseten Vatnedalen.

Nokre av telemarksmålarane busette seg i Sunnhordland og måla i Ryfylke. Mellom dei kan nemnast Ingebrett Gulleiksen Brekke frå Tuddal. Han budde i Ølen.



Kiste frå Nerheim i Suldal som truleg er måla av Kittel Såheim (Kjetil Kjetilson Soheim). Han var ein vandrande målar frå Tinn som arbeidde mye både i Telemark, Agder og Rogaland. Det er spor etter han i Ryfylke frå fleire turar hit. Foto: Julius Bårdesen.

Ein son av Hans Olsen Glittenberg busette seg i Etne. Endleg må me nemna Frettemålarane Aslak Levat og Tor Firamål.

Sume telemarksmålarar slo seg ned i Rogaland, mest i den nordre luten av fylket. Dei gifte seg og glei fort inn i bygdemiljøet. Dei må reknast som ryfylkemålarar.

Berre ein av dei innfødde tok etter telemarksstilen. Det var Jacob Iversen Midhelgevold. Han dekorerte ein ølbolle 1827 med telemarkspåverka måling. Ettersom han var både snekkar og treskjerar, kunne han fylgja eit interiør frå starten til det var ferdig dekorert. 1854 måla han ei kiste til seg sjølv og skreiv på den at han var fødd 1794. Med åra tvinga den lokale blomemålinga stadig fleire trekk inn i hans stil. Som mange andre målarar i nordre Ryfylke drog han ofte sørover til Høgsfjord og måla der.

Interessant er Helleik Helleiksen Torsnes, som blanda telemarksstilen med den heimlege blomemålinga. Han skulle vera komen frå Tinn, men gifta seg i Suldal. Arbeid etter han daterer seg frå 1829 til 1848.

Mons Målar skulle vera fødd i Røldal kort etter 1800. Han var vidkjend for kjempekreftene sine. Han måla i telemarksstil, og hadde ein fin rytme i dekoren. Arbeid etter han er frå 1836 til 1878. Han levde til bortimot 1880.

Ein av dei mest produktive målarane var Ole Olsen Underbakke frå Sauherad. Han slo seg ned i Suldal. Telemarkspreget er lett å sjå. Det er eit noko stift preg over stilens hans. Arbeida hans er frå 1842 til 1874.

Han hadde to søner, Lars og Ole, og dei for over heile Ryfylke og måla.

VESTAGDERMÅLING

Inntil 1864 var Strand, Forsand og Høle eitt kyrkjesogn. Dette området kallast Høgsfjord. Handelsvegane derifrå gjekk til Vestagderbygdene og midtre delen av Setesdal. Det finnест ein del kister og dører frå slutten av 1700-talet i Høgsfjord. Dei ber alle preg av vestagdermåling, og do-



Ole Olsen Underbakke frå Sauherad var mellom dei rosemålarane som slo seg ned i Suldal. Dørfyllinga som vi her har tatt med er frå Nedre Ritland.

Foto: Julius Bårdsen.

minansen derifrå heldt seg til etter midten av 1800-talet. Nokre ølbollar understrekar det sterke sambandet med

Setesdal. Dei er dekorerte med brurereier eller bibelske motiv.

Eftesdølmålarane i Vestagder har arbeidt i Høgsfjord. Dei laga stift måla blomemotiv med tulipanar og enkle rosor.

«Skjedeknut» var ein kjend målar i Høgsfjord. Han bygde på vestagdermotiv, med ovale blad og enkle blomar. Han var ein omreisande målar, og det er arbeid gjort mellom 1833 og 1860. Ingen visste kvar han høyrd heima.

Ole Targeisen Haaheller hadde ein viss eleganse over stilens sin. Også her er vestagderpåverknaden tydeleg. Gisle Midttun fortel at han var elev av Jørund Tallaksen Tjørhom i Sirdal. Han var fødd 1816 i Sirdal, men som seksåring kom han til Håheller. Han levde på Lund dei siste 30 åra av livet. Om sumaren gjette han sauer i heiane, men om vintrane måla han. Arbeid etter han er frå 1833 til 1864.

Endeleg må ein nemna Tron målar. Han heldt seg til vestagderstilen. Han hadde ingen fast bustad. Om vintrane budde han gjerne på «Stalten», eit tvangsarbeidshus, men han kunne gå ut og inn som han ville.

Rosemålinga var ein leik med form og fargar. Den vitnar om eit mentalt overskot, som stod i kontrast til kvar-dagens beinharde slit.

Martin Helle – ein akantus blant løvetann

AV TORA-LIV THORSEN

Martin Helle er 83 år gammal og har hatt treskjering som leveveg heile si tid. Han er frå Helle i Forsand og her har han drive eigen verkstad dei siste 40 åra. I denne artikkelen skal me følgja han frå dei tidlegaste ungdomsåra, innom Hjerleid Husflidskule på Dovre, til fabrikkproduksjon i Hillevåg og fram til eigen verkstad. Artikkelen tek og for seg ulike sider ved treskjeryrket og ei vurdering av Martin Helle sine arbeid.

Heilt frå tidleg ungdom bar Martin på eit ynskje om å velja ein annan leveveg enn slekta venta av han. I nærmiljøet hans levde kunstnaren Leif Mæle, og hjå han var det impulsar som gutungen Martin saug til seg med opne sansar.

– Å få gå til han Leif, det var som å gå inn i ei eventyrverd for meg. Han måla og skar ut figurar i tre, han spela fele og han fortalte. Leif Mæle var som ein far-



Martin Helle framfor skapet med det rare i. Her har han samla døme på figurar, skåler og skrin som han har produsert. Alle foto i artikkelen ved forfattaren.

geklatt i eit svart-kvitt landskap. Eit landskap av trugne kvardagsslitrarar, arbeidsfolk og vanlege bønder som far min, dei kunne ikkje forstå at eg kunne tenkja på å bli målarar.

– Du må tenkja deg om gut, du må ha noko å leva av, det var omkvedet kor eg kom med framtidssplanane mine, fortel Martin idag, 83 år gammal og framleis aktiv treskjera.

Den kjende soga om odelsguten som ville «svikta» farsgarden fordi han hadde griller i hovudet. Men draumen til Martin blei aldri knekt av kvardagsrealisme. Det var heilt avgjerande faktorar i nærmiljøet hans som gav styrke og mot til å våga det ukjende: Ein mofar som hadde respekt for guten sine evner, og i tillegg var istrand til å gi han ei viss økonomisk hjelp. Og eit sløydkurs med ein dugande lærar og rådgjevar: Sveinung Råmunddal frå Telemark.

Martin opplevde å få så stor grad av tryggleik og tru på eigne evner at han satsa alt på dette: Ei framtid ubunden av gard og grunn – ei framtid i kunsten si verd, full av former og fargar og ei evig leiting etter det fullkomne.

I dag seier Martin det same: – Eg er ennå på veg

framover, blir aldri ferdig utlærd. Det er det som er spenninga og drivkrafa i yrket, ein veit aldri kor grensa går for det mulege. Her er alltid noko å strekkja seg etter.

SLØYDKURSET GAV SIGNAL


Vinteren 1930 blei det starta eit lokalt sløydkurs i Rossvik-grenda i Forsand. Ein av dei påmelde var den 17 år gamle Martin Helle. Han skulle bli kunstmålar, men ein treskjerar frå Telemark kunne det og vera verdt å få med seg. Dette sløydkurset fekk heilt avgjerande innverknad på Martin sitt yrkesval. Læraren Sveinung Råmunddal var ein klok rådgjevar, og kurset blei for Martin ei stadfesting og ei styrking i trua på eigne evner. Han fekk oppgåver innan teikning og utskjering, og dei ferdige produkta talte sitt tydelege språk.

Etter kurset gjekk Martin igang med treskjering for fullt. Det var helst møblar av ymse slag, og salet gjekk strykande.

HJERLEID HUSFLIDSKULE PÅ DOVRE 1933-1935
I 20-års alderen måtte Martin ta eit avgjerande val. Skulle det bli garden på Mæle, eller ei framtid som treskjerar? Han hadde nå brukt fleire år til å prøva ut handverket reint teknisk, og kjende at han var komne til ei grense for kor langt ein kan strekkja seg ved eiga kraft og kunnskap. Morfaren lova økonomisk hjelp, og i 1933 drog Martin til Dovre for å gå på husflidsskulen der. Dugande lærarmeistrar og eit utviklande miljø gav snart resultat.

Undervisninga var delt i ein teoretisk og ein praktisk del. Grunnleggjande kjennskap til ornamentikken, med dyre-og planteliv som førebilde, var eit hovufelt. Akantusplanten blei granska grundig og elevane fekk prøva seg på å byggja opp nye rankar og border ut frå grunnmotiva. Stillæra måtte inn, og alle stilartene blei

modellerte enten i tre eller gips. Elevane skulle ha det inn både gjennom hovud og hand. Teikning var eit viktig fag med to timer dagleg. Elevane fekk elles dra rundt og sjå på alt som fanst av treskurd og målarkunst i Gudbrandsdalen. Eit hav av nye og sterke inntrykk for ein rogalending.



Spegelramme i barokk stil. Dette er eit eksamensarbeid frå Hjerleidske Husflidsskule på Dovre. Martin Helle drog dit i 1933.

– Sjå godt på alt, sa læraren, men ta i det og. Hugs at handa fangar inn noko som auga ikkje ser. Denne lærdommen tok Martin vel vare på, og det har vore ei rettesnor for han heile tida.

Hjerleid Husflidsskule hadde og dugande handverkarar, og den tekniske sida blei aldri forsømt. Kunnskap og eiga røynsle blei bygt opp side om side.

I starten heldt Martin seg til mønster andre hadde komponert og kopierte dei. Det blei helst å koncentrera seg om det handverksmessige i sjølve treskurdten. Etterkvart gjekk han over til å laga sine eigne mønster. Bygde dei opp steg for steg ut frå grunnlæra innan ornamentikken.

Skuleåra på Dovre blei ikkje avslutta med noko svenneprøve som me har idag. Lova om svenneprøve og svennestykke for kunsthandverkarar kom først i 1948. Utdanninga og læretida på Dovre gjekk nå mot slutten, og striskjorta og havrelefsa venta. Heldig den som kunne få seg eit arbeid.

DEI FØRSTE ARBEIDSÅRA – SVEN ANDERSENS MØBELFABRIKK

I 1935 flytta Martin til Stavanger og fekk seg arbeid i Sven Andersens møbefabrikk i Hillevåg. Frå Gudbrandsdalen med rike og levande tradisjonar innan treskurd og rose måling, til Rogaland med funkisstil og rette linjer. Det var ein kontrast og ei stor utfordring.

Aldri hadde treskjerarane hatt magrare kår. Mange gav opp og fann seg meir «matnyttige» yrke. Det var ikkje lenger plass til andreklasses handverkarar, og på «første klasse» blei det og så smått at mange dugande folk gav seg. – Eit tap for yrket og tradisjonane våre i Rogaland, seier Martin og tenker på mang ein yrkesbror som gav opp.

På møbefabrikken fekk Martin ymse slag oppgåver innan serieproduksjonen, og meir spesielle oppdrag. Møblar med utskjeringsar kunne vera alt frå bord, stolar og skap til heile spisestovemøblement, småbord og stolar i rokokkostil, pianokrakkar og diverse småmøblar.

Lønna var god. Kr. 1,60 for timen, medan snikrar den gongen hadde kr. 1,25. Oftast var treskjerarane lønna etter akkord-prinsippet, men hos Andersen fekk alle fast timelønn. Det var med og skapte eit sunt og godt arbeidsmiljø, meiner Martin, og det gav rom for kreativitet og fantasi.

Martin nytta kvar fristund, og med 40 timars arbeidsveke blei det lange kveldar for ei flittig hand. Utskorne bollar og fat, smykkeskrin og tobakksdosar var

i stadig produksjon på fritida. På arbeidsplassen var det rift om arbeida hans, og folk kom med stadig nye ynskje.

KRIGSÅR OG KRISETIDER


I lengda blei det einsformig å skjera ut i møblar. Mykje serieproduksjon etter same mønster. På fritida gjekk det og mykje på dei same produkta. Måtte berre laga det folk ville ha for å kunna leva av det. Martin hadde gifta seg og fått familie å forsørgja. Kunstnaren var ikkje fri som fuglen lenger.



Lampett og tobakksdose frå 1940-åra.

– Eg kjende eg var iferd med å stivna i ei form. Eg fekk problem med å riva meg laus, problem med å følgja fantasien og våga dristige eksperiment. Det var tid for oppbrot. Eg måtte ut av møbelverkstaden. Kanskje det var ei meir usikker framtid som venta meg, men det var avgjerande for mi eiga utvikling.

Då krigen braut ut flytta Martin heim igjen til Forsand, og fekk sin eigen verkstad på Helle. Pryd og brukskunst var satsingsfeltet, og det var stor rift etter



Dyrefigurane blir sjeldan skorne ut etter faste malar. Dei er meir individuelt utforma. Emnet blir avgjeraande for forma

Martin sine produkt. Lite å få for pengane elles, og dei vakre trearbeida var ypparlege som bytevarer.

Innan bruksfeltet kunne det vera: Lampettar og lampeføter, småbord, hyller og skap. Til pryd blei det helst laga smykkeskrin og tobakksdosar, skåler, horn, tiner og ambarar i tradisjonell gudbrandsdals-stil.

I 1946 såg Martin så lyst på framtida innan yrket at han utvida verkstaden og tok folk i arbeid. Broren Gunleif fekk fast arbeid, og han tok seg nå av grovarbeidet. – Han blei igrunnen ganske flink etterkvert, seier Martin med eit smil. Han tok seg sjølv av all finskjering og la alltid siste hand på verket.

HUSFLIDEN, KUNSTHANDLARANE OG PRISEN
Martin kunne ikkje berre satsa på den nære heimemarknaden lenger. Den ville fort bli metta. Han trong eit salsapparat som kunne ta imot større kvantum. Martin heldt seg til det han meistra, sjølve treskjeringa og let andre ta seg av salsarbeidet. Igjen satsa han alt på forhandlarar som stod for kvalitet og dermed etter måten høg pris.

Kunsthandlar Erling Krag i Bergen, M. Andreassen i Stavanger og Husfliden fekk tilbod om å selja produkta hans. «Heimen» i Oslo leverte han og til. Det var Husfliden lite glade for. Dei ville helst kontrollera marknaden og ha rett til einesal. Det gjekk ikkje Martin med på, og han fekk det som han ville.

Når det gjeld prisen på arbeida, har Martin vore konsekvent og sikker i si sak frå første stund: – Eg veit sjølv kva arbeidsinnsats som skjuler seg i det ferdige produktet. Difor er det berre eg sjølv som er i stand til å setja prisen. Denne regelen har det nok blitt akkredert på, men kjøparane har innsett at nettopp prisen fortel kor verdfullt godt handverk er.

I åra før krigen selde han eit par utskorne lampettar for 12 kroner. Same prisen var det på ei mellomstor treskål. Figurane gjekk for 6 kroner. Målt mot timelønna den gongen ser me at Martin fekk betalt som for ein åtte timars dag for eit par lampettar. I dag er prisen for lampettane og treskåla 1200 kroner og figurane går for 800 - 950 kroner. Kjøparane vil nok idag karakterisera Martin Helle sine arbeid som kostbare, men det er i tydinga verdfulle.

STAGNASJONS OG NYE VEGVAL

I verkstaden på Helle surra maskinane jamt utover på 50-talet. Kravet til kvantum og rasjonell drift førte til serieproduksjon. Alt blei nå laga i seriar på minst 10. Kanskje opp i 25 stykke. Igjen dukka stagnasjons-spøkelset opp, og kunstnaren i Martin kom i krise. Ikkje uventa.

Broren ynskte og å flytta på seg, og det kom igrunnen lagleg. Martin gjekk tilbake til ei tidlegare arbeidsform: Han arbeidde åleine i verkstaden, og tok seg av alle prosessar sjølv, frå felling av trevirke til siste finpuss. Han vann over mindre kvantum, men arbeidsglede blei større, arbeidet meir variert og han gav rom for



Gamla grundar på alderen. Trolla er særleg etterspurde blant amerikanarar.

fleire spesielle oppdrag. Fantasien hans fekk ny næring og kunstnaren overlevde endå ei krisetid.

Denne arbeidsforma har Martin halde på heilt frå midten av 50-åra. Spesialoppdrag har det vore mange av. Forsand kommune har vore ein flittig oppdragsgjevar, og elles har det strøynt inn ynskje frå både fjern og nær. Folk som ser produkta hans tek gjerne sjølv kontakt, og får dermed akkurat det dei ynskjer. Amerikanske turistar er sers glade i trolla til Martin, og Husfliden i Stavanger kan omtrent ikkje få nok av dei sommarstid. Folk flest ynskjer seg gjerne ein Martin Helle-skulptur, og dei er nå å finna i mest kvar heim i Forsand-bygda.

SLØYDLÆRAR OG TRESKJERARKURS

I 1974 tok Martin deltidssjøbb som sløydlærar ved Forsand skule. Elevane fekk innsikt og opplæring i eit fag med lange tradisjonar, og mange blei interesserte i dette handverket. Arbeidet i skulen gav også impulsar til Martin. Den som skal læra frå seg blir ganske klar over eigne rammer og ser kanskje somme ting frå nye synsvinklar, seier han idag.

Friundervisninga i Forsand starta og opp med kurs i treskjering, og mange elevar har dermed fått glede av Martin sine kunnskapar. 40 kurs har det blitt opp gjennom åra, og Martin har gjort folk sjølvhjelpte før han slutta av. I kurskatalogen for hausten 1996 står det slik: Kurset er utan lærar, men elevane hjelper kvarandre.

KVALITET OG KREATIVITET

Alt Martin lagar er prega av førsteklasses handverk. Ut-danninga han fekk frå starten har heile tida prega han, og målet for kva som er god kvalitet har alltid stått klart for han. Han er sin eigen strenge dommar. Det blir aldri sleppt ut slurv og hastverksarbeid frå hans verkstad.

Martin sin produksjon er svært allsidig og spenner over eit breidt spekter innan pryd-og brukskunst. Frå gubbar og troll med grove trekk til finpolerte møblar i rokokko. Martin meistrar tallause teknikkar innan treskjeringa, og har dermed grunnlaget som trengst for å verka som ein kreativ kunstnar. Han møter sjeldan grenser på den tekniske sida, og fantasien vernar han om.

Ser me på dei arbeidsfelta Martin har vore innom, er dei prega av grundig oppbygging, fantasi og vilje til nyskaping - og framfor alt mot til å skapa og halda på sin eigen stil. Martin Helle er ingen kopi-leverandør.

Det har ikkje alltid vore så feite kår for brukskunstnarane i dette landet. Martin har måttå gå den vanskelege grensegangen mellom rasjonell og lønnsam produksjon og fantasien sine utfordringar, ubundne av pengar og matnyttige kvardagstankar. Han har alltid vore på vakt mot stagnasjonen og trøytteiken i serieproduksjonen. Han har tatt faresignalà på alvor og tvinga seg sjølv over i nye spor i tide. Mang ein gong har det heilt klart vore snakk om å gå frå noko trygt og sikkert til noko meir uvisst og svevande. Dette er kunstnaren sitt evige dilemma: Å leva og å overleva. Martin har meis-

tra denne balansegangen, han har vore istand til å ta vare på kunstnaren i seg sjølv.

Om han nå fekk eit lite matnyttig yrke den gongen, og valde annleis enn dei fleste, så har han aldri angra på det. Eg opplever Martin som ein dyktig og stolt yrkesutøvar som aldri har stagnert. Han er framleis på veg – aldri utlærd, seier han sjølv.

Skulle eg velja meg ut favorittar blant Martin sine arbeid må det bli skulpturane og trolla. Trolla er heilt ulike alt anna trollskap, berre forma etter emnet han har hatt i hendene. Fantasien har fått fritt spelerom, og i desse arbeida er det eg opplever Martin som den mest hemningslause og fabulerande.

Skulpturane av kjende skikkelsar t.d. presten, klokkenaren og læraren er og knakande gode. Presten med salmebok og Bibel under armen, og klokkenaren med den meir audmjuke haldninga som passar seg ein tenar med glimtet i auga. Og så læraren då, som er akkurat så kroknasa som ein gammal skulemeister skal vera. Det er mest som me høyrer «flere byer i Belgia» før han klapsar ein ukjuren gutunge over fingrane.

EI TRESKÅL BLIR TIL

Martin høgg sjølv trevyrkle han tenkjer å brukha til dreiling og treskjering. Han sagar av stammen slik at treet ikkje får «strekk» frå nokon kant. Framgangsmåten er slik: Først eit godt snitt inn på eine sida, men utan at treet tippar over. Så nytt snitt frå andre kanten og løysa det heilt før ein tippar det over ende. På denne måten kan ein unngå at sidene av treet får ulik strekk-belastning.

Så må ein vera tolmodig. Vyrket skal tørkast. Tørke-tida er minst 3 år. Martin let borkjen vera på, men høgg inn små hakk i borkjen. Året etter gjer han hakka endå noko djupare, og slik held han fram til emnet er klart. Bjørk er mest brukt til dreiling, og skulpturane er av lind.



Når det regnar på presten – brukar han paraply.

Når emnet er ferdig frå dreiebenken blir det pussa glatt og fint. Etter storleiken på skåla reknar Martin ut talet på mønsterfelt og avstanden mellom dei. Mønsteret blir så teikna på for frihand etter mønster han tidlegare har komponert. Eigentleg skal kvart einaste mønsterfelt vera forskjellig, men det er både tidkrevande og kostbart. Av omsyn til prisen blir difor dei fleste skålene skorne ut med likeforma mønsterfelt etter kvarandre.

Når mønsteret er teikna på, startar Martin med å botna ned ornamentet. Han skjer då loddrett rundt alle mønsterdelene ned til botnen og formar samstundes botnflata.

Botnfargen blir så sett på. Det er vanskeleg å koma til i botnen seinare, og nå er det ikkje farleg om fargen kjem borti ornamentet.

Sjølve ornamentet blir så modellert. Det skjer ved at det heller glatte ornamentet blir brote av geifus-snitt, som det kallast. Som rose målaren legg på kontrastar og konturar, legg treskjeraren inn djupe og grunne snitt, breie og smale.

Martin brukar vannfargar til overflatebehandlinga. Desse blandar han opp og legg på i nøye avstemte nyans-



Teskål i Martin Helle-stil. Skåla er blå i botn, medan rankene er farga i nyansar av blått, grønt, gult og raudt.

sar. Fargane må harmonera ut frå ein grunntone. Treet bestemmer fargen, seier Martin. Lind trekkjer til seg mykje farge, medan bjørk er noko hardare. Fargen skal ikkje dekkja livet i veden, berre understreka formene.

Synet på fargelagd treskurd har vore noko skiftande. Frå å bli nærmast fordømt og avvist, har det igjen fått sin glansperiode. I somme distrikt i landet har denne kunstforma alltid vore halden høgt i akt og æra, medan andre strok har fått meir rose måling.

Skåla er nå klar til pussing. Fint sandpapir nr. 0. Det tek toppane og sliper vekk noko av fargen. Berre den fargen treet har soge til seg blir att.

Så får skåla eit siste, tynt strok med matt lakk. 50% lakk og 50 % lynol er blandinga han brukar. Og som om det ikkje skulle vera nok går Martin nå laus med ein mjuk skurekost. Treet blir matt og glatt på same tid.

Det skal vera godt å ta i og.

MARTIN HELLE-STILEN

Denne måten å skjera på og denne forma for overflatebehandling har skapt skåler i Martin Helle-stilen.

– Når Husfliden ringjer og spør etter ny forsyning, då er eg ganske kry av at Martin Helle-stilen går så godt, seier Martin. Eg kunne eigentleg ha skore ut slike skåler på heiltid, om eg berre kunne skaffa nok emne. Så går Martin inn for å finpussa dei fem lærarinnene Husfliden i Stavanger har bestilt.

– Dei klagar på prisen, seier han, men eg ser ikkje anna enn at dei får selt.

Her rører Martin Helle ved utfordringa alle husflidprodusentar står overfor: Kor høg pris skal ein ta for eit kvalitetsprodukt?

Arbeidet som ligg nedfelt i eit produkt skal verdsettast. Det er ofte usynleg for kjøparen. Våre kunnskapar om prosessen strekk ikkje til. Mange vrakar difor dei kostbare produkta, og triv til billige, halvgode og has-



Tine.

tverksprega arbeid. Desse blir altfor ofte lagt fram for sal side om side med varer av høg kvalitet.

Martin Helle kunne ikkje levd av å vera treskjærar om han ikkje hadde sett kvalitetskravet så høgt og prisen deretter. Slik har han gitt folk høve til å skaffa seg noko verdfullt: Godt å sjå på, godt å ta i, godt å eiga.

Tora-Liv Thorsen er fødd på Sand i 1947. Ho er utdanna adjunkt med faga norsk og formind. I 1980 slo ho seg ned i Forsand kommune, der ho driv garden Norland ilag med mannen Fridtjov Thorsen Norland.

Husflidslaget - eit produkt av nasjonalisme og flid

AV HALVDAN MAGNUS HANSEN

Klede skapar folk, er det sagt, og A.O. Vinje møtte på si ferd i 1860 ein av storkara som ville understreke sin posisjon gjennom kleda: «Lars kler seg liksom med spontak, der den eine sponen ligg på den andre som fiskekjel; såleis har han, for å taka nedantil, hose på hose opp etter leggen, der den indre er ein god tomme lenger opp enn den ytre, og over kneet ein smokk liksom eit avklypt kakkelomnsrøyr. Like eins er det brok på brok og vest på vest oppetter, og kjole og alt av det grøvste ty, liksom det skulle vera vovi av riskvister, og fullt av mjølkedropar og mattflekker og grep etter fingrane hans, for han fylgjer den gamle skikken og turkar hendene ned på kledom, då han med alle slike folk kallar turkeklut ein ovbunad. Når no til denne klede-bunaden kjem hans store beksaumsskor og hans føreskinn, som alltid slankar ned til knes, så var det inkje under at folk i eldre dagar var redde denne rettens mann når han kom på tingstaden; og hans glitrande augo og munnvikar mest att å øyro kunne nok gjeva almugen den tanken, at dette var ein mann som kunne meir enn mata seg».

Holger Barkved fortel i Soga um Strand at «ein stor del av den rørlege eiga vart umsett i klær, og desse kom på den vis til å gjeva uttrykk for den sosiale stoda åt eigarmannen. Bryllaupsdagen galdt det serleg for brudgommen å syna kva mann han var. Då hadde han på seg ei buksa for kvar hundred dalar han hadde. I ein av lommene på den indre buksa hadde han ein lapp med namnet på. Denne skulde han gjeva presten. So laut han kneppa upp framum alteret. Det hende soleis i fyrsten av den 17 hundred år at ein brudgom løyste av seg sju buksor.»

Ingen av dei karane Vinje og Barkved fortel om var «moteløver» som fekk kleda sine sydd i Paris eller London. Her talar vi om heimelaga klede, tilverka på ein eller annan gard i bygda.

I åkeren blei det sådd lin som blei til stoff i veven, ull blei til vadmal og planter blei nytta til farging av garn. Også brennesle blei brukt om det var mangel på lin. Og ofte var det tenestefolket på garden som måtte «gå inn» dei stive kleda av brennesle og lin før dei blei teke i bruk av andre.

I Botne i Strand blei det for få år sidan funne økser frå steinalderen, flott siselerte. Ved sidan av nytteverdien skulle dei og vera vakre å sjå til. I Osebergskipet vart ei kvinne, kanskje ei dronning, gravfesta blant fargerike vevnader og rikt utskorne kar og gjenstandar. Den estetiske dimensjon har vore til stades så langt tilbake vi



Julemessene er populære. Her går det føre seg dypping av lys på Jørpeland Brug. Alle foto i artikkelen ved Anne Grete Ravnaas



Ein kan trenge til ei hjelpe hand når julekorgene skal flettast. Frå Jørpeland Brug.

kjenner. Bronsealderen sine rikt dekorerte smykke framstår sjølv i dag med vår langt komne teknologi som unike, både i teknikk og utsjånad. Det må ha vore spesialistar som stod bak desse vakre arbeida, kanskje reiste dei rundt og arbeidde slik bygdekunstnarane seinare gjorde.

Produksjonsmåtane har endra seg kraftig, særleg dei siste to hundre åra. I dag har maskinane teke over det meste av det gamle handverket, men dei gamle kunstnarane er ikkje glømt. Så rotfesta har handverkskuluren vore at store delar av den har overlevd ganske uendra fram til i dag. Eit godt døme på det er den fleire tusen år gamle opstadveven. Mange av dei gamle handverkstechnikkane kjem i dag inn under omgrepet husflid. Dei siste 100 åra har husflidsorganisasjonane spela ei stor rolle for å ta vare på denne delen av vår kulturarv.

Aschehoug og Gyldendal sitt multimedia-leksikon definerer husflid som «arbeid i hjemmet med å lage nytte- eller prydgjenstandar til bruk i hjemmet eller (vanligvis) for salg til andre». Sjølve omgrepet husflid må vi nok heilt opp i vår historiske tid før vi finn.

HENDENE SKULLE VERA I ARBEID

Fritid var eit ukjent omgrep for få år tilbake. Hendene skulle aldri vera utan gjeremål, noko utvandringens far Cleng Peerson også hadde fått med seg frå Ryfylke, der han gjekk og strikka på si ferd over det store amerikanske kontinent. Nøstepinnar for garn blei skore ut med lause kuler, så husmor kunne høre at tenestejentene brukte hendene. Stort slit var det med mykje av råstoffet som t.d. stamping av ull til vadmal. Den legendariske Pilt-Ola sette opp stampeverk i Lysebotn så folk kunne bli hjelpte, på same vis som han sette opp vassrøy ned til gardane, så kvinnfolka slapp å gå den lange vegen etter vatn. Og mannfolka hadde sitt å gjera. I dei lange vinterkveldane blei tresko skore og korger fletta.

Sjølv om industrialiseringa i andre del av førre hundreåret gjorde varer tilgjengelege og at ein såleis ikkje hadde det same behovet for heimeproduksjon som tidlegare, styrkte husfliden sin posisjon nettopp i denne tida. Fleire store nordiske utstillingar og verdsutstillingar sette sjøklyset på husflidsproduksjonen, og husfliden blei i desse åra overalt i Norden organisert



Toving er ein av dei mest populære aktivitetane for barn

og ført fram som ein økonomisk og moralsk korrekt metode til førebygging av fattigdom og lediggang. Også Eilert Sundt såg dette, og boka «Husfliden i Norge» er nettopp skrive for å oppfordre folk til husflidproduksjon, slik at dei blei fri for offentleg støtte. «Sundt si bok synes også å ha vore ein vekkar for ein meir organisert hjelp til å ta vare på eit viktig ledd av vår kultur som var i ferd med å forsvinne, nemleg husfliden», skriv Norges Husflidslag i eit notat.

NASJONAL BØLGJE OG HUSFLIDSFOREININGAR
Ved siste hundreårsskifte hadde ei nasjonal bølgje lenge ridd landet. Nansen si ferd til nordpolen i 1893 vekte ikkje berre oppsikt i Noreg, men over store delar av verda. Vi fekk tru på oss sjølv, vår kultur og våre tradisjonar. Det nasjonale blei dyrka i kunsten og husfliden og Bjørnson sine bondefortellingar var framleis kjær lesing i skule og heimar.

At kunnskap om handverks- og produksjonsmetode har overlevd generasjonane heng m.a. saman med at den «moderne tida» så seint fekk innpass her i landet at dei gamle tradisjonane framleis var levende da husflidsarbeidet blei sett på den offentlege dagsorden.

Allereie i 1888 blei Stavanger Husflidsforening stifta, som den første i Noreg med eige utsal. I åra som følgde kom det foreiningar og utsal i Trondheim (1889), Christiania (1891), Bergen (1895) og Bodø (1901).

Etter initiativ frå foreiningane blei det kalla inn til landshusflidsmøte i Christiania i 1899 med det føremål å samle dei ulike husflidslaga som kvart år blei stifta i ein felles organisasjon. At direktørane for landets tre kunstindustrimuse var blant initiativtakarane, saman med Stortinget og Kirkedepartementet viser den posisjonen husfliden hadde i landet.

Direktør Henrik Grosch gav uttrykk for dei oppgå-

vene dei sto ovanfor: «Hvad vi forstår ved Begrepet Husflid er ikke alene det huslige Arbeid, der tjener ligefrem at dække Hjemmets og Gaardens Behov. Det omfatter ogsaa Tilvirkningen av en Mangfoldighet af Salgsvarer, dels enkle Nyttegenstander, dels av høiere Art, bestemt til Pryd og Smykke - eller hvad der i en Reiselivets Tid som vor spiller en stor Rolle - til at tje-ne som Erindring om Land og Folk.»

Foreiningane sine oppgåver gikk ikkje berre på å omsette varer, men også kursverksemd for opplæring av produsentar for å betre kvaliteten og skaffe mønster og modellar.

NORGES HUSFLIDSFORBUND BLIR STIFTA

12. oktober 1910 blei Norges Husflidsforbund stifta, som ei sammenslutning av husflidsforeninger og kunstindustrimuseer, samt industriskoler drevne av stat eller av kommune med statsbidrag. Husfliden skulle vera med å løfte landet!

På Jubileumsutstillinga på Frogner i 1914 hadde biltekunst og husflid ein sentral plass, ei utstilling som skulle gi eit mest muleg omfattande oversyn over det samfunnsmessige liv og virke. Husflidsavdelinga dekka heile 2 000 kvm golvflate med ei avdeling for kvart fylke. Og i 1917 blir den første sentralskole for husflid oppretta på Blaker. «Hjelp til selvhjelp» blir eit viktig slagord i desse åra.

I perioden 1920-1930, i kjølvatnet frå 1.verdskrig, blir det nedsett kommunale husflidskomiteer som skal hjelpe til med produksjon og omsetning av husflidsvarer. Arbeidsløysa gjer at pågangen av leveransar til utsala aukar, og husflidslaga går med underskot.

I tida 1930-1940 blir namnet endra til Norges Husflid- og Husindustrilag. Vi har fått inn ein ny dimensjon i husflidsarbeidet, småindustrien, som vi også kjenner godt her frå Ryfylke, med produksjon av tre-



Små og store i gang med å lage kostar av bjørnemose i Selørark.

skor, småmøblar, korger o.a. Arbeidsløysa pregar framleis laget sitt arbeide og husflidslaga får tilskot frå «Sjølvhjelpsmidler» og «Krisemidler» for omsetnad ved spesielle salsa veke og vandreutstillingar. «Bruk norske varer» blir eit slagord som også blir nytta av husfliden. I denne tida blir også husflidsarbeidet overført til landbruksdepartementet, som nok seier sitt om kor hovudtyngda for produksjonen låg.

Husflidsprodukt var etterspurd under siste krig, som alle varer var det. I Lysefjorden fekk Johannes Bakken ei rekkje brev, der byfolk bad om både mat og klede og andre varer, som belte og ski, som Johannes var kjend for å lage. Over heile landet gjer mangelen på materialar at husflidsproduksjonen nærast stoppar opp. I 1952 blir namnet igjen endra, no til Norges Husflidslag, slik vi kjenner det i dag og husflidssaker blir i dette tiåret overført til Kirke- og undervisningsdepartementet - kulturen kjem inn som eit viktig element.

HUSFLID BLIR KULTUR

På 1970-talet skulle kulturradikale og andre politisk radikale smykke seg med handvove sjal frå Sigrun

Berg si vevstove og busserullen blei eit slags ikon for den nye tids politikk. I 1977 arrangerer Norsk Kulturråd ein konferanse om «Husflidens plass i offentlig kulturarbeid på landsplan og regionalt». Den offentlege kulturpolitikken er no at kulturen skal ut til folket.

Under og etter siste EU-debatt og etter ein vellykka vinterolympiade, der vi framstod som det sunnaste og friskaste folket i verda, har vi på ny fått eit oppsving for det nasjonale. Vi eig bunader for milliardbeløp, kunne ei av laussalsavisene fortelje oss for kort tid sidan, og etterspurnaden er større enn nokon gang. Men som all mote går det i bølgjer. Tidsskriftet Norsk Husflid nr 4/96 kan melde at husflidsmoten som kuliminererte under OL i -94 no har gått tilbake igjen, og dei spør om telemarkskuluren er ei kjelde til inspirasjon og fornying, eller til hinder for nyutvikling.

Men likevel; interessa for husflidsprodukt har dei siste tiåra vore stadig aukande, og husflidslag har kome i gang over heile landet. I dag er det 18 lokale husflidslag i Rogaland, tilknytt Norges Husflidslag. Mange av dei kom til på 1980-talet.



Den sosial sida er viktig på familiedagen. Her blir det steika pinnebrød over bålet.



Sma og store plukkar bjørnemose som skal bli til kostar; slik det har blitt gjort i mange generasjonar før oss.

STRAND HUSFLIDSLAG

Strand Husflidslag, som vi skal sjå nærare på i det vidare, starta opp så seint som i 1988. Same året blei ei rekke nye lag og organisasjonar skipa i Strand kommune. Økonomiske oppgangstider og verknaden av ein aktiv kulturpolitikk både nasjonalt og lokalt hadde lagt grunnen for dette.

21.juni 1988 blei det halde stiftingsmøte for Strand husflidslag, og det var invitert til ope hus på Breidablikk på Tau. Førebuingar må ha gått føre seg ei god tid, for denne dagen skulle det også vera registrering av gamle leiker frå før 1950, i regi av Rogaland husflidslag, som seinare skulle ha ei utstilling om dette emnet på Hå gamle prestegard. Protokollen fortel at det har vore møte med kultursjefen i kommunen som sa seg viljig til å dekka alle utgiftene ved arrangementet. Distriktskonsulent Anna Halsne i Rogaland husflidslag tok del i møtet og registreringa, og mange planar må ha blitt lagt for framtida for protokollen fortel at møtet tok til kl 12 00 og blei avslutta først kl 22 00. Protokollen fortel også at Strand bondekvinnelag ønskte både medlemsskap og samarbeid med husflids-

laget og dei møtte med to representantar på dette første møtet. Denne interessa frå bondekvinnelaget kan ikkje har vore uventa, for bondekvinnelaga rundt om i landet har vore viktige og aktive kulturberarar og kulturformidlarar gjennom ei årrekke. I dag har Strand husflidslag omlag 50 medlemmer.

KULTURELT OG SOSIALE ARBEIDE

For Strand husflidslag har den kulturelle sida hatt hovudtyngda i arbeidet deira, men den sosiale sida - glede ved å kome saman og utøve husflid - er også svært viktig, fortel formannen Anne Grete Ravnåas.

– Folk lærer av kvarandre og får inspirasjon til å vidareutvikle eigne idear.

– Laget har møte ein gong i månaden der ulike husflidsteknikkar blir presentert gjennom demonstrasjon, foredrag, lysbilete og også mannequinoppvisningar. Vi nyttar både folk utanfrå og eigne medlemmer som foredragshaldarar på temamøtene. No i haust vil temamøtene m.a ta for seg produksjon av garn av hundehår med framsyning av produkt og arbeide med gyldenlær.



Frå Selemork under Strand husflidslag sitt familiearrangement i 1995

I desember har vi kvart år ein søndag med juleaktivitetar i Jørpeland Brug som er svært populær, fortel Ravnaas.

1-2 gonger i året har laget arrangement som er særleg retta mot barn og familiar. Strand husflidslag ser det som viktig at barn opplever glede ved å arbeide med naturmateriale, og følgjer her eit opplegg frå Norges Husflidslag. I september fekk barn såleis læra korleis ein lagar vispar av bjørkeris.

Laget har også delteke i fleire registreringar på fylkesplan, som t.d. registrering av ulike typar gamle leiker og registreringar av bunader i kommunen.

DET SKAL VERA HUSFLID!

Strand husflidslag ser det som viktig å halde høg kvalitet på husflidsarbeidet. På julemesser og andre salsstader skal det vera husflid av god kvalitet som blir lagt fram for sal, og ikkje hobbyprodukt av halvfabrikat eller anna som bryt med kvalitetsstemplet. Dette har vore ein vanskeleg balansegang, da ein nødig vil såra folk, men etterkvert har dette gått seg til. I alle innbydingar til salsmesser blir det no sagt klart frå at ein berre ønskjer husflidsprodukt av god kvalitet som er tufta på tradisjon. Men ikkje dermed sagt at ein ikkje ønskjer «nye» produkt. Ein ser det som viktig at teknikkar og mønster blir vidareutvikla, men dei skal vere tufta på tradisjon i teknikk og produktutvikling.

KURS ER VIKTIG I DET KULTURELLE FORMIDLINGSARBEIDET

Kurs og demonstrasjonar er viktig for å formidle gamle teknikkar, og det har vore ei rekkje kurs og demonstrasjonar kvart år sidan laget starta opp verksemda:

1988:
Tvebandstriking, fletting av julestjerner.

1989:

Strikking av ladder (tøflar), folkedrakter og bunader, fletting av band, toving, namnedukar, fletting av sponkorger.

1990:

Engelsk broderi, strikking av «Strandahue», besøk på Ledaal teppeverei, lavendelhekser, hardangersaum, nissar, flatvev, toving, myke dokker.

1991:

Porselensdukker, lærarbeid, sölvarbeid, kniplingar, gensernissar, flatvev, myke dokker, nissar.

1992:

Lin og linprodukt, silkemaling, marmorering av egg, knyting av smykkesnorer, korgfletting, fletting av sivsko, fletting av halmkransar, porselensdukker, toving, fletting av sponkorger, nissar, nupereller.

1993:

Bokbinding, lys av bivoks, tekstildekorering av egg, tauverk, strikking, dypping av lys, nybegynnarkurs i lærarbeid.

1994:

Band på snurrebrett, dekorering av egg, kalligrafi, snorer og band, kostar av bjørnemose, toving, lærarbeid, silkemaling, veying.

1995:

Pjoning, Rogalandsbunadar, farge og stil, fletting av jærstolar, bregdaband, julekort med halm, skinn og lær, kalligrafi, toving, vev.

Som ein kan sjå har aktivitetane vore mange og over eit vidt felt, da også ønske om kurs har vore mange i laget. Medlemmene har stor aldersspreiing og kjem frå mange ulike miljø, noko som gjer miljøet i laget spennande og godt, fortel formannen.

HUSFLID + ØKOLOGI = SANT

Husflid er tufta på tradisjon. Nærleik til naturen er ein av Norges Husflidslags grunnleggjande verdiar. Før industrien veks fram var bruk av naturmaterial naud-synt for oppbevaring av mat og til å lage klede av. Folk var flinke til å nytte ut dei lokale ressursane. No har husflidslaget sentralt sett økologi på dagsorden, eit opplegg også laget i Strand ønskjer å følgje opp.

«Husflid i eit økologisk perspektiv byggjer på kjærleik til det som lever, til jorda og til naturen i oss sjølv», heiter det i ein ideperm fra Norges Husflidslag. Laget går dermed rett inn i ein dagsaktuell debatt om jordas framtid – eit spanande initiativ til debatt og handling som vi dessverre ikkje kan gå nærare inn på her. Men initiativet viser vilje til nytenking og til å plassere husflidskulturen midt i dagens samfunn.

Mykje kunne også vore sagt om husflidlagets arbei-

de, sentralt og lokalt for å vidareutvikle husflidstradisjonane og gje tradisjonane ein plass i dagens samfunn, og om medlemsbladet Norsk Husflid som med sine samfunnsorienterte og aktuelle faglege artiklar er ei viktig brikke i formidlingsarbeidet.

Halvdan Magnus Hansen (43) er kultursjef i Forsand og bosett på Jørpeland. Han har utdanning frå distrikthøgskulen i Volda og har studert ved kulturarbeidslinja ved distrikthøgskulen i Bø.

Kjelder:

- Nergaard, Trygve: Maleriet i mellomkrigstida, 1983
- Kjeldstadli, Knut: Et splittet samfunn 1905-35, 1994
- Rutlin, Signe: Skjematisk oversyn over Norges Husflidslags historie, kopi, udatert
- Norges Husflidslag: Ideperm, udatert
- Arr – Idehistorisk tidsskrift nr 3/4-1995
- Norsk Husflid nr 4-1996
- A.O.Vinje: Ferdaminne frå sumaren 1860, 8.utgåva 1939
- Holger Barkved: Soga um Strand, 1938

Finnøy husflidslag – eit samlande lag for alle i kommunen

AV TOR SVEINSBORG

Finnøy husflidslag er eit av mange husflidslag kring om i Ryfylke og i landet elles. Men det er eit svært aktivt lag, og det har fått ein eineståande posisjon som eit samlande lag i ein øykommune som elles er delt opp svært mange bygder og småsamfunn. Det er dessutan eit lag der mannofolka er sterkt representerte. Tor Sveinsborg fortel her om arbeidet i laget som i haust har gitt ut ein kurskatalog der dei tilbyr ikkje mindre enn 21 ulike kurs ved sidan av julemesse, hobbystove og markering av «Husflidens dag».

Finnøy Husflidlag er eit ungt lag. Stiftingsdagen er 17. februar 1987. Laget rundar dei første 10 år om nokre månader.

Det har sjølv sagt vore husflidsarbeid i Finnøy i alle år, men utan at dei som dreiv med det, var organiserte. Likevel må nemnast at m.a. bondekvinnelag og andre hadde ymse kurs. Så vidt ein veit, hadde Finnøy Bondekvinnelag nærekontakt med Rogaland Husflidlag frå omlag 1980.

Det er vel truleg einestående at tanken om eit husflidlag for heile Finnøy kommune vart teken opp på kommunalpolitisk plan. Å ta vare på og læra frå seg å produsera pryd- og nytting i heimane såg ein på som ein viktig del av kulturarven. Kommunen gav då tiltakssekretären i oppdrag å kalla inn eit utval av interesserte frå dei fleste øyane til eit interimstyre som skulle førebu stifting av eit husflidlag. Dette vart gjort hausten 1986. Rannveig Bergøy, som i fleire år hadde halde kurs i vevteknikkar, leia utvalet

Utvalet sökte kontaktar på sentralt hald, og då det kalla inn til stiftingsmøte, møtte heile 44 personar frå Finnøy, Talgje, Fogn, Ombo og Sjernarøyane. Kirsten

Nåden vart den første leiaren. Det har vore leiarskifte annakvart år, og til nå har desse leia laget: Rannveig Bergøy, Annemor Tungland, Edvin Hesby og Harald Austbø. Laget er svært aktivt med kurs. Det har til tider vore litt vanskeleg med lokale til dei ulike aktivitetane, og ennå er det ikkje fullgodt på alle øyane. Men det skal la seg løysa etter kvart. Det er ikkje behov for like store lokale over alt. I nokon mon har det vore samarbeid med skulane, men etter som behovet for kurs har auka, syner det seg å vera rett å få til eigne og høvelege lokale.

Det som kanskje er uvanleg i husflidlagssamanhang, er at etter kvart er det mennene på Finnøy som står for halvparten av aktivitetane. Det, som mange stader synest vera eit kvinneforum, er i Finnøy eit fellesskap, der til tider mennene er i overtal i styret, dessmeir.

Frå årsmeldinga for 1995 hentar me opplysningsane om at laget då hadde halde 28 kurs, det var i alt 186 kursdeltakrar, 94 kvinner og 92 menn. Det går på ymse teknikkar innan trearbeid (treskurd, dreiling, møbelbygging m.m.), knivsmiing med skaft og slire, rose-måling, sykurs, veving, toving, bunadsauam og teik-

KURS	TID OG STAD	LÆRAR, PRIS OG TIMAR
10. Sandnesbenker og uttrekkbar barneseng, skap.	Mandag 23.09. kl. 18. Hobbystova	Sigbjørn Bjerga 600/660, 50t.
11. Amerikansk gyngestol.	Tirsdag 24.09. kl. 18. Hobbystova.	Jakob Havn, 600/660, 50t
12. Ymse trearbeid.	Torsdag 24.09. kl. 18. Hobbystova.	Utan lærar, 200/220, 50t.
13. Treskjæring og karveskurd.	Torsdag 26.09. kl. 18. Hobbystova.	Harald Austbø, 600/660, 50t.
14. Sveiping og kolrosing.	Onsdag 04.10. kl. 18. Hobbystova.	Torleif Heibnes, 450/495, 40t.
15. Rosemåling.	Onsdag 25.09. kl. 18. Hobbystova 2.	Sofie Vatnaland, 450/490, 40t.
16. Hardangersaum.	Torsdag 26.09. kl 18. Hobbystova 2.	Helga Heibnes, 450/495, 40t.
17. Små nissar, dokker og troll i ull og trikot.	Fredag 25.10. kl. 18. Kaihuset.	Bente Tjelta Halvorsen, 225/250, 20t.
18. Bunadsaum.	Torsdag 26.09. kl. 18. Sentralskulen.	Arnborg F. Vanvik, 450/495, 40t.
19. Flatvev. Det vert lagt mykje vekt på renning og oppsett av vev.	Tirsdag 24.09. kl. 18.15. Veststova.	Signe Trengereid, 500/550, 40t.
20. Smiing av kniv.	Oktober.	Bodvar Øvrevik og Ivar Vargervik, 250/270, 20t.
21. Skaft og slire.	Lørdag 26.10. kl. 10. Hobbystova.	Bodvar Øvrevik og Ivar Vargervik, 180/200, 12t.

Frå kurskatalogen til Finnøy husflidslag hausten 1996. Laget tilbyr i alt 21 kurs. I tillegg kjem julemesse, hobbystove og Husflidens dag.

ning. – I 1996 er det planlagt omlag 40 kurs, kor mange som blir gjennomførde, veit me ikkje ennå. Og det er eit mangfold av «fag»-tilbod innan treforming og tekstilformning, og ei rekke kurs som går på det meir kunstnarlege og som hobbyprega.



Harald Austbø er ein av lærarane i treskjæring. Her demonstrerer han teknikken på Finnøydagane hausten 1996. Foto: Adolf Rørheim.

Laget held kvart år julemesse der ting er for sal eller på utstilling. Messa er godt besøkt, det er og utstillinga på Finnøydagane. Laget satsar noko på å visa seg fram, og det er ein av grunnane til den store kursinteressa. I



Husflidslaget har turist- og feriebutikk i kaihuset på Judaberg. Foto: Adolf Rørheim.



Udstilling av porselensmåling. Bilete frå husflidslaget.

1996 har laget gått inn i ei ny nisje som deltarar i tourist- og feriebutikken «Kaihuset» på Judaberg. Svært mange av deltarane på kurset har blitt svært flinke, men førebels er det få som har satsa noko særlig på å produsera for sal. Når interessa for bygdeturisme nå er aukande, reknar ein med at fleire vil prøva seg på dette området.

Frå sentralt hald får ein høyra at Finnøy Husflidlag kanskje er det mest aktive i heile landet. Me forstår at

ei slik utsegn inspirerer til å halda fram og stadig nå ut til nye medlemmer og kursdeltakrarar. Det er ikkje berre «den gamle garde», men også svært mange frå yngre generasjonar som har fått interesse for husflidsarbeid. Ovanfor har me nemnt nokre kurs som gir eit inntrykk av tilboda. Det har til tider ikkje vore like lett å få kunnige instruktørar til dei mange kursønske som kjem fram. Men studieleiaren finn som regel ei løysing, og med dei gode kommunikasjonane nå er det langt lettare enn før i tida. Og «den eldre garde» av instruktørar som stundom snakkar om å gi seg, kan sikkert gjera det nokså trygt. Det ser ut som fleire av dei yngre som til nå stort sett har vore kursdeltakrarar, greier seg svært så godt når dei prøver seg som instruktørar.

Finnøy husflidlag er eit av dei få laga som samlar folket på dei mange øyane i Finnøy kommune. I så måte fyller det og ei viktig oppgåve. Laget har på dei få åra det har vore til, skaffa seg ein sikker plass innan kulturlivet i kommunen.

Tor Sveinsborg (73) er fødd og oppvaksen i Sandsbygda i Suldal. Han er utdanna lærar, og har m.a. arbeidd i Årdal, Hjelmeland og Finnøy. Frå 1961 til 1991 var han skuleinspektør og skulesjef i Finnøy. Han har tidlegare skrive om skulespørsmål, og hadde m.a. ein artikkel om Rygjabø husmorskule i Folk i Ryfylke 1994.

Husfliden i dag

AV ANNA HALSNE

Opplewinga av at det står menneske med gode handverkskunnskapar bak, skaper gode kjensler hos folk, skriv Anna Halsne i denne artikkelen. Det skaper ei oppleving av nærliek til naturen og noe ekte ein vil identifisere seg med. På same måten som denne opplewinga var viktig for utviklinga av reiselivet for hundre år sidan, er ho aktuell også i dag. Kvalitetssikring er ei såleis ei viktig oppgåve for den organiserte husflidsrørsla.

Som den første forening i landet, startet Stavanger Husflisforening opp utsalg i 1888. Flere av de større byene kom snart etter. I Christiania ble det innkalt til et lands-husflidsmøte i 1899 med det formål å samle disse foreningene i en felles organisasjon. Et sitat fra møteleders åpningstale, direktør Henrik Grosch på kunstindustrimuseet, gir i et nøtteskall innblikk i organisasjonens arbeidsoppgaver: «Hvad vi forstaar ved Begrepet Husflid er ikke alene det huslige Arbeide, der tjener ligefremt at dække Hjemmets og Gaardens Behov. Det omfatter ogsaa Tilvirkningen af en Mangfoldighed af Saldsvarer, dels enkle Nyttegjenstande, dels af høiere Art, bestemt til Pryd og Smykke – eller hvad der i en Reiselivets Tid som vor spiller en stor Rolle – til at tjenne som Erindring om Land og Folk». Dette sitatet dekker på en forbausende måte også det vi i dag vil innbefatte som husflid.

Organisasjonen Norges Husflidslag ble stiftet først i 1910 og har i dag 3 forskjellige medlemskategorier, lokale husflidslag m/fylkeslag, husflidsutsalg og husflidshåndverkerlag.

Organisasjonen har formulert sine grunnleggende verdier slik:

- nærlhet til røttene
- nærlhet til naturen
- glede over skaperevne
- glede over godt håndverk
- glede over mangfold.

Visjon: Det skal være mulig for alle som bor i Norge å oppleve gleden ved å skape og bruke gjenstander med røtter i folkelig tradisjon.

Ser en så tilbake til Groschs uttalelse, ser en at det er kommet en ny dimensjon til husflidsbegrepet, følelser og opplevelser. Husflid er blitt noe mer enn å lage nytige og fine ting for å bedre økonomien. Gleden over det å kunne lage ting, over både å utøve et håndverk og å eie gode håndverksprodukt, er understreket. Likeså tradisjonstilhørigheten, som er en følelsesdimensjon mange setter høyt i dag.

Det moderne samfunnet blir kritisert for sin opptattethet av kapitalismens økonomiske verdier og målestokker. Når pengene blir det alt skal måles mot, får vi et samfunn rikt på goder, men fattig på livskvalitet. Husflidsbevegelsen kan betegnes som en protestbevegelse mot fremmedgjøringen fra skapelsesprosess, røtter og



Frå utstillinga som Finnøy husflidslag stelte til da Rogaland husflidslag hadde årsmøte på Finnøy i 1993.

tilhørighet som kjennetegner industri- og teknologisamfunnet.

Husflid har hovedsaklig blitt definert som manuelt arbeid, fordi det var det husflid var i det «gamle» samfunnet. Men også fordi manuelt arbeid er blitt koblet sammen med skaperevne og kreativitet, som sjelobot i en ellers teknifisert hverdag.

I dag ser vi at synet på bruk av maskiner og teknologiske hjelpeemidler i husflidproduksjonen er endra, som en nødvendighet for å oppnå rasjonelt og lønnsomt arbeid for de som vil gjøre dette til et levebrød. Men for å kunne kalle dette husflidsprodukter, må sporene etter håndens gjerning være tydelige i de ferdige produktene.

Synet på bruk av moderne hjelpeemidler henger for en stor del sammen med synet på husflidens funksjon i samfunnet, eller det vi kan kalle samfunnssnytten. Noen mener at husflid er et middel til å nå overordnede mål som vekst og utvikling for menneskene, mens andre mener at bevaring av husflidstradisjoner er et mål i seg selv. Dette kan på mange måter være motsetningene mellom de som gjør husflid til næring og amatørerne.

Tradisjon er en kulturell prosess og dermed alltid i forandring fordi menneskenes liv og samfunn er det. Tradisjonsprosessen ved overlevering av kunnskap, holdninger og ideer har to effekter: Den sørger for videreføring av gammel kultur og den yter motstand mot ny kultur, noe som kommer til uttrykk i et forsvar for det bestående. På den ene side vil mange mene at tradisjonenes bevaring er nok i seg selv, men for de som vil selge husflidvarer blir det et dilemma. Når de ikke får solgt de tradisjonelle gjenstandene, skal de slutte å lage disse, eller skal de tilpasse dem til et moderne marked? Dette dilemmaet må nok husflidsbevegelsen leve med, balansen mellom produksjon og reproduk-



Ope hus i hobbystova til Finnøy husflidslag. Mannen i bildet er Lars Vatneland.

sjon, mellom etterspurte salgsvarer til dagens mennesker og bevaring av de gamle tradisjonene og ferdigheten. Driver ikke noen et aktivt kulturvernarbeid, vil en bli fattigere på uttrykksformer i framtiden.

Det er ikke minst husflidsproduktenes gode kvaliteter som appellerer til dagens mennesker. Opplevelsen av at det står mennesker med gode håndverkskunnskaper bak, skaper gode følelser hosfolk. Det skapes en opplevelse av nærlhet til naturen og noe ekte en vil identifisere seg med.

Kvalitetsprodukter har også en oppdragende virking på folk og er med på å forme deres valg av gjenstander de omgir seg med. Derfor har kvalitetskravet alltid blitt holdt høy fram fra Norges Husflidslag.

En annen side av husflidens nærlhet til naturen er det økologiske perspektivet. I vår verden med begrensede ressurser er det nødvendig med en bevisst forvaltning. Her kommer husflidens bruk av fornybar ressurser inn. Naturmaterialene kan i de fleste tilfeller gjenbrukes og de medfører ikke noe avfallsproblem. Det er oftest «tidløse» produkter som gjerne kan gå i arv til nye ge-

nerasjoner. De faller inn i den ideelle økologiske produksjonsformen som er «lokal produksjon for lokal konsumsjon for lokal resirkulering».

Det er populært som aldri før å være med i et husflidslag. Det henger sammen med den økende interessen for lokalhistorie, slektsgransking, kulturminnevern og lokal tilhørighet. Ikke minst OL på Lillehammer i 1994 ga støtet til en nasjonalromantikk som ga seg mange utslag, også i form av husflidsinteresse. F. eks. 17. mai ser vi at flere og flere er kledd i bunader. Strikkeplagg med typiske norske mønstre er svært populære. Gamle gjenstander, arbeidsredskaper og håndarbeider er attraktive samleobjekter.

Det er først og fremst mangfoldet som preger de lokale husflidslagene. Folk fra ulike miljøer, med ulike forventninger og ulik faglig bakgrunn kommer sammen. Det som er felles for de fleste, er at de liker å lage noe med hendene eller de har et ønske om å lære å lage noe. Mange slags teknikker blir utført på ulike nivå og mange lager mer enn de har bruk for selv. Derfor blir de ulike salgsmessene preget av produkter av ujevn



Nisser laga av Jette Ravndal, Strand. (Alle foto i artikkelen ved forfattaren).

kvalitet. Dette er med på å undergrave etterspørsele etter de gode, gjennomarbeidehusflidproduktene som nødvendigvis må bli dyrere.

Kvalitetsheving er alltid noe som bør stå på programmet og mange husflidslag tar dette alvorlig.

For de som vil gjøre husflid til en attåt- eller fulltidsnæring, er det organisert en type lag i hvert fylke som blir kalt husflidshåndverkerlag. En kobler husflid til håndverk som fra gammelt har høyere status. Disse lagene fanger opp personer i grenselandet mellom brukskunst, kunsthåndverk, håndverk og husflid. Mange har en faglig kompetanse som bakgrunn for arbeidet sitt.

Husflidshåndverkerlaget blir et nettverk som kan hjelpe produsentene med å markedsføre seg.

Husflid til barn er de siste årene blitt et viktig satningsområde for Norges Husflidslag. Det er ikke lengre selvsagt at barn lærer ulike håndarbeidsteknikker og aktiviteter hjemme. Husflid er en del av kulturarven vi ønsker å gi videre til nye generasjoner. I tillegg er den

en ordløs kunnskap om sammenhenger i mange livsforhold som omgir oss. Ikke minst svarer husflid på de unges behov for å leke, å være skapende. Det kan forene dem i positive, oppbyggende aktiviteter og vil dermed motvirke fremmedfrykt som sniker seg inn over alt i samfunnet og gjør oss til egoister.

Skal husflidsbevegelsen bestå og vokse i framtida, vil det først og fremst ikke være p.g.a. tingene, men på grunn av de verdiene den bygger på, og som jeg tror vil få større og større betydning framover. Det å bruke hendene er med på å forme hele mennesket. Samtidig som det gir oss opplevelser av materialene, gir det oss en opplevelse av egen sanselighet (sansene i bruk) og en opplevelse av å forstå sammenhenger.

Anna Halsne (47) er husflidskonsulent i Rogaland. Ho er fødd i Sjernarøy og har utdanning som faglærar i formingsfag. Før ho tok til i stillingen som husflidskonsulent for 9 år sidan arbeidde ho ei tid som lærar i grunnskulen.

Husflid som reiselivsprodukt

AV NJÅL TJELTVEIT

Husfliden er rikt representert på dei stadene vi inviterer feriefolket til å stoppe på om sommaren. Når husflidsrørsla byr fram sine produkt og formidlar husflidstradisjonar gjennom utstillingar, er husfliden med og gir reiselivsbransjen røter i fortida. Husfliden har såleis, som reiselivsprodukt, ein dobbelt funksjon. Han er både ei salsvare i seg sjølv, og ein del av den reiselivspakka vi tilbyr turistane. Det er i dette perspektivet Njål Tjeltveit har sett på husfliden i denne artikkelen.

Kvar sommar gjer ein del turistar som ferdast lands Ryfylkevegen ein avstikkar til Vormedalen for å vitja korgmakar Kåre Johs. Hetlelid. I verkstaden sin sit den taleføre korglagaren og pratar og produserer. Sponkorger er ein familietradisjon. Kåre Johs. Hetlelid er tredje generasjons korgmakar. Rundt seg i verkstaden har han gamle sponkorger som fortel om årelang husflidstradisjon. Sponkorger var eit viktig og nyttig produkt den tid mange i Hjelmeland henta bær og selde. Ein registrering av husflidprodusentar i Hjelmeland frå 1930 har heile 22 namn på korglagarar. Behovet for bærkorger var stort først på 1900-talet. Bær var ein viktig eksportartikkel. Mengdevis av sponkorger fylte med bær frå Ryfylke blei sende over Nordsjøen til England. Sponkorgene laga folk i den rolegaste årstida – om vinteren. Dette var eit viktig og nødvendig husflidprodukt. Sponkorgproduksjonen var lite merkt av hobby. Dette hadde med næring å gjera.

Kåre Johs. Hetlelid fortel gjerne om bestefaren og husmannen Johannes Hetlelid, som han heiter etter, og om far sin, korgmakar og emissær Mikkel Hetlelid. Han utvikla nye sponkortypar då behovet for tradisjo-

nelle 5-liters bærkorger minka. No kom det babykorger, sykkelskorger og handlekorger. Fletteteknikken blei nytta til å utvikla nye husflidprega produkt. Kåre Johs. Hetlelid har andre sponkorgartiklar retta mot turistmarknaden. Fletteteknikken blir mindre enn før brukt til å laga nyttige kvardagsvarer. No er korger og andre artiklar meir pynteprodukt enn nytteprodukt.

Kåre Johannes Hetlelid er ein av husflidsprodusentane som blir marknadsført for turistar. Korgmakarar fins det ikkje mange av lenger. Korgmakaren og sponprodukta hans er eit reiselivsprodukt som fortel noko særmerkt for distriktet, sjølv om sponkorger er laga mange stader i landet.

Husflidstradisjonar og husflidprodukt er interessante i reiselivssamanheng. Ulike bygder og distrikt ønskjer å markera seg med lokale sær preg overfor turistar. Husflidsvarer dokumenterer lokal identitet, om produkta er av eldre årgang og blir viste fram på museum og andre utstillingsplassar, eller om dei høyrer notida til og fortel om aktivitet og nyskapning med lokale særtrekk.

Husflidsvarer er og salsaartiklar som tilreisande gjerne kjøper som synlege minne frå stader dei har besøkt. Når

vi vurderer husflid i reiselivssamanhang, er det tale om både synleggjering for å visa lokale særtrekk og satsing for å skaffa inntekter for lokale produsentar. Husflidsartiklar blir selde som suvenirar, og ein del av husflidsproduksjonen i dag er retta inn mot reiselivsmarknaden. Nærings- og nytteverdien av fleire husflidsprodukt er tona ned til fordel for pynt og sal som reiselivsprodukt.

Husflid har frå tidlegare tider vore knytt til næring og meir nødvendige produkt. Vi har hørt at sponkorger fra Hjelmeland var viktige for hagebruksnæringa. Bærdryking i heimlege hagar og sal av skogsbær talde som viktige inntektskjelde for mange. No tilbyr Kåre Johs. Hetlelid bærkorger og andre fletta sponprodukt til turistar, og han ser på desse som ei viktig kjøpargruppe. Sponkorger er blitt reiselivsprodukt i Ryfylke, og tradisjonen er viktig i marknadsføringa og produktpresentasjonen. Husflid for turistar handlar både om tradisjonsformidling og sal av nylaga produkt der inntekter tel som ein del av motiveringa for produsentane.

TRADISJON OG ØKONOMI

På 1870-talet blei husflid sett på som eit viktig middel mot arbeidsløyse, og staten engasjerte seg i å hjelpe husflid og småindustriproduksjon i dei harde trettiåra. Husflidsvarer og tradisjonar knytte til husfliden var og ein viktig del av den nasjonale identitetsbygginga. I seinare år er husflid blitt eit ssatsingsområde i sysselsettingarbeidet. Både oppretting av regionale sentra og Norway Crafts må sjåast som tiltak for å stimulera husflidsproduksjonen i eit næringsperspektiv.

Dei som lagar husflidsvarer veit vel at å gjera husflid til næring med rimeleg bra økonomisk gevinst er inga enkel sak, heller ikkje om ein satsar målretta og systematisk på reiselivsnæringa og turistar som reiser i Ryfylke. Det er korkje her eller andre plassar lett å selja varene til ein pris som gir skikkeleg økonomisk gevinst.

I tillegg møter manuell produksjon i liten skala hard konkurranse frå meir masseproduserte industriprodukt og importerte varer med eit visst husflidspreg som kjem frå lågkostland.

Ordet husflid gir assosiasjonar om varer som er individuelt produserte. Varene finst det gjerne fleire av, men dei er ikkje masseproduserte ved sterkt hjelpe av teknikk og maskinell serieproduksjon. Husflidsvarer var knytte til kvardagsliv og praktiske nyttefunksjonar i tidlegare tider. I dag kan det vera vanskeleg å skilja mellom husflidsprodukt og hanverksprodukt som er laga med mykje maskinhjelp. Når vi skal sjå nærare på husflidsprodukt og deira plass som reiselivsprodukter i Ryfylke, vel vi eit vidt perspektiv på forståinga av ordet husflid. Tradisjonelt må husflid forståast som heimeproduksjon av nytte- eller prydtng, særleg treskurd, vevnad, strikking og liknande produkt.

Ryfylke har ikkje noko særprega produkt som vi kan marknadsføra området på slik t.d. Setesdal har sølvsmedar og deira mange produkt. På Finnøy bur der ein sølvsmed som har flytta dit frå Setesdal. Hans produkt er det interessant å by fram i reiselivssamanhang, men dette er varer som har liten Ryfylke-identitet. Vi har nemnt sponkorger som eit særmerkt Ryfylke-produkt. Eit anna er rosemåling med mønster frå Ryfylke. Men som hovudprinsipp er det rettast å satsa på å by fram fleire husflidsprodukt frå Ryfylke. Produkt med lokale tradisjonar er viktige, men det tel og at produkta er laga i distriktet av folk som bur her. Tradisjon og tradisjonsmerkte produkt må og leva under fornying.

Særprega husflidsprodukt som representerer lokal tradisjon for heile Ryfylke finn vi kje. I reiselivssamanhang må Ryfylke spela på mangfold og tradisjon. I Suldal finst det rosemålingstradisjonar som blir ført vidare. Bergljot Lunde på Sand har i mange år drive med rosemåling og ført vidare rosemålingstradisjonen

frå Ryfylke. Denne tradisjonen er nærmere omhandla i ein eugen artikkel i dette skriftet. Det finst ingen stad der turistar kan sjå ein utstilling om rosemåling i Ryfylke og kva som særmerker rosemålinga i vårt distrikt. Men nye produkt kan turistane tinga eller kjøpa. Anne Karin Galland frå Vasshus i Suldal driv aktivt med rose-måling i dag, og ho marknadsfører seg med produkta sine for turistar og andre. I eit gammalt og triveleg tun ligg gardsverkstaden og husflidsutsalet hennar.

Husflidprodusentane i Ryfylke bur spreidd, og det finst ikkje noko større husflidsutsal der turistar kan møta eit variert og samla utval av lokale husflidsvarer. Det finst heller ikkje museumsutstillingar av husflid frå Ryfylke som presenterer eit variert produktspesker og gir ein brei presentasjon av regional husflidstradisjon. Ryfylke er eit vidt geografisk område utan noko samlande regionalt senter. Også i åra framover må vi rekna med at Ryfylke tilbyr mange utstillingar og utsal der husflidstradisjonar og husflidsvare blir viste fram.

LOKALE UTSAL

På Sand driv Inger Sofie Slåtto eit husflidsutsal som er ope året rundt. Suldal Husflid heiter utsalet som baserer seg på å by fram lokal produksjon i tre, keramikk, porselen o.a. Inger Sofie Slåtto vev sjølv krossåkle frå Suldal. Dette er eit mønster med lang tradisjon i Suldal. I husflidsutsalet på Sand møter feriegjester ein aktiv vever og ein butikk der dei kan sjå og handla lokale husflidsprodukt.

På bygdetunet Kolbeinstveit i Suldal har eit tiltak som heiter Bygdeutviklingsgruppa i Suldal dei siste åra presentert ei stor husflidsutstilling. Her kan turistar som ferdast gjennom Suldal, stansa og få ei meir variert og aktiviserande oppleving enn før i det gamle gardstunet. Husflidsprodusentar frå den delen av noverande Suldal kommune som utgjorde kommuneneininga Suldal før

kommunesamanslåinga i 1965, har no høve til å stilla ut og by fram produkta sine på Kolbeinstveit. Her blir det vist husflid med kvalitetspreg.

Kvalitet og variasjon særmerker utstillinga som Hjel-meland husflidslag har i det restaurerte gamle industri-bygget Spinneriet på Hjelmeland. Mange produsentar byr her fram varene sine for sal i sommarsesongen. her finst vevnad og trearbeid og mange andre heimelaga produkt. Varespekteret er allsidig. Nokre byr fram kva-litetsvarer som kostar meir enn enkle suvenirprega hus-flidsprodukt. Treprodukt i bøkkertradisjon set mange pris på. Ånen Stråbø med røter på Ropeidhalvøya i Sul-dal lagar fleire typer produkt i bøkkertradisjon, og dette er varer som mange gjerne vil ha. No har andre i Hjel-meland byrja å laga ulike treprodukt. Bøkring har lange tradisjonar i Ryfylke, ikkje minst på Ropeidhalvøya. Tretønner blei laga for mange formål og mest til silda-salting. Handverket bøkring er på veg ut for full fart når det ikkje er same behovet for tretønner som før. Men teknikken kan nyttast til å laga gamle produkt som var nyttegenstandar i fiskerisamanheng og i tradisjonelle bondebygder. Godt handverk kan skapa populære prydgjenstander som etterspurde husflidsprodukt for turistar og andre som ferdast i Ryfylke.

I bygda Jørenfjorden presenterer småprodusentar i bygda husflidsvarer for turistar midt på sommaren. Staden er kalla «Fjordatreff». Dette er meint å vera ein treffstad for gjester og bygdafolk i Jørenfjorden. Produkta varierer frå handlagda bruksgjenstandar i tre til strikkevarer.

Rundt om i Ryfylke finst det mange husflidsprodu-sentar. Men ikkje alle satsar like aktivt på sal og mark-nadsføring overfor turistar og andre. For nokre år sidan kom det i stand eit samarbeid mellom fleire husflids-, hanverks- og spesialprodusentar i Ryfylke gjennom til-taket «RyfylkeProdukt». Husflidsprodusentar som



Signe Trengereid på Østhusvik, Rennesøy, vev veggteppe, løparar, sjal og bilet i ull, bomull og lin. Foto frå Ryfylkeprodukt.

marknadsfører seg gjennom «RyfylkeProdukt» er m.a. Signe Trengereid på Østhusvik på Rennesøy. Ho vev veggteppe, løparar, sjal og bilet i ull, bomull og lin. Vevstova i Østhusvik heiter «Vevkroken». Irene Helland Nordhus driv eigen verkstad og lagar keramikk på Rennesøy. Ho handdreiar skåler, koppar og fat i blåleire.

I Strand satsar Solfrid Abrahamsen på Preikestolen som motiv på ein gensar ho har utforma. Prekestolgensaren i ull har mønsterborder etter eit gammalt motiv frå Strand. Pulpit Rock Design på Jørpeland lagar strikkede som handarbeidde produkt, både kofter, gensarar, drakter og jakkar der mønsteret er tufta på norsk tradisjon. Alle dei sistnemnte produsentane marknads-



I Strand satsar Solfrid Abrahamsen på Preikestolen som motiv på ein gensar ho har utforma. Foto frå Ryfylkeprodukt.

fører seg overfor turistar og andre gjennom «RyfylkeProdukt». For å bli meir synlege er det viktig at husflidsprodusentar samarbeider om marknadsføringa. Det

nyttar ikkje å sitja avgøymd for seg sjølv og dyrka sin dugleik utan å tenkja på presentasjon og marknadsføring dersom husflidsprodusentane ønskjer at varene skal nå fram til eit kjøpande publikum. Og i dag er reiselivet ein viktig samarbeidspartnar både når det gjeld sal og presentasjon. For husflidsvarer har appell i reiselivssamanhang.

Eit nytt tiltak for husflidsprodusentar er Rogaland Husflidhåndverkerlag. Dette samarbeidstiltaket kom i gang i 1994 og samlar handverkarer som har faget sitt som næring eller attåtnærjing. Her kan berre medlemmer som held høg handverksmessig vera med. Denne organisasjonen har og medlemmer frå Ryfylke. Mange husflidsprodusentar byr fram varer. Dei som kan vera med i husflidhåndverkerlaget, er personar som ønskjer å satsa på at produksjonen skal telja i næringssamanhang. Samtidig byr dei fram kvalitetsvarer.

Mange lagar husflidsvarer meir på hobbybasis og gler seg over å kunna selja produkta sine. Andre satsar meir systematisk på husflid som næring. Det må vera plass til begge kategoriar, også i reiselivssamanhang. Men grensa mellom husflid og næringsproduksjon med industrielt preg er ikkje alltid like sjølv sagt.

HUSFLID ELLER IKKJE?

Eit lokalprega produkt med hundreårs tradisjon i Hjelmeland er jærstolar. Namnet fekk stolane for di sevet den første tida kom frå tjørnar og vatn på Jæren. Stolane har europeisk opphav. Den første tida folk i Vormedalen i Hjelmeland blei inspirerte til å skaffa seg inntekter ved å laga jærstolar, blei stolane til utan maskinhjelp. Stolane var handarbeidde fullt ut. Vi kan presentera og omtala gamle jærstolar som husflidsprodukt. I dag skjer produksjonen ved maskinhjelp, men seta er handarbeidde. Dei som lagar jærstolar i dag, kan produsera større mengder heilt like stolar på mykje korta-



Jærstolen er eit lokalprega produkt med hundreårs tradisjon i Hjelmeland. Namnet skriv seg frå sivet i stolseta som kom frå vatn på Jæren i tidlegare tider. På biletet ser vi setebindarane Synnøve Stange Strøm (t.v.) og Solfrid Thomsen frå Fundingsland. Foto: Roland Persson.

re tid enn gamle jærstolprodusentar som hadde verkstader og ikkje fabrikkar. Jærstolane har gått vegen frå husflidproduksjon til moderne industriproduksjon. Modellane er likevel dei same som for hundre år sidan. Den moderne produksjonen har ikkje endra stolane radikalt.

Jærstolar er særmerkte for Hjelmeland. Om moderne stolar ikkje kan presenterast som handarbeidde, er jærstolane likevel eit lokalt produkt med husflidstradisjon. Jærstolane blir og selde på husflidsbutikkar i byane. Moderne jærstolar og produksjonen som skjer i Hjelmeland i dag, kan i reiselivssamanhang knytast til historia og husflidproduksjonen i eldre tid. Gamle produkt, verktøy og produksjonsmåtar frå eldre tradisjon kan formidlast som viktige utviklingsopplysningar på museum og i fabrikkane. Moderne jærstolproduksjon



Setebinding er framleis handarbeid. Her er Arne Hetland i arbeid.
Foto: Odd Inge Worsøe.

har ikkje endra produkta mykje frå den tid dei var ekte husflidsvarer. I eit husflidsperspektiv må det vera lov å rekna jærstolar med som eit ekte og særmerkt Ryfylkeprodukt. Dei siste åra har ei elevbedrift på Hjelmeland skule og ein lokal husflidsprodusent som lagar bokker-varer produsert minijærstolar som turistartikkel. desse har vore lettselelege som lokale suvenirar. Det er enklare å kjøpa ministolar enn stolar i naturleg format når

turistar vitjar Hjelmeland og møter jærstoltradisjonen og ei oppgåande næring i dag.

RØTER I FORTIDA

Reiseliv er ei framtidsnærring. Når husflidsrørsla byr fram sine produkt og formidlar husflidstradisjonar gjennom utstillingar på museum og andre stader, er husfliden med og gir reiselivsbransjen røter i fortida. Husflid og reiseliv bør ha gjensidig nytte og glede av kvarandre. Kulturtilbodet er ein viktig faktor for næringstilbodet i reiselivet.

Skal husflidsprodusentane makta å by fram varer til akseptabel pris for turistar, må husfliden utvikla ei større forståing av at ny teknologi og fornying av tradisjonen er nødvendig. Elles vil vanskeleg husflidsproduksjon kunna vera ein næringssveg på fulltid eller som attåtnæring. I reiselivssamanhang må produktspeskeret vera variert og alle varene ikkje altfor dyre. Suvenirpreget krev at det må finnast produkt med sær preg som ikkje kostar altfor mykje. Men det må og vera plass for kvalitetsprodukt med individuelt sær preg som kostar. Husflidsrørsla må ta vare på dei som satsar på å vera profesjonelle og tenkjer næring og ikkje berre på hobby og skaping. Elles vil dei som satsar profesjonelt bryta ut og amatørane og idealistane blir sitjande igjen som produsentar eller reprodusentar av gode, gamle tradisjonar med produkt som få vil kjøpa.

Husflidsrørsla har lange tradisjonar i å laga produkt som skal seljast og nyttast i kvardagen. Husflid er både ei kulturoppgåve og ei næringsoppgåve der utfordringa er å sameina desse oppgåvene utan at den eine delen fullstendig får overtaket. Det handlar om å ha sans for begge perspektiva. Husflidsprodusentar som lagar varer for å by dei fram i reiselivssamanhang, må tenkja på at det er lov å tena pengar på kulturprodukt.

Husfliden er interessant i reiselivssamanhang også

sett frå reiselivsbransjen sitt utgangspunkt. Utfordringa for åra framover er å skapa balanse mellom det vi kan kalla profesjonelle husflidsprodusentar og amatørar og mellom det å ta vare på tradisjonane og samtidig utvikla nye produkt. Næringshusflid har alltid vore ein del av husflidsrørsla, og reiselivsbransjen gir nye utfordringar og skaffar kjøparar av husflidsprodukt.

Det er viktig at husflidsfolket i Ryfylke og andre stader byr fram eit variert produktspesker med varer i ulike prisklassar. Husflidsprodusentane må ikkje la seg freista av reiselivsmarknaden til å berre masseprodusera rimelege og lettseljelege produkt som mest av alt ber preg av å vera enkle suvenirar laga for å skaffa produsentane lettjente pengar. Om vi aksepterer at næringshusflid for reiselivsmarknaden er med og inspirerer husflidsprodusentane, vil det alltid vera viktig å skapa medvit om kravet til ekte og skikkelege produkt. Omgrepet husflid må stå for kvalitet og særpreg. Likevel må det vera rom for å tenkja på både marknadsorientering og marknadstilpasning. Men slike «moderne» ord må opplevast og vurderast ut frå eit ekte rotfeste i husflidtradisjonane.

Interessa for å laga husflidsartiklar og selja til turistar og andre er aukande. Dette er positivt. Men husflidsrørsla møter og ei utfordring. Det må stillast kvalitetsskrav til dei produkta som blir bydde fram som husflidsartiklar. Også enkle produkt må ha kvalitetsspreg og vera merkte av at dei er ekte husflidsvarer. Å velja ut er enklare enn å velja vekk. Utveljing og eventuell avisning er ei vanskeleg utfordring for dei som arrangerer sommarsal av husflidsvarer langs turistvegane. Alt heimearbeidd og handlaga fortener ikkje utan vidare plass på husflidsutsal. Men det er lite hyggeleg å vera avvisande dommar. Å seia nei er lettare på større og profesjonelle husflidsutsal som er direkte knytte til husflidsrørsla enn på mindre og enkle sommarordning-

ar som skal hjelpe bygdefolk til å visa fram heimelaga produkt i turistmarknaden i feriemånadene.

Prisfastsetjing er og ei tydeleg utfordring når husflidsvarer skal prisast med tanke på turistsal. Vi har vore inne på at det er fordelar med eit variert varepekter. Turistane kjøper lett enkle og rimelege ting, men varene til hobbyprodusentar må ikkje seljast for rimeleg. Det vil kunna øydeleggja for dei som satsar større og prøver å gjera husflidsproduksjon til hovud- eller attåtnæring.

Det er viktig å laga husflidsutstillingar og salsplassar av lokale husflidsprodukt fleire plassar i Ryfylke. Då når vi flest mogeleg av dei som er feriegjester i vårt distrikt. Felles profilering gjennom brosjyrer og katalogar gjer at varene lettare kan presenterast for publikum. Når husfliden er viktig i reiselivssamanhang, er det om å gjera at varer og produsentar satsar på å vera synlege. Samarbeid fremjar saka framfor å berre dyrka det individuelle særpreget og lokal blygskap. Utstillingar, verkstader og utsal må ikkje bli like alle stader. Variasjon i både produktspesker og presentasjon er med og skaper mangfold og stimulerer til forvitenskap hos ferierande som søker etter opplevelingar og noko som er lokalt og ekte når dei reiser i Ryfylke og andre stader i bygde-Noreg. Husfliden må satsa på å nytta ut turistmarknaden. Her er mange spennande utfordringar for engasjerte husflidsprodusentar og kulturformidlarar.

Njål Tjeltveit (53) er leiar av driftseining for kyrkje og kultur i Hjelmeland kommune. Han har skrive fleire bøker og ei rekke artiklar om lokalhistoriske emne frå Ryfylke. Han er medforfattar i boka «Sau og hei — Sauehald og heiaføring i Ryfylke og på Haugalandet» som kjem ut på Ryfylkemuseet i haust.

LITTERATUR:

Flid og flørt. Vestlandsk husflid 1895—1995. Bergen 1995. Mohr, Vibeke (red.): Husflid — levende tradisjoner, Oslo 1994.

Frå ide til næring

AV GRETE HOLMBOE

Gjennom eit samarbeid mellom foreninga Ryfylkeprodukt og Ryfylkemuseet blei det i februar 1994 tatt initiativ til eit prosjekt for å få fram betre kunnskap om tradisjonsgrunnlaget for utvikling av nye produkt frå Ryfylke. Frå foreninga Ryfylkeprodukt var dette ei vidareutvikling av det allereide igangverande prosjektet «Ryfylkeprodukt – Frå ide til næring». Frå Ryfylkemuseet blei prosjektet sett på som eit framhald av det samarbeidet med ulike produsentar i Ryfylke som blei innleia med utstillinga «Made in Ryfylke» i 1989, og som førte til skiping av foreninga Ryfylkeprodukt. I denne artikkelen vil Grete Holmboe gje greie for resultata av prosjektet og dei tilrådingane som faggruppa har kome med.

Arbeidet med prosjektet var meint å vera som ein lekk i ei meir medveten satsing på design som har røter i det norske. Dei olympiske vinterleikane på Lillehammer har gjort mykje for å fremje ei slik haldning, og det er nærliggande å sjå dette arbeidet til Ryfylkeprodukt



Materialet kom inn ved registrering av interessante gjenstandar i privat og offentleg eige. Denne kista frå Suldal er måla av hallingdølen Lars Aslakson Trageton i 1806.

som ei regional side ved det designprogrammet som vart utvikla i framkant av OL.

Prosjektet blei finansiert med eit bidrag på 49.000 kroner frå DU-Ryfylke og 40.000 frå BU-fondet Rogaland. Prosjektstyre har vore styret i Foreninga Ryfylkeprodukt. Til å gjennomføre arbeidet blei det engasjert ei faggruppe med avdelingsleiar Gaute Berge Nilsen frå Ryfylkemuseet, grafisk designer Rønnaug Foss Alsvik, Bindestrekken, Tau og interiørarkitekt NIL Grete Holmboe, Kon-Sul a.s, Sand. Til hjelp i arbeidet med registrering av materiale blei medlemmer i foreningen Ryfylkeprodukt og andre aktuelle lag og organisasjoner og enkeltpersonar engasjerte.

PROSJEKTFASEN

Fagruppa starta arbeidet sitt i mars 1994. Der blei strategien for arbeidet lagt opp.

Målgrupper skulle vera produsentar i Ryfylke og husflid- og design-interessert publikum i regionen.

Målsetting var å bidra til å styrke Ryfylke-identite-

ten gjennom moderne produktutvikling innan husflid og kunsthandverk tufta på tradisjonen, og ved synlegjering av vår eigen tradisjon og våre nye produkt.

Faggruppa valde å konsentrere arbeidet rundt tema som kjem under Ryfylkeprodukt sine produksjonsområder:

Tekstil	Vev, strikk, broderi.
Tre:	Heile interiør, møblar, bruksgjenstander, reidskap.
Metall:	Smijernsarbeid, sølvsmedarbeid.
Form og farge:	Ornamentikk, overflatebehandling, fargar.

Tema som byggeskikk og immateriell folkekunst blei ikkje teke med i dette prosjektet, då arbeid med dette alt var i gong innanfor andre institusjonar.

Materialet for vidare bearbeiding kom inn ved registrering av interessante gjenstander i privat og offentlig eige i store delar av regionen. Dette er nå arkivert på Ryfylkemuseet, og er tilgjengeleg for dei som ønskjer å bruke det.

Tanken var å aktivisera medlemmane i foreninga Ryfylkeprodukt, og andre lag og organisasjonar innanfor målgruppa, i eit registreringsarbeid. Dette resulterte i tilsaman 75 registreringar. Faggruppa har registrert 225 gjenstander, slik at ein tilsaman rår over eit materiale på 300 gjenstander. I tillegg har faggruppa gått igjennom fotoregisteret for alle Ryfylke kommunane på Arkeologisk Museum i Stavanger.

Ein hadde på førehand eit håp om å nå heile regionen med å nytta frivillig innsats, og at ein skulle nå opp i rundt 1000 registreringar. Materialet ein rår over no er likevel godt representativt for regionen, og her er noen klare fellestrekks innanfor enkelte gjenstandsområde.

TRADISJONSMATERIALET

Det registrerte materialet representerer eit breidt utval av produkt, teknikkar og bruksområde. Ved registreringa har ein søkt å ta med gjenstander som er produsert i og av tradisjonsberarar i Ryfylke og som kan tenkast å ha interesse som element eller inspirasjon til produktutvikling.

Kva som er typisk for Ryfylke er vanskeleg å seia noko sikkert om. Her er ikkje klare geografiske skille. Motesvingningane ute i verda og kulturpåvirkning har virka også her. Såleis er ein empirestol mykje lik over heile Europa. Ein etterlikna etter beste evne. Men ulike tidsperiodar slo ulikt igjennom lokalt etter kva økonomiske og kulturelle forhold det var på staden, og dei lokale handverkarane la att noko av seg sjølv i arbeida sine. Om ein finn gjenstandstypen også andre stader i landet, kan dekoren gi den eit lokalt sær preg.

Ein del av gjenstandane ein finn var handelsvarer som vart tilbode over heile landet, andre ting var gåver som ein hadde med seg. I forhistorisk tid er det einaste ein med sikkerheit kan sei er laga lokalt noen enkle, bøtteforma leirkar dekorert med border eller geometriske motiv rissa inn i sidene. Desse har ein funne på Sør-Vestlandet. I Ryfylke er det registrert slike kar i Rennesøy, Forsand, Strand, Hjelmeland og Suldal. Elles er det funne sverd, spenner og glassperler i vår region. Men desse er truleg innført. Samanliknar ein handverkskuluren i Ryfylke med andre delar av landet, er produkta i Ryfylke enkle og nøysame. Her er lite dekor. Karveskurd ser me ikkje anna enn i arbeid frå arbeidsskulane, og rosemålinga er sirleg og enkel samanlikna med dei store rosemålarområda.


Det som heilt klart særpregar dei tradisjonelle Ryfylke-produkta er den enkle, funksjonelle forma, der form og funksjon følgjer einannan, utført med ein sikker formsans.

DEKOR PÅ TRE

Av dekorative teknikkar finn ein svært mykje sviornamentikk på umåla gjenstandar. Mönsteret vart sett på treet med glødande jernstempel slik at mònsteret vart ståande mørkt mot det kvite treet. Stempla kunne ha ulik utforming: Stjerner, kors, halv- eller heilsirkel, eller små taggar så dei likna ein kam som vart sett saman i ulike geometriske mònster og bordar. Seksbladsrosa går att som eit dekorativt element på runde gjenstander.

Karveskurd er geometriske mònster skoret ut med kniv. Ein finn lite av dette i vårt område. Det er noen eksempler på elevarbeider frå arbeidskulane med karveskurd. Elles finn ein denne dekoren på noen få eksemplar på mangletre, og på ein gammal kyrkjestol frå Hjelmeland, der det er skore inn to variantar av solkorsmotiv.

Den klassiske rose målinga i Ryfylke tok for alvor til i 1790-åra. Lars Aslakson Trageton kom frå Hol i Hallingdal og reiste mykje rundt i Ryfylke og måla. Han



Førningskorg med sviornamentikk som ein finn mykje av i Ryfylke. Korga er frå Løland i Hylsfjorden.

budde i lengre periodar på Sand, gifta seg og busette seg seinare på Nedstrand, der han livnærte seg m.a. som målar. Seinare kom det til andre målarar, men dei følgte mykje den same oppbygginga av motiv, fargar og maleteknikk som Trageton.

Fargebruken i Ryfylkemålinga er svært beherska. Botnfargen er mørk, blåsvart, grønsvart eller brunsvar, men ein finn og eksempel på ein brun lasur der treverket skin igjennom fargen. Dekoren er mykje måla i raudt, kvitt og noko blått, og er til vanleg symmetrisk oppbygd rundt ein vertikal midtakse eller ein kross, med mindre avvik i detaljane. Blomemotiva dominerar over ranker og bladverk. Floraen er mangfoldig, men den spissovale tulipanen sett i profil går svært mykje att. Rosene som vert brukte er fylte. Elles finn ein opne og halvopne stiliserte krysantemum og prestekragar, og nokre små blomar som vert brukt som fyll. Desse er forma som ein fylt ring med ei krans rundt av kvite prikkar. Bladverket, eller lauvet, er lite dominerande. Tomrom er gjerne fylt med små, lette dråpar.

Den gode ryfylkemålinga er måla med eit lett penselstrøk, og målinga har eit sirleg og luftegg preg.

TEKNIKK

Her er sàrs mykje gjenstander i sveipeteknikk. Denne teknikken finn ein i runde korger med hank, og i runde og ovale øskjer med lokk i ulik storleik og til ulik bruk. Sidene er i noko tynt høvla furu, forma rundt ein lest medan det var blautt og sauma saman med teger. Hanken er i eit smidigare materiale, bjørk eller ask og festa med smidde jernstiftar. Botnen og lokk er i furu, festa til sidene med trenaglar.

Desse gjenstandene er ofte umåla, og har då dekor i sviornamentikk. Dekorelementer som går att er seksbladsrose, seksbladstjerne, små firebladstjerne og bordar.

Dei måla gjenstandene i sveipeteknikk kan vera dekorerte med ein botnfarge og initialar, eller ei rose målingsdekor.

Her er ein del bruksgjenstander som ambarar, kinner, bøtter i laggeteknikk. Dette er stavar i tre rundt ein rund botn, pressa saman med eit treband, sveip eller gjord av hassel eller greinar av hegg. I materialet vårt er det eit par eksempel på ambarar som i tillegg til dette bandet er sveipte med tynne furubord, slik at veggane vert doble.

Ein finn lite dekor på desse gjenstandane, men formaen i seg sjølv er god. Dei skil seg lite frå liknande materialet andre stader.

Av eksempel på dreieteknikk finn ein ein del stettefat. Her har ein leika seg med teknikk og form og fått fram ulike variantar. Fata kunne vera måla, dekorerte med sviornamentikk eller med taggekant skore ut med kniv.

MØBELSNEKRING

Her er svært mykje gamle, bevarte møblar i offentleg og privat eige. Fagruppa har i stor grad konsentrert seg om dei som tydeleg er laga av bygdahandverkarar.

Stilperiodane i Europa har alltid fått ei klar utforming i stolen. På Hjelmeland bygdemuseum rår dei over ein stoltype som vert kalla Ryfylkestolen. Stolen sto i Gamlekyrkja på Hjelmeland, og vart seld då kyrkja vart reve i 1850-åra. Her har vore kyrkje på strandstaden sida 1200-talet. Dei oppstrebande ryggstolpane og det tunge understellet skulle tidfesta denne stolen til slutten på 1600-talet, men her er og trekk som kan tidfesta han før dette.. Stolen har tappa samanføyinger, og noko utskoren dekor, solkors og bordar.

I tillegg til stolen på Hjelmeland bygdemuseum kjenner me 15 slike stolar i 4 ulike museumssamlingar. Harald Hals diskuterer dette i ein artikkel kalla Ryfyl-



Ryfylkestolen frå Hjelmeland. Ein meiner at denne stoltypen vart brukt i Ryfylke i siste delen av 1600-talet.

kestolen, og meiner stoltypen har tilknyting til regionen.

Stolane ein elles finn i Ryfylkeregionen har stilhistoriske trekk frå empiren og biedermeier. Variasjonane og snikkargleda finn ein i utformingen av ryggen. Sto-

len kan vera måla eller lasert for å imitere edlare treslag. Setet vart ofte måla svart for å illudera hestehårs-trekk.

Johannes Hetlelid i Vormedalen i Hjelmeland var den fyrste som tok til med produksjon av Jærstolen etter inspirasjon frå Husfliden i Stavanger rundt 1900. Sidan kom det til fleire produsentar, og stolen vert framleis produsert i dag. Stolen vert laga med og utan armlener, tre og fire ryggband og med fletta sete av sev, seinare kinesisk sjøgras.

Rongastolen finn ein fleire stader i regionen. Den har tre bein. Desse beina kan og danne sprossene i ryggen. Ryggen er laga av eit bøgeforma stykke tre som går fram mot sidene. Stolen har sete i heiltre. Variasjoneane ligg også her i utforminga av sprossene i stolryggen.


Slagbenken hørte frå gamalt av til i stova, og sto gjerne på langveggen motsatt av glasa, attmed omnen. Benken kunne trekka ut og reiast opp som seng, eller ein kunne kvile oppå benken. Variasjonane finn ein også her i utforminga av ryggen.

Som ein del av det faste inventaret i stovene, finn ein mjølkehylla innafor døra. Hyllene hadde ofte profilert framkant, medan sidene fekk ulik utforming.

Bord med klaffer er absolutt det vanlege i dei gamle stovene. Når det skulle dekkast opp til fest i bua, var det noen plassar at ein hadde ei plate saga ut av ein stor stokk. Denne la ein oppå eit par bukkar. Seinare type bord i bua var uttrekksbord med klaffar, og med dreide bein.

INTERIØR

Det er ikkje mykje bevarte, originale interiør. Men på husmannsplassen Røynevarden i Suldal finn ein eit godt bevart stoveinteriør i Gamlestova som er ei årestove frå 1834. Den har ei tømra stove med ei dør til



Interiør frå gamlestova på husmannsplassen Røynevarden ved Suldalsvatnet har aldri vore endra. Det viser prinsippet for innreiing av Ryfylke-stovene i fleire generasjoner.

kove og ei dør til gang i eine kortsida, og glas på langsida. Eldstaden er plassert i hjørnet, bortafor døra til koven. I motsatt hjørne, langs langveggen er senga plassert. Under glaset er eit forsete. Klaffebordet er festa på kortveggen, og på andre sida av bordet er endå eit forsete. I hjørnet, mellom gangdøra og glaset, finn ein mjølkehylla. Dette er det enkle prinsippet for møblering av stovene i heile Ryfylke. Elles i denne stova finn ein ein krakk og ein rongastol og enkle bruksgjenstander. Mengden av slikt kunne variera etter alder på interiøret og sosial status.

Stovelemen i Nystova på Røynevarden er også intakt, med flatsenger festa til veggar og golv. Dette er også eit mønster for dei enklare stovelemmane.

Både i Gamlestova og i Nystova på Røynevarden finn ein plasslaga labankdører av pløyde bord med not og fjør, og med labanken kilt i eit spor tversover dør-borda. Dørene har handsmidde hengslar og dørklinker.

REISKAP

Det er registrert noe reiskap, Ein ser ikkje heilt føre seg korleis dette kan nyttast i noe vidareføring, men det er teke med på grunn av den gode formen dei har. Dei er så enkle og funksjonelle, men utført med ein sikker sans for god form. Materialet omfattar mellom anna ein bæremenis frå Røynevarden.

KORGFLETTING

Ein har registrert noe korgarbeid i området i ulike teknikkar. I Hjelmeland har bærproduksjonen ført med seg produksjon av sponkorgar, men ein finn eksemplar på fletting i fleire materialar innafor mange bruksområder.

Johannes Hetlelid i Vormedalen starta også opp produksjon av bækorgar i spon. Det var etter eit kurs i Husflidsforeninga i Stavanger at han for alvor kom i gong. Etterkvart fletta han også andre nyttekorgar. Sponkorgproduksjonen hjå Hetlelid held fram i dag i tredje generasjon med Johannes Hetlelid. På det meste var det rundt 30 korgmakarar i Hjelmeland, dei fleste i Vormedal.

Korgene er laga av spon i furu. Samanføyingane er gjort med små jernstiftar, eller messingstiftar dersom det er ei finare korg. Korgene kunne vera malte med og utan dekor.

Me har og funne korger laga av pil og hassel. Av dei ulike korgene som er registrerte, vil me særleg nemna ei lita tineforma som skal vera laga av Rasmus Løland. Denne er handverks- og formmessig godt utført. Materialet er elles brukt i store og mindre korgar til ulike formål.

Me finn også noen mindre arbeider i peddik.

Hjelmeland Bygdamuseum rår over ein stol med ein konstruksjon av bjørkespilar og med fletting av tvunne papir. Stolen er brun/svart og kan vera måla eller impregnert med eit eller anna stoff.

METALL


På alle registrerte, rosemåla kister og skrin er det fine smijernsbeslag. Ein finn vidare noen smidde dørhengsler og dørklinkar på dei plasslagda dørene på Røynevarden.

Fra tettstadane finn me nokre restar av trapperekker i smijern.

Det er lite sölvarbeider i det registrerte materialet, utan ein kniv med sølvbeslag frå Svein Hauge i Sandsbygda. Kniven har gravert dekor.

TEKSTIL

Innafor vev er det åklevnevaden som er den mest særmerkte. I heile Ryfylkeregionen er det krossåkle som dominarar. Desse er vove med krokbragg i klare stripe mønster. I kvar ende av teppet er eit kvitt felt. Fargane går i kvarandre i eit samanfiltra stripemønster utan at ein ser noen botnfarge. Ein nyttar plantefargar. Fargebruken er variert: Kvitt, svart, raudt, oker, grønt/kvitt,



Krossåkle vevd av Siri Maldal Fiveland i Sauda. Teknikk, mønstersamansetting og fargeval er mykje brukt i heile Ryfylke-regionen.

svart, oker, blått/kvitt, svart, raudt, blått, dei to siste variantane finst i fleire utgåver i ulike delar av regionen, frå Sauda til Rennesøy. Elles finn ein mykje bolster, ruggar og golvteppe vove i ull i kypert eller toskaft. Her har ein nytta ein naturell farge som botnfarge, og friska opp med stripar i klare fargar.

Eit halstørkle vevd i silke vart brukt til klesdrakten både av mann og kvinne. Tørkle kunne vera vevd i toskaft i rutemønster, eller i damaskvev med roseomønster, einsfarga, eller i fleire fargar. Slike tørkle var gjerne handelsvare. I vårt kartotek er det med eit eksemplar frå Hjelmeland.

I Sauda finn med noe bandvev der ein finn 8-bladsrosen eller sikksakk bord. Fargane som går att er kvitt, raudt og blått eller svart.

I Suldal har ein registrert 9 pinnhuer, mannhuer. Dette skuldast at Suldal Husflidslag har eit prosjekt gåande om pinnhua. Med unnatak av ei, er alle huene strikka med blåsvart botnfarge, og raudt og kvitt mønster i eit klart stripemønster som minner mykje om krokbragd. Som kant på lue er det knytta tråder i kvar strikkemaske, og klippa ned som ein teppeluv. Fargane i hua er tatt opp i ein dusk i toppen.

Elles har ein registrert eit par sokker i Rennesøy, i sauesvart og kvitt, strikka i eit rutemønster med ei firebladstjerne i kvar rute. Frå Bakka i Sauda har ein fått med eit eksemplar av vanter i sauesvart og kvitt med 8-bladsrose.

Hodeplagget til kvinna i store delar av Ryfylke var pålahua. Denne er svært ofte brodert med eit tulipanmotiv i plattsauum. Hjelmeland bygdamuseum har også ei slik hue. Denne er i svart silke, med for i lin og bomull, og med ein kant i bomullstøy. Broderiet er i raudt, svart og blått.

Frå Rennesøy har ein eksempel på tyllbroderi i ein svart halspynt frå 1808. Den består av ein brodert hals-

linning med eit rynka stykke framme. Dette stykket har tungekant nederst med ein brodert sirkel i kvar tunga. Pynten skal vera brukt til bryllup og finare sel-skap.

Frå Rennesøy kjem også eit hekla stykke som har vore ein del av noe større. Mönsteret er eit stjernehækkel, postamönster, som skal ha vore mykje brukt her ute på øya.

KONKLUSJON

Det samla materialet er godt representativt for Ryfylkeregionen, og har sin verdi som eit blaarkiv for å henta inspirasjon.

Er ein ute etter spesielle emner, vil ein i tillegg kunne henvende seg til Stavanger Museum, Ryfylkemuseet, Arkeologisk museum, Bygdasamlingane, Bunadsnemda i Rogaland Ungdomslag og personar med spesialkunnskap som korgmakar Kåre Johs. Hetlelid, roseomålar Bergljot Lunde osb. Desse sit allereide med arkiv for materiale og viten som er av interesse for brukarar av vårt arkiv.

Utifra den kjennskap faggruppa har til handverkstradisjonane, meiner ein å kunne seia at nokre gjengstandar er meir typiske for regionen enn andre. Me vil då peika på våre krossåkle og pinnhuene frå Suldal. Ein kan finna liknande andre stader i landet, men mønstersamansettinga og fargebruken, saman med formen, gjer at ein må kunne seia at dei er typiske for Ryfylke. Som me har peikt på tidlegare, finn ein krossåkle, og fargebruken, i heile regionen.

I følge Nils Ellingsgard, har også roseomålinga i Ryfylke heilt spesielle særtrekk. Særleg er det utforminga av tulipanen som skil seg ut. Denne finn ein og att i plattsauumbroderier på pålahuer og sjal i meir og mindre stilisert form.

Fargebruken både i tekstilarbeider og dekormåling

er mykje kombinasjonen svart, kvitt, blått, raudt. Sviornamentikk dominerer dekorteknikken på tre, med geometriske formar, og med 6-bladsrosa som hovedmotiv.

Desse elementa bør ein legga vekt på ved ei vidareutvikling av produkta i Ryfylke.

FORMIDLING

Eitt resultat av arbeidet, som blei tatt med allereide i søknaden om prosjektstøtte, var publisering av ei bok. Faggruppa har kome til at den vil rå til at det blir arbeidd vidare med dette. Det vil vera ein styrke for Ryfylke å få ei praktbok som fortel om formgjeving i regionen. Det vil vera viktig både for sjølvbildet og for marknadsføringa av ein region som frå før er mest kjent for pietisme og nøy somhet.

Arkivmaterialet frå den registreringa som blei omtala ovanfor vil vera grunnlagsmaterialet for utarbeiding av ei slik bok.

Arkivmaterialet vil og kunne vera grunnlaget for utarbeiding av ei utstilling om den tradisjonelle formgjevinga i Ryfylke. Ei slik utstilling kan lagast som ei vandretstilling med tanke på visning i Stavanger, for så å vandra i regionen.

Ei utstillinga kan supplerast med foredrag, kurs og seminar over ulike emne innan formgjeving. Faggruppa har nokre forslag til slike tema:

- Møbelhandverket i Ryfylke gjennom tidene.
- Kva kjenneteiknar Ryfylkemålinga?
- Handverket – eit uttrykk for det nøy same Ryfylke?
- Korleis henta inspirasjon i det gamle for å utvikla det nye?

For å få til ei god produktutvikling vil det vera nødvendig å engasjere ein profesjonell designar, eventuelt fleire, til å formgje enkelte produkt ut i frå det materialet faggruppa ser som det særmerkte for regionen.

Slike produktet kan knytast opp til ei eller fleire bedrifter og bli utarbeidd i samarbeid med desse. Slike prosjektet bør ein kunne sjå på som eit prøveprosjekt, der bedrifta får erfaring med profesjonell formgjeving.

Det har vidare vore eit ønskje blant fleire av ryfylkeprodusentane om å formgje eigne produkt utifrå det innkomne materialet. For å få fram betre produkt, er det trong for ei grunnleggande opplæring i formgjeving. Dette bør leggast opp som ei vidareutdanning som går over tid, men kan også gjennomførast som enkeltkurs for kvart tema:

- Frihandsteikning
- Arbeid med form
- Materialkunnskap
- Fargelære
- Mönsterkomposisjon
- Stilhistorie
- Korleis ta vare på røtene i moderne formgjeving

Grete Holmboe (47) er utdanna interiørarkitekt og tilsett i halv stilling ved Ryfylkemuseet for å arbeide med prosjektet «Bygningsvern i Ryfylke». Ho arbeider elles som interiørarkitekt i firmaet Kon-Sul A/S på Sand.

LITTERATUR:

- Alvhild Flatabø Bårdsen: Rogalandsbunaden, u. å.
- Harald Hals II: Ryfylkestolen, Stavanger Museums årbok
- Nils Ellingsgard: Norsk rose måling, Oslo 1981
- Wencke Normann: Den store håndarbeidsboka, Oslo 1969
- Njål Tjeltveit: Jarstolar, Folk i Ryfylke, Ryfylkemuseet 1986
- Kristoffer Visted/ Hilmar Stigum: Vår gamle bondekultur, Oslo 1971

Ryfylke varestemne 1939

AV ROY HØIBO

Det er ikkje noe nytt at husfliden blir trekt fram i lyset. I denne artikkelen skal vi sjå kva som skjedde rett før krigen. Da var det tankar om å skipe til ei fast varestemne i Ryfylke, og i månadsskiftet juli/august 1939 blei den første av desse stemna arrangert på Sand. Men det blei med den eine, for så kom krigen, og det skulle gå mange år før det igjen var aktuelt å samle folk til store stemne.

Det var Olav Erichsen, kommunsekretären i Sauda, som tok opp ideen om å skipe til ei varestemne i Ryfylke. Han meinte det ville vera av stor verdi at folk kom saman for å sjå kva andre kunne framstille. Dermed kunne dei få nye impulsar til sin eigen produksjon, og utstillinga kunne bli eit bra trekkplaster for tilreisande turistar. Det ser såleis ut til å vera næringsaspektet som var det viktigaste for Erichsen, dette at ei stemne kunne fremje både iderikdomen og kvalitetssansen og på den måten gjera husfliden til ein viktigare næringssveg.

Bladet Ryfylke sluttar seg straks til ideen, og tok allereide hausten 1937 til orde for at den første stemna måtte skipast til neste sommar. Også for Ryfylke var det næringsaspektet ved husfliden og handverket, eller «heimeindustrien» som bladet kalla det, som var det viktigaste. Men førebels mangla det noen til å ta seg av arrangementet. O. Erichsen hadde peika på at stemna måtte vera på ein sentral stad i Ryfylke, og mellom dei sentrale stadene var Sauda, Sand og Nedstrand, men han hadde ikkje noe forslag til arrangør.

Det ser ut som om bladet Ryfylke såg seg sjølv

som ein pådrivar i realiseringa av ideen om ei varestemna. Seinare på hausten i 1937 tok redaksjonen kontakt med ordførarane i dei indre kommunane i Ryfylke, og fekk dei til å gi positive uttalar om ideen. Gerhard Haukenes i Sauda var først ute. Han meinte ei slik stemna ville vera til gagn og lærdom for mange, og at produkta både ville bli betre kjende og meir påakta enn dei var. Haukenes tok til orde for at Sand burde vera stemnestaden. Der hadde ein Ryfylke folkehøgskule med høvelege bygningar for tiltaket. Han tok dessutan til orde for økonomisk støtte frå dei nærmaste kommunane.

Dermed var det greitt at ordføraren i Sand måtte vera positiv. Det var han da også, men ikkje utan etterhald. Bertrand Vandvik meinte det var for stutt tid til å planlegge ei slik stemne allereide neste sommar. Først burde ein gå ein høringsrunde hos alle kommunane, og dei som burde gjera dette førebuande arbeidet var dei som hadde tatt opp tanken, det vil seia kommunsekretären i Sauda og redaktøren i Ryfylke. Ordførar Hans Høines i Suldal såg og positivt på ideen, og oppfordra heradstyret i Sand til å ta opp tanken.

SAND TAR INITIATIVET

Det blei til at Sand kommune tok eit initiativ. I eit brev til alle Ryfylke-kommunane blei det spurta om det var noen interesse for ei varemesse på Sand. Og responsen var god. Fram til sommaren 1938 var det 17 kommunar som hadde svara positivt og sagt seg villige til å stø messeplanane. Desse var: Suldal, Sauda, Imsland, Jelsa, Erfjord, Fister, Årdal, Sjernarøy, Finnøy, Skjold, Vats, Sandeid, Hjelmeland, Vikedal og Tysvær. Avgjerda i Nedstrand var dessutan like rundt hjørnet. Oppslutningen var såleis god i heile indre Ryfylke, og like ut til Fister, Finnøy og Tysvær.

Bladet Ryfylke og Olav Erichsen tykte dei hadde gjort det godt, og dei var rause med rosen til Sand formannskap. Det einaste som nå bekymra dei var namnet. Her var nytta både varemessu, utstillinga og stemna om innhaldet, og Ryfylke og Sand om staden. Erichsen slo til lyd for å bruke stemna, og la stor vekt på at det blei eit Ryfylke-arrangement. Og slik blei det. Namnet blei Ryfylke varestemne, arrangementet skulle gå av stabelen sommaren 1939, og det skulle vera både ei handverksutstilling og ei landbruksutstilling. I tillegg skulle det knytast ulike tilskipingar til stemna.

Det er interessant å merke seg den posisjonen Sand med dette viste seg å ha som sentrum i Ryfylke. Forslaget kom frå Sauda som den gongen var ein både større og sterkare kommune. I forhold til Sand, var Sauda også ein rik kommune, og omnshusarbeidarane tente betre enn dei fleste funksjonærar på Sand. Men Sauda såg seg ikkje sjølv som noe kommunikasjonsmessig eller kulturelt sentrum. Saudabuen såg ut fjorden, og hadde den oppfatning at Sand var den naturlege staden. Det slutta også dei andre Ryfylke-kommunane opp om.

EIT STORT ARRANGEMENT

Stemnenemnda fann fort ut at dei trong spisskompetanse for å arrangere stemna, og tilsette H. Dybdahl Henriksen som forretningsførar. Dette var ein som stelte med slike arrangement kringom på vestlandet, og som såleis hadde røynsler ein førebels vanta på Sand.

Til å styre med arrangementet var det vald ei stemnenemnd med 18 medlemmar, dei fleste frå Sand. Olav Kolbeinstveit var formann og Sverre Underbakke sekretær. Dei som elles var med frå Sand var Knut Hovden, Ola Berge, Gidske Johnsen, Augusta Brommeland, Anna Hauge, Magda Rasmussen, A. Lunde, John Hiim, Anders Bakken, Ingemund Fantnes, Toralv Vandvik, Marie Svensen og Olav Bråteit. Dorthea Rabbe og Olav Erichsen var med frå Sauda og Holger Barkved frå Jørpeland. Stemnenemnda delte arbeidsoppgåvene seg i mellom i ei utstillingsnemnd, ei programmenn, ei husflidsnemnd og ei jord- og hagbruksnemnd.

Planen var nå å arrangere ei utstilling for husflid, handverk og industrivarar i perioden 23. juli—6. august 1939, og eit sjå for jordbruks- og hagebruksvarer i perioden 17.—24. september. Til helgene i stemnetida ville ein knytte ulike større arrangement. Opningshelga ville det såleis blei eit eige arrangement med øvrighetspersonar, talar og song og musikk. Andre søndagen ville det bli skipa til ungdomslagsstemne på Sand, og siste søndagen ville bli ein husmordag med foredrag og demonstrasjonar. Men også til kvardags var det planlagt ymse kåserier, song og musikk, og det skulle hyrast inn tivoli for å gjera stemna så festleg og attraktiv som ein kunne få det til. I tillegg til utstillinga av husflid og handverk, blei det også skipa til ei handelsmesse der ulike forretningar stilte opp med varene sine.

RYFYLKE VARESTEMNE

SAND



1939

23. JULI – 6. AUGUST

Faksimile av framsida på utstillingskatalogen. Katalogen var på heile 72 sider og inneholdt helsingar, program, prolog, ein artikkel om Ryfylke av Holger Barkved og lister over utstillerane. Arrangørane hadde også lukkast i å få mange til å annonser i katalogen.

Ekstraturar med båtar og bilar var planlagt, og ein la til rette for stor tilstrøyming av publikum.

Påmeldingsfristen for den første delen av stemna

var sett til 1. mai 1939. I Ryfylke kom det jamt påminningar om stemna, optimistiske rapportar om interessa, og referat frå møta i stemnenemnda. Men mellom linjene kunne ein lesa at påmeldinga gikk heller tregt. Gjennom kontaktpersonar i kommunane og utstrakt plakatlistring lukkast ein likevel med å skape interesse for stemna, og da ho blei opna var det over 200 utstiller på plass på folkehøgskulen.

OPNING I PØSREGN

Alt låg såleis vel til rette. Det var mye å sjå, det var eit tettpakka program, det var god underhaldning og det var ekstraskyss å få. Men ingen hadde sponsa veret. Det pøste ned. Men det tok ingen ryfylking så hytt. Det kom 2000 på opningsdagen, og alle reiste velnøgde heimatta, i alle fall om vi skal tru Ryfylke.

Høgmesse i Sand kyrkje var første posten på programmet. Sjølve opningshøgtida starta på folkehøgskulen klokka to med musikk av Sauda musikkorps og tale av ordførar Bertrand Vandvik. Det var den åndelege og materielle framgangen i tida som opptok han, og han vona at Ryfylke Varestemna kunne vera eit bidrag til bløming både i næringslivet og i kulturen. Det Ryfylke trong var kvinner og menn med tiltaksevne og pågangsmot, og det håpte ordføraren at ein ville få.

Olav Kolbeinstveit, bankkasserar og formann i stemnenemnda, følgte opp med ei von om at utstillerane ville lære av kvarandre og at stemna ville føre til auka verksemد i husflid, handverk og småindustri, slik at mange som nå var gjerandslause kunne komma i sving. Om det skjedde ville varestemna vera vellukka, meinte han.

Eit høgdepunkt i opningshøgtida var prologen som Johan Veka framførte.

Slik var den:

*Eit fagert, eit stort bilet
Vårherre har måla her,
– med høgfjell og hei i austen,
og fjorden i sør me ser.
Og holmar og øy der ute
– her inne den tronge dal
med skogkledde, bratte lier,
og vegen i fjell-portal!*

*Og grønande garden ser me,
og kyrkje og gamalt tun.
Og fiskarbåten på fjorden,
og elva ved bø og brun.*

*Ryfylke er det!
Og djupt i sinn
ritet, biletet
er vove inn!*

*Men – ikkje berre dikt og drøymne kvad!
Til arbeids gå! Kvar kvinne nå, og mann!
Til arbeids nå, ver tru og arbeidsglad!
Dei gamle, dei i arbeid hugnad fann.*

*Då surra rokken i stova
og skytel i veven rann.
Då spøta vart sokken heime
– og ikke i Eng`e land!
Det beid ikkje «silkestrømper»
og skjorter frå U.S.A.
Nei, norsk var det alt igjennom,
– og norsk vil me og ha.
Og mannen fann tidartrøyte
og gang i dette der –
å maksla med øks og kniven
– med husflid, me kallar her.
Han grøypte i treskokubben,
og laga ei rive fin,*

*og kanskje imedan song han
ei vise om Sylvelin*

*Og reidskap sjølv han laga,
både av jarn og tre.
Sjølvhjelpt var ordet han fylgte
Og sjølvhjelpt, sa kona med.*

*Og innvevd i arbeidslivet
eventyr, stev og song.
Men – ja, dette, det var,
ja, det var ein gong!*

*Nye tider har runne
– det går `kje på gammal gjerd.
Fossen, maskinen, stålet
kom med det nye her.
Fossen i kvernhusdjuvet,
utøynd i tusen år,
fossen med ljoset, krafta,
i arbeid me nytte får
i verkstad og fabrikkhallen.
Ein oppsong, dei maskin-slag!
Og ungdom med pågangs-motet
ber Ryfylkes nye dag!*

*Ryfylke vaknar,
og fram det går.
Nye heimar og bu me byggje,
veg me sprengje og jord me rydje.
Og vona ber me om betre kår!*

*Idag me samlast
frå øy og fjord,
frå by og fjellbygd.
Og så eit ord
til sist eg nemne:
Velkommen alle til Ryfylke Varestemne!*

Det var ei hylling av naturen og det arbeidssame folket. Johan Veka var 43 år gammal, og inne i sin mest produktiv periode som skribent, politikar og lærar. Han sto trygt planta i fortida, og agiterte ivrig for nasjonale løysingar og heimleg kultur, men greier samtidig det kunststykket å knyte framtidsoptimismen til den multinasjonale kapitalen som sto bak storindustrien i Ryfylke. Var han kanskje ikkje overtydd om at husfliden kunne berge busettinga i bygdene, eller meinte han kanhende at det var råd å ta med seg den gamle bondekulturen inn i industrisamfunnet? Eller var kanhende prologen eit uttrykk for ein alminneleg, konservativ tanke om at ein må ta med seg det beste av det gamle inn i det nye?

Ein kan velja å sjå på dei tekstene som blei framførte ved opninga av varestemna som innlegg i diskusjonen om kven ryfylkingen var. Var han ein flittig, sjølvbergande bonde med syn for vakker natur og fedrenes kulturarv, eller var han den framsynte entreprenøren som tok teknologien og kapitalen på strak arm og forma industrisamfunnet i sitt bilde?

Hovudtalaren på stemna, skulestyrar og statsråd h.v. Hans Årstad, Nedstrand, tok for seg nett denne konflikten mellom det som kunne tilvirkast heime og det som kunne kjøpast, og ein kan lesa mellom linjene i referatet at ryfylkingane nok kunne ha vore svake for det som kunne kjøpast, men at dei med den rette hjelpa kunne pensast inn att på husflidsporet og laga tinga sjølve. Ei tid hadde det endatil vore slik at ei brur med heimelaga kle gikk føre ei med silkestas på kyrkjegolv, og det hadde lenge vore delt ut premiar til folk som heldt husfliden høgt. Ved sidan av det store verdet med å leva enkelt og laga tinga sjølve, nyttar talaren høvet til å hylle kvinnene.

– Karane tykkjer oftast ikkje at dei har tid til husflidsarbeid lenger, sa Årstad, – dei må lesa bladet,

høre radio og meir som hefter tida bort. Men kona på garden er oftaast tidlegast oppe om morgonen, og likevel driv ho gjerne med spøt og anna til seine kvelden. Og så er det så mykje ein kar ikkje kan gjera. Frå gammalt måtte han ikkje ta i ei rive eller skjera korn. Når guten var konfirmert kunne inga makt få han til å karda ein ulldott lenger. Dette burde det verte ein snunad i, meinte talaren. Ingen bonde burde kjøpe river. Og elles er det så mange ting ein kunne stelle med når ein berre tenkjer seg om og nytta stundene. Kvinnene er eit føredøme for oss her, derfor skal dei hyllast i dag.

KVINNEHUSFLIDEN DOMINERTE

Av dei kring 200 utstillarane var 125 gruppert under overskrifta «kvinneleg husflid». I gruppa for «mannleg husflid» var det 40 utstillarar. Så var det ei stor gruppe utstillarar fra «handverk og industri». Dette var bedrifter, verkstader og enkeltpersonar, helst menn, som nok hadde ein større produksjon enn dei hine, og som i hovudsak arbeidde for sal.

Meste av dei utstilte kvinnearbeide var vev og saum. I tillegg til enkeltutstillarane hadde Sand bondekinnelag stelt til ei eiga utstillinga av veggteppe, og suldølingane var ikkje därlegare. Eit eige rom nemnt «Suldalsstova» var sett av til ei tilsvarande utstilling av gamle og nye teppe frå Suldal.

Dei utstilte arbeida blei vurderte og premierte av to domsnemnder, ei for kvinneleg og ei for mannleg husflid. I klassa for kvinner blei det delt ut 5 førsteprémiar. Martha Hiim, Jørpeland, fekk premie for eit veggteppe av heimespunne og heimefarga garn. Og ho fekk endatil ein ekstrapremie for den beste farge-samansettinga på stemna. Eli Fiveland Nygaard, Sauða, fekk premie for bildevenen «Enken i sorg». Teppet blir omtalt som eit sjeldsynt arbeid, og stemnesekre-



Frå utstillingeskatalogen. Lista over kvinnelege utstillerar talde ikkje mindre enn 103 namn, i tillegg kom noen som blei tilmelde etter fristen.



Rogalandsbåten frå Brødrene Olsen båtbyggeri var mellom dei premierte produkta på varestemna. Brødrene Peder Olsen og Karl Olsen Torsteinbø dreiv båtbyggeri saman i Finnvik frå 1930 til Peder døyde i 1973. Karl Olsen heldt fram til han døyde i 1988.

tæren kunne opplyse at det var verdsett til 4000 kroner, ein svimlande sum i 1939. Gjertrud Vedvei, Suldalseid, fekk premie for handkle av heimeavla lin. Dei to siste førstepremiane gikk til Olina Fiksen Sundfør, Årek, Skjold, og Eldrid Thorsen, Jelsa. Det blei elles delt ut ei rekke 2. og 3. premiar.

Sjølv om det var færre mannlege utstillerara, blei det delt ut fleire 1. premiar til mannofolka, 12 i alt. Og medan det var tekstilene som dominerte i den kvinnelige husfliden, var det trearbeida som utgjorde tyngdepunktet i den mannlege husfliden. Det var møbler, treskurd, rosemåling og allslags arbeidsreiskap som orv, river, klavar, kar, rodder, bærtau og bjøller.

Førstepremiane gikk til Tormod Eide, Sauda, for metallarbeid, Øystein E. Eike, Skartveit, for «12 stk. handarbeidde lommetørklæ»!, Åmund Ramsfjell, Hjelmeland, for relief i tre, Julius Bårdesen, Stavanger, for trearbeid, vesentleg dreiddde ting, Hadle Eide,

Sand, for ein høvlebenk, Peder Olsen og Karl Torsteinbø, Finnvik for ein båt, Andreas Molla, Sauda for ski, Andreas Aarak, Ii svåg for river, Andreas O. Hauge, Hjelmeland, for slireknivar, Erik Ø. Jordebrek, Roalkvam, for ei treskål, Lars Vik, Erfjord, for ei lysekrona i tre og til Peder Høivik, Jelsa, for ymse trearbeid. Peder Høivik var elles elev på arbeidsskulen. Dei finaste tinga han stilte uta var «et veneziansk speil» og ein «renessansebufet». Ornamenteringa var komponert av Knut Hovden, men arbeidet utført av Peder Høivik sjølv.

Det var elles mye å gle seg over, og dei journalistane som blei sende like til Sand for å rapportere om storhendinga, skreiv ofte heim om heilt andre ting som hadde gjort inntrykk på dei, enn det som domsnemndene fann å ville premiere. Og enda meinte stemnenemnda at det var mye dei ikkje hadde lukkast med å få fram.

STOR OPPSLUTNING

Stemna blei ein suksess. Tilsaman rekna ein med at 8–9.000 menneske hadde besøkt stemna på dei to vekene, og enda fleire ville det kanskje ha vore om veret hadde stelt seg betre. Både på opningsdagen, og i helga midt i stemna var det dårleg ver. I vekene var det fint ver, men da var folk opptatte med å berge høyet. Men trass i veret, var det ikkje mindre enn kring 2.000 som møtte opp til opninga den 23. juli. Og det var nok ikkje berre utstillingane dei kom for. Kvar av dei tre helgene var det store arrangement med talar og musikk, ved fleire andre høve var det og foredrag og ulike tilbod om underhaldning og aktivitetar på kvardagskveldane, og det var tivoli og kafé heile tida.

Helga 29.–30. juni heldt Nord-Rogaland ungdomslag årsmøte og stemne på Sand. Da blei det sett opp fleire ekstrabåtar frå Stavanger, Nedstrand og Sauda, og frå Sandeid, Vikedal og Vats kom det ekstrabilar. Frå Haugesund arrangerte Haugesunds Reiseforening utflukt til Sand. Odd Nansen var henta til Ryfylke for å halde stemnetale. Han tala om flyktingar, og gikk sterkt i mot den utesengingspolitikken som han meinte Norge dreiv med. Aldri har dørene vore så stengte som nå, meinte Odd Nansen i 1939. Landet vårt har bruk for fagfolk, og det er ein elite av slik som nå banker på døra.

Siste stemnehelga var det «Husmødrenes dag». Det var Sand husmorlag som hadde tatt på seg dette arrangementet, og igjen var det stor sjau, med ekstrabåtar, ekstrabilar og travel trafikk på Ropeid-ferja. Høgmesse og talar og mye ros både til utstillarar og arrangørar. Formann i Rogaland avdeling av Norges Husmorforbund, Marie Holmboe, fann grunn til å halde fram Sand som eit gammalt kultursentrum, og at dei gode kommunikasjonane som strandstaden nå hadde, gjorde Sand til den naturlege stemneplassen i Ryfylke.

OPPFØLGINGA SOM IKKJE KOM

Det var meininga at det skulle vore enda meir. Det var planlagt ei jordbruksutstilling i dagane 17.–24. september. Ei utstilling der det skulle stillast ut allslags varer frå jordbruket, smør, ost, frukt o.s.v. Men allereide ved avslutninga av varestemna kom dei første varsle om at det kanskje ikkje kom til å bli så greitt å få til ei jordbruksutstilling. Da innmeldingsfristen gikk ut 1. august var det svært få som hadde meldt seg.

Så seint som i slutten av august var det framleis få utstillarar som hadde meldt seg. – Det går framleis smått, ja so smått at me tykjer det er trist, sa formannen i stemnestyret, Olav Kolbeinstveit, til Haugesunds Avis på spørsmål om korleis det gikk. Tanken hadde alt meldt seg om det i det heile var råd å skipe til ei landbruksutstilling slik som tenkt.

I byrjinga av september kom meldinga om at jordbruksutstillinga var avlyst, men nå med ei anna og alvorlegare grunngiving enn at oppslutningen svikta. Andre verdskriga hadde brote ut, og folk hadde fått anna å tenkje på. – Me ser t.d. alt at den vanlege ferdsela på sjø og land blir knappa inn, skrev stemnenemnda. – Det jamne arbeidslivet på bygdene er skipa i ikkje liten mon med at ein stor part av den mannlige arbeidshjelpa er kalla inn til militærtjeneste. Dessutan er det ei slik uro og misstemning mellom folk desse dagane at det fell vanskeleg for ikkje å segja umogeleg å samla interesse um noko slikt som ei varestemne.

Og det var ikkje berre landbruksutstillinga i september -39 som måtte avlysast. Det var meininga at Ryfylke varestemna skulle bli eit årvisst arrangement. Varestemna på Eide i 1939 skulle berre vera den første i ei rekke slike arrangement som skulle lyfte Ryfylke fram både i eige medvet og i medvetet til omgjevnadane. Men slik blei det ikkje. Om verdskriga ute i Europa var ein grunn til å avlyse jordbruksutstillinga i sep-

tember 1939, var det enda mindre grunnlag for å stelle til noen oppfølging av varestemna etter at kri- gen også hadde kome til Norge. Ryfylke Varestemna i 1939 blei såleis eit eingongsføretak, og dei som hadde stelt det til tykte nok ikkje at tiltaket blei det som det var tenkt. Alldeles utan verdi var det likevel langt i frå at stemna kom til å vera.

PLASSERTE SAND PÅ KARTET

I utgangspunktet var det husfliden og handverket som blei halde fram. Og fliden og dugleiken og evna til å greie seg med lite. Det var verdfulle eigenskapar som øvrigheita og tilreisande ideologar fann grunn til å hylle. Men varestemna var og noe meir. Stavanger Aftenblad sa det med reine ord:

– Ho er ein verdfull propaganda for Ryfylke nett i den tid då turiststraumen tek til å koma attende. Og ho (varestemna) jamnar grunnen for sams framtak i dei mange spreidde Ryfylke-bygdene i tida frametter. Derfor er dette tiltaket så særleg verdfullt.

Det sto på leiarplass. Og det var ikkje den einaste leiarartikkelen som blei varestemna til del. Både «Stavangeren» og «Ryfylke» brukte leiarplass på varestemna. Dei hylla Sand komune som ein djerv og uredd kommune, og dei peika på tradisjonene som knytte seg til strandstaden og den rolla Sand hadde som eit viktig trafikk-knutepunkt i Ryfylke. Dei brukte varestemna som eit uttrykk for dei kvalitetane som



Foto Widerøes Flyveselsk.

Varestemna var med på å plassere Sand på kartet. Og det var også eit av dei viktige måla med stemna. Sand var eit trafikknutepunkt og ein liten hovudstad i Ryfylke i 1939. Fotoet er eit tidleg flyfoto av strandstaden. Foto: Widerøes Flyveselskap/Ryfylkemuseet.

knytte seg til strandstaden som eit gammalt kultursentrums og som eit moderne kommunikasjonssenter. Og det er klart at dette var ikkje framande tankar for dei som sto bak tiltaket heller.

Gunnar Lunde, som var ein av utstillarane på stemnet, peikar og på dette. På den eine sida var varestemna god butikk. Her var mye folk, og salet gikk godt. Men i tillegg skapte det blest om Sand og Ryfylke. Det gjorde omverda merksam på staden. Mange kom for å sjå sjølve, men enda fleire fekk del i arrangementet gjennom ein omfattande presseomtale både før og under stemna. Ja, sjeldan har vi funne så mye avisstoff om ei enkelthending som her. Alle avisene var her, og dei skreiv ikkje berre om utstillingane og tilskipingane undervegs. Dei laga lange reportasjar om staden og

folket og kommunen, og i ein avistradisjon som framleis var vel så opptatte av det positive og det byggande som av konfliktar, tabbar og sensasjonar.

Dette var truleg største vinsten av varestemna. Og hadde ikkje krigen kome, kunne det ha vore ein god start på ei vidare utvikling og oppbygging av turistferdsla i distriktet og den almenne interessa for Ryfylke. Isolert sett var truleg verknaden på produksjonen av husflids- og handverksartiklar liten. Folk arbeidde vel med det som lønte seg best den gongen som nå, og la seg vel ikkje så mye meir etter husfliden fordi om noen storfolk frå Stavanger kom inn og tala vent om det dei gjorde. Men som salsfremjande tiltak for bygdene og strandstaden, var husfliden vel eigna. I den materialiserte dei fremste kulturelle verdiane seg, slike som flid, smak, nøysemd og handlag, og desse verdiane var vel eigna til å profilere bygda med andsynes turistmarknaden.

Roy Høibo (47) har vore førstekonservator og styrar ved Ryfylke-museet sidan 1981. Han har skrive fleire bøker, m.a. «Soga om Sand», og ei rekke artiklar i tidsskrift og aviser.

LITTERATUR OG KJELDER:

Katalog for Ryfylke Varestemne, Sand, 1939

Aviser:

1ste Mai, Stavanger, 1939

Haugesunds Avis, Haugesund, 1939

Ryfylke, Sauda, 1937–1939

Stavanger Aftenblad, Stavanger, 1939

Stavangeren, Stavanger, 1939

Intervju: Gunnar Lunde, Sand, 1996

Sand kommune: Forhandlingsprotokoll for formannskapet 1930–1941

Sand kommune: Formannskapet – korrespondanse/saksdokument 1936–1940

Roy Høibo: Suldal kultursoge – Soga om Sand, Suldal kommune, Sand, 1993

Årsmelding 1995

VEDTATT AV STYRET I MØTE 1. MARS 1996

Det blir stilt nye krav til musea. Det er kulturdepartementet som stiller slike krav, og som fylkeskommunen stiller seg bak. Og det er krav som vi ønsker velkomne. Styresmaktene ber oss legge større vekt på dei grunnleggande oppgåvene for musea, det vil seia innsamling og bevaring, og ser det som ei utfordring å finne balansen mellom desse langsiktige oppgåvene og dei aktuelle, publikumsretta formidlingsoppgåvene.

For Ryfylkemuseet betyr dette at vi må legge større vekt på eit systematisk innsamlingsarbeid, ajourførte katalogar, gode oppbevarings- og sikringsforhold og høg kompetanse mellom dei tilsette.

Allereide i denne årsmeldinga kan vi melde om ein del slike tiltak. Vi har stelt oss til med ein sikringsplan og eit handlingsprogram og vi har gjennomført ei rekke tiltak for å heve kompetansen til medarbeidarane. Samtidig har vi lagt større vekt på marknadsføringa av museet, oppjustert hovudutstillingen vår i Nesa-sjøhuset på Sand og halde fram samarbeidet med turist- og kulturkontora om opningstidene ved anlegga våre. Dessverre har ikkje dette ført til noen merkbar auke i turistbesøket ved museet.

Da er det større grunn til å gle seg over dei tiltaka som er retta mot ryfylkingane sjølve. Vi er i gang med fleire viktige dokumentasjons- og evalueringstiltak som vi vil sjå dei første resultata av neste år. Evalueringa av materialet frå registreringa av faste kulturminne (SEFRAK) i Suldal håper vi skal bli til inspirasjon også for dei andre kommunane, dokumentasjonen av



Eit av dei store prosjekta i meldingsåret har vore arbeidet med ei bok om sauene i Ryfylke og Nord-Rogaland. Her er Anna Finnyik og Magnus Finnyik i aksjon for å demonstrere heimeslakt av sau.

byggeskikken i Ryfylke skal munne ut i viktige bidrag til arbeidet med bygningsvernet i regionen og vi er godt i gang med boka om sauен.

Vi har etablert eit nettverk for kulturkontora, bygdemusea, lokalarkiva og eigarane av freda bygningar i Ryfylke, som vi håper skal gjera det lettare å få til samarbeidsprosjekt som kan løfte museums- og kulturværnarbeidet ut over dei tronge rammene som den ordinære drifta har.

Og vi har sendt ut enda eit årsskrift med aktuelt tema frå Ryfylke. Dette året handla det om strandstaden, og utgangspunktet var eit seminar i Hjelmeland. Vi har dessutan levert ein sluttrapport frå forskingsprosjektet om dei kulturelle følgjene av Ulla-Førre-utbygginga. Vi trur det er viktig at museet engasjerer seg i tema som er aktuelle for den tida vi lever i i dag, og trur at eit av dei viktigaste bidraga vi kan gi til samfunnsbygginga er fortolking og forståing av vår eiga tid.

Årsmeldinga har i år ei noe anna form enn tidlegare. For første gong ligg det ein spesifisert avtale med fylkeskommunen til grunn for arbeidet i museet. Avtalen bygger på dei måla for museumsverksemda som Kulturdepartementet sette opp i budsjettproposisjonen for 1995 (St.prp. nr. 1 1994–1995, Kulturdepartementet). Ved utgangen av året skal museet rapportere tilbake om resultata det har oppnådd i forhold til desse måla og avtalen med fylkeskommunen. Det er såleis naturlig å disponere årsmeldinga i forhold til dei krava til tilbakemelding som vi blir stilt over for. Dei tilbakemeldingane vi blir bedne om vil ein finne under dei tre hovudkapitla «Forsking, innsamling og bevaring», «Formidling» og «Kvalitetssikring» nedanfor, og i ei oppsummering som følgjer som eit vedlegg til årsmeldinga. Meldinga om organisasjonen vår kjem først i årsmeldinga, og følgjer same oppsettet som tidlegare.

Det er det 15. året i soga til regionmuseet i Ryfylke vi nå kan sjå tilbake på. Det var frå 1. januar 1981 at det dåverande Rogaland Folkemuseum gikk over i rolla som regionmuseum for Ryfylke, og det var i 1936 folkemuseet blei skipa. Ved utgangen av meldingsåret står vi såleis framfor eit lite jubileum for museet.

ÅRSMØTET

Årsmøtet for medlemmane i museet blei halde i Nes-sjøhuset på Sand 31. mars 1995. Ved opninga av møtet hadde det møtt fram 30 medlemmar. Dette var det første årsmøtet der sakene skulle behandlast etter dei nye vedtektena til museet, noe som førte med seg at årsmøtet ikkje lenger skulle godkjenne årsmelding og rekneskap, men få høve til å gi uttale til styret. Årsmøtet skal, etter dei nye vedtektena, likeeins gi uttale om planar som styret har utarbeidd.

Møtet blei leia av nestlearen i styret, Trygve Brandal, og årsmeldinga og rekneskapen blei lagt fram utan at det kom merknadar til dei. Det blei gitt utfyllande opplysningar om arbeidet med ein samarbeidsmodell for museumsstellet i Ryfylke.

Valet av medlemsrepresentantar til styret blei leia av Knut O. Staurland frå Valnemnda. Valnemnda la fram slike forslag til val:

Styremedlem for 2 år: *Trygve Brandal*, Hjelmeland
(attval)

Varamedlem for 2 år: *Jan Ringstrand*, Sauda (ny)

Begge blei valde ved akklamasjon.

Styraren, Roy Høibo, gjorde greie for arbeidet med eit handlingsprogram for museet og for arbeidet med finansiering av ei utvida drift. I ordskiftet etter denne utgreiinga kom det opp spørsmål om finansieringa av

vidare utvikling av museet, utvegen til å styrke den politiske statusen til museet, val av profil, vektlegging av formidlingsarbeidet, engasjement av medlemmene og behovet for ein organisasjonsmodell som kunne fungere.

Etter at årsmøtesakene var ferdige blei det servert kaffe, og til slutt heldt Trine Larsen foredrag om den sosialantropologiske arbeidsmetoden ho nytta i arbeidet med forskingsprosjektet «Gull og grøne skogar».

MEDLEMMANE

Ved utgangen av meldingsåret var det 748 medlemmar som hadde betalt medlemskontingent for 1995. Dette er ein auke på 70 frå året før, og er såleis eit framhald i

den auken i medlemstalet som vi har sett dei siste åra. Vi trur at dette i stor grad skuldast at årboka vår, «Folk i Ryfylke» er blitt eit populært skrift. Medlemskontingenget dekker nå kostnadane med produksjon og utsending av skriftet, men det er framleis ikkje midlar til honorar til bidragsytarane.

Nytt i år er også at vi gjennomførte ein større verveaksjon som ga 125 nye medlemmar. I tillegg har det kome mange nye til også elles i året. Men samtidig er det kvart år ein del medlemmer som ikkje fornyar medlemsskapet sitt.

Medlemmene fordeler seg slik mellom museumslag og kommunar:

MEDLEMMAR OG ABONNENTAR I RYFYLKEMUSEET 1994—1995

Kommune	Museumslag	Medlemmar i museumslag		Medlemmar i kommunane	
		1994	1995	1994	1995
Sauda	Sauda	61	84	61	84
Suldal	Suldal	35	27	206	221
	Jelsa	30	33		
	Andre ¹	141	161		
Hjelmeland				55	61
Strand				10	27
Forsand				3	10
Finnøy				89	87
Rennesøy				49	47
Kvitsøy				4	5
Andre				152	157
Abonnentar				49	49
SUM				678	748

¹I Suldal er det to aktive museumslag, Suldal museumslag og Jelsa museumslag. Medlemmar frå Suldal som ikkje er med i noen av desse laga er samla under «andre».

STYRET

Styret for museet er sett saman på denne måten:

To medlemmar og to varamedlemmar valde av og blant dei personlege medlemmene.

To medlemmer med personlege varamedlemmer valde av kommunane etter ei turnusliste for plass i styret.

Eit medlem med personleg varamedlem vald av vertskommunen.

Eit medlem med personleg varamedlem vald av Rogaland fylkeskommune.

Eit medlem med personleg varamedlem vald av og mellom dei fast tilsette ved museet.

Representantane for kommunane blir peika ut av

kommunane etter ei turnusliste som blei sette opp etter loddtrekking i kultursjefmøte 27. september 1993. Turnuslista er sett opp slik at det heile tida skal vera eit styremedlem frå øy-kommunane og eit frå fastlands-kommunane. Lista ser slik ut:

Finnøy og Forsand	1994–1995
Rennesøy og Hjelmeland	1996–1997
Kvitsøy og Sauda	1998–1999
Finnøy og Strand	2000–2001

Skiftet av medlemmar frå kommunane og fylkeskommunen skjedde etter valet hausten 1995. Første styremøtet for dei nye medlemmane var 8. desember 1995. Styret har i meldingsåret vore samansett slik:

STYREMEDLEMMAR OG VARAMEDLEMMAR I RYFYLKEMUSEET 1995

Styremedlem	Varamedlem	Representant for	Funksjonstid
Ellen Skogland Trygve Brandal	Solveig N. Fisketjøn Jan Ringstrand	Medlemmane	1994–1995 1995–1996
Jorunn K. Risa Halvdan M. Hansen Marie Gangenes Helge Bendiksen	Rune Sørsdal Johan Berge Norleiv Haugvaldstad Ståle Eggebø	Kommunane	1994–1995 1996–1997
Børge Skeie	Arild Winterhus	Vertskommunen	1994–1995
Gunnar Ulland Rolf Egil Teig	Sigrun Hansen Signy Nerheim	Fylkeskommunen	1992–1995 1996–1999
Gaute Berge Nilsen	Ernst Berge Drange	Tilsette	1994–1995

Styret har hatt 5 styremøte og behandla 32 saker i meldingsåret. Det er både fleire møte og fleire saker enn året før. Styret held nå møta sine i dei ulike kommunane i Ryfylke etter tur, og ber samtidig om å få møte representantar for den politiske og administrative leiinga av kultursektorane i kommunane til drøfting av felles problemstillingar. I 1995 har det vore møte i Rennesøy, Suldal, Strand, Sauda og Forsand.

Mellom dei store sakene styret har arbeidd med er «arbeidsprogram» og «handlingsprogram». «Arbeidsprogrammet» var resultatet av ein langvarig dialog med kommunane for å prøve og komma fram til eit sameint program for og ei felles finansiering av eit utvida museumstilbod i Ryfylke. Etter ein høringsrunde seinhaustes 1994, var det klart at det ikkje var råd å samle alle kommunane om forslaget. Styret valde likevel å gjera «arbeidsprogrammet» til eit retningsgjevande dokument for arbeidet ved museet, men fann å måtte ta etterhald for framdrifta så lenge museet ikkje blei tilført nye ressurser.

Seinare blei planarbeidet ved museet vidareført i arbeidet med eit handlingsprogram for perioden 1996-1999. Her har ein, med utgangspunkt i gjeldande målsettingar for museumsstellet og tilgjengelege ressurser, gjort forsøk på å prioritere oppgåvene i forhold til ein framdriftsplan for perioden. Med bakgrunn i erfaringar og innkomne merknadar, vil programmet bli revidert i 1996 slik at handlingsprogrammet kan bli eit mest mulig realistisk arbeidsdokument for planlegginga av arbeidet ved museet dei nærmaste åra.

Ein viktig uttalesak som styret har behandla er høringsutkastet til ein plan for spesialmuseum og -samlingar i Rogaland. Planen er utarbeidd som ein lekk i arbeidet med å gjennomføre museumsplanen for Rogaland, og konkluderte med prioritering av ressurser til ein del spesialmuseum. Ryfylkemuseet følte at denne priorite-

ringa gikk på tvers av den prioriteringa av regionmusea som var gjort i museumsplanen, og peika på at prioriteringa av spesialmuseum og -samlingar ikkje måtte komma til fortengsel for dei oppgåvane vi har i Ryfylke.

PERSONALET

Eit stort nyhende for personalsituasjonen ved museet var at vi i 1995, etter 14 år med mellombels løysingar for bygningsvedlikehaldet, fekk oppretta fast stilling for handverkar. Dette førte til at talet på fast tilsette kom opp i 5, av desse er 2 halve stillingar.

Eit nytt prosjekt har også ført til auke i talet på mellombels tilsette. Prosjektet «Bygningsvern i Ryfylke» blei starta i mars med 2 tilsette i halve stillingar. Dessverre slutta den eine etter stutt tid, men prosjektet held fram med 1 tilsett i halv stilling og med innleige av eks-trahjelp.

I negativ lei for arbeidskapasiteten ved museet har det virka at ordninga med sysselsetting av arbeidsledige er blitt innskrenka. Museet har i mange år hatt, nærmast som ein fast del av staben, slike personar i arbeid både på kontoret og i lag med handverkaren. Vi skal vera glad for at behovet for slike ordningar ikkje lenger er så stor, men når dette tilskotet av arbeidskraft blir borte virkar det inn på framdrifta i ein del arbeidsoppgåver som vi elles ikkje har kapasitet til å ta oss av.

Tilsaman har museet hatt 71 personar på lønningslista i 1995, dette er 19 fleire enn året før.

TILSETTE I FASTE STILLINGAR

Desse har vore tilsette i faste stillingar i meldingsåret:
Roy Høibo, førstekonservator/styrar, heil stilling
Kjell Johnsen, museumshandverkar, heil stilling
Ruth Anne Moen, konservator folkemusikkarkivet, halv stilling, i tillegg engasjement i halv stilling finansiert av Suldal kommune

Bjørg Jorunn Myhre, kontorfullmektig, halv stilling, i tillegg engasjement i halv stilling finansiert av omframme midlar

Gaute Berge Nilsen, avdelingsleiar, heil stilling

TILSETTE I MELLOMBELS STILLINGAR

Det største talet på tilsette er knytta til museet gjennom ei rekke engasjement av ulik lengde og omfang. Nedanfor følgjer eit oversyn over dei som har vore knytta til museet gjennom heile eller ein stor del av året:

Ommund Berge, tilsynsmann Kolbeinstveit, deltidsstilling

Trygve Brandal, forfattar sauebok, deltidsstilling

Ernst Berge Drange, forskar bygdebok, heil stilling

Maria Corazon A. Dørheim, reinhaldar Nesa-sjøhuset, deltidsstilling

Per Fremmersvik, prosjektmedarbeidar bygningsvern, halv stilling, 1/3–31/7

Kari Furre, tilsynskvinne Barkeland, deltidsstilling

Grete Holmboe, prosjektmedarbeidar bygningsvern, halv stilling, frå 1/3

Åse Jensen, registrator, heil stilling frå sommaren

Geir Inge Johnsen, praksisplass, heil stilling, til 31/6

Trine Larsen, forskar Ull-Førre, heil stilling, til 15/10

Olav I. Oftedal, tilsynsmann Industriarbeidarmuseet, deltidsstilling

Øystein Randa, tilsynsmann Viga, deltidsstilling

Oddvar Rønning, omvisar i sommarsesongen, registrator/arkivmedarbeidar, deltidsstilling, frå 1/10

Njål Tjeltveit, forfattar sauebok, deltidsstilling

Desse har vore tilsette i korttidsengasjement i meldingsåret:

Arne Anderdal, kurslærar

Eddie Andresen, lydteknikar

Valborg Berge, reinhaldar

Jon Bråtveit, omvisar

Ørjan Drange, skrivehjelp

Siri Dyyik, kurslærar

Audun Eken, kurslærar

Anny Erfjord, omvisar

Ingvild Flaskerud, songar

Erik Fossåskaret, foredragshaldar

Kari Gjuvsland, songar

Brit Guggedal, kurslærar

Karoline Høibo, omvisar

Jon Jelmert, kurslærar

Linn Frafjord Jelsa, omvisar

Sigrun Jensen, reinhaldar

Venke Johnsen, reinhaldar

Osmund Klungtveit, omvisar

Njål Kolbeinstveit, foredragshaldar

Kari Anne Kvarstein, omvisar

Lisa Leirvåg, omvisar

Arvid Lillehammer, foredragshaldar

Else Ljungstrøm, utstillingsarbeid

Arne Medhus, omvisar

Jon Moe, forfattar

Torunn Nessa, omvisar

Ann Kristin Nilsen, omvisar

Frode Nyvold, kurslærar

Berit Opheim, kurslærar

Torunn Reigstad, omvisar

Gyro Silje Rike, reinhaldar

Tom Willy Russstad, kurslærar

Jan-Arnold Sauar, kurslærar

Håvard Sjøvoll, omvisar og dansar

Randi Sunde, barnevakt

Åshild Vetrhus, dansar

Lars Vaage, omvisar

Laurentsa Wigestrønd, omvisar

Hilde Århush, barnevakt

INTERNKONTROLL

Museet er medlem av Suldal kommunale bedriftshelseneste (SKB), og har meldt inn alle som er tilsette i halv stilling eller meir for ein periode på minst eitt år. Medlemskapet fører med seg regelmessige helse- og miljøkontrollar, og tilbod om råd og rettleiing etter tilkalling.

SKB har vore på besøk på museet i 1995. Samarbeidsplanen er fornøya og ein har gått gjennom produktkartoteket og diskutert fråveret. Det blei lagt særleg vekt på utarbeidning av plan for internkontroll.

Museet har utarbeidd ein plan for helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet i institusjonen. Denne er behandla av SKB og kommentert i brev til museet. Som følgje av planen er det lagt større vekt på intern informasjon og ein har opprioritert arbeidet med personleg og fagleg utvikling og organisasjonsutvikling. Dette vil bli nærmare omtala under kapitlet «kvalitetssikring» nedanfor. Den planlagte, årlege gjennomgangen av dei ulike faktorane som påvirkar arbeidsmiljøet er ikkje gjennomført i 1995, da ein hadde ein nokså fersk gjennomgang frå 1994 da planen blei utarbeidd.

Akutte problem som måtte komma opp blir behandla fortløpende i stabsmøta. I 1995 har lufting av eit kontor vore eit slikt problem som det er funne ei løysing på.

Sjukefråveret mellom dei 8 som er tilmeldte bedriftshelsenesta har vore på tilsaman 56 dagar. Dette er noe meir enn i 1994. Dei fleste av fråvera er korttidsfråver (1–3 dagar). Fråveret utgjer 2,8% av den samla arbeidstida.

Museet har frå og med 1995 innført ordning med fleksibel arbeidstid som permanent ordning. Ordninga er lagt opp på same måte som tilsvarande ordningar i kommunar og fylkeskommunar, med ei kjernetid frå kl. 9.00 til 15.00 og reglar for opparbeidning og avspa-

sering av plussid. Ordninga er blitt vel mottatt mellom dei tilsette, og fungerer utan problem i forhold til publikum. Ordninga bygger på eigenrapportering av arbeidstida.

FINANSIERING OG ORGANISERING

Rapportar om arbeidet med å omorganisere og finansiere ei utvida verksemd ved museet har fått mye plass i dei siste årsmeldingane. I fjar måtte styret melde at det ikkje hadde lukaast med å få til noen modell for felles finansiering av museumstenester mellom kommunane i Ryfylke, og det har ikkje vore grunnlag for å gå vidare i arbeidet med å få til noen slik samla modell dette året, sjølv om eit fleirtal av kommunane var villige til å ta sin del av kostnadane med ein halv stilling.

Ein auke i personalet, og dermed i arbeidskapasiteten ved museet, ser såleis ut til å måtte komma som følgje av fylkeskommunalt vedtak. Frå vår side er ein konservatorstilling høgast prioritert.

Dette betyr likevel ikkje at museet stagnerer. Det har dei siste åra vore muleg å gjennomføre ei rekke tidsavgrensa tiltak gjennom omframme løyvingar. I 1995 har vi arbeidd med følgjande tiltak som har vore finansierte gjennom slike løyvingar:

Gards- og ættesoge for Suldal (gamle Sand), finansiert av Suldal kommune

Bok om sau og geit i Ryfylke og på Haugalandet, finansiert av kommunar, sau- og geitalslag, beite- og sankelag, bedrifter og organisasjoner

Ryfylkeprodukt – frå ide til næring, finansiert av DU-Ryfylke og BU-fondet

Utvikling av kompetansesenter for bygningsvern, finansiert av fylkesskulestyret, DU i Ryfylke, BU-fondet, Suldal Utviklingselskap, Suldal kommune og Ryfylkefondet

Gransking av kulturelle følgjer av Ulla-Førre-utbygginga, finansiert av Norges Vassdrags- og Energi verk

Evaluering av materiale frå registrering av gamle bygningar i Suldal (SEFRAK), finansiert av Suldal kommune

Folkemusikkhelg på Gulling, støtta av Vibå spele-mannslag, toradargruppa Lågadrag, Haugesund mållag og vaksenopplæringa

Fleire av desse tiltaka er organiserte som samarbeids-tiltak der det er oppretta særskilte styrings- eller refe-ranseggrupper som deltar i gjennomføringa av tiltaka.

NETTVERK

For å utvikle samarbeidet i Ryfylke er det etablert eit nettverk for kommunar, bygdemuseum, lokalarkiv, andre samlingar og eigarar av freda kulturminne. Ein håper dette skal vera eit bidrag til kompetansespreiing og etablering av samarbeidstiltak for å gjennomføre ulike tiltak der to eller fleire deltakarar er med.

Mellom dei tiltaka det er ønskjeleg at Ryfylkemuseet tar del i er skiping av ulike slag kurs for museumsmedarbeidarar i kommunane, samordna formidling av samlingane, oppbygging av samkatalogar (databasar), deltaking i planarbeid og gjennomføring av ulike prosjekt, gjerne pionerprosjekt.

Det er først i 1996 ein vil sjå om nettverkssamarbeid kan vera ein veg å gå for å utvikle museumsarbeidet i regionen. Mye vil avhenge av om museet sjølv vil vera i stand til å ta dei nødvendige initiativa og setta av tilstrekkeleg tid for å følgje opp tiltaka.

NORSK VASSDRAGSMUSEUM

Like sidan 1981 har Ryfylkemuseet arbeidd for å fremje innsamling, bevaring og formidling av kunn-

skap om vasskraftutbygging, og det har opp gjennom åra vore fleire komitear i gang for å finne fram til løysingar for å realisere ideen. Da Suldal kommune etter 10 år sa seg villig til å engasjere ein prosjektleiar i full stilling var såleis vonene store til at det kunne bli alvor av planane.

Nå viste det seg undervegs at Ryfylkemuseet sine idear om kva meinингa med eit slikt museum skulle vera, og korleis det kunne utformast, ikkje alltid passte inn i det konseptet som utvikla seg i prosjektperioden. Vi støtta likevel arbeidet, og gikk inn i stiftelsen Norsk Vassdragsmuseum, da vi fann at det var den beste måten å ivareta våre interesser på.

Dessverre viste det seg at prosjektet, seinare stiftelsen, verken greidde å gi museet ei form som fekk plass innafor dei økonomiske rammene som var stilt til rådvelde, eller eit innhald som var tillitvekkande, og Norsk Vassdragsmuseum er ved utgangen av meldingsåret i ferd med å bli avvikla etter vedtak i Suldal kommunestyret og styret for stiftelsen.

Ryfylkemuseet har i denne situasjonen meldt frå om at vårt ansvar for dokumentasjon, gransking og formidling vassdragsutnytting står fast i museumsplanen for Rogaland og i vårt eige medvet, men at vi ikkje har ressurser til å vidareføre arbeidet i den forma som vassdragsmuseet arbeidde med.

FORSKING, INNSAMLING OG BEVARING

Eit av hovudmåla i budsjettproposisjonen frå Kulturdepartementet for 1995 var knytta til forsking, innsamling og bevaring. Departementet ønskjer at det blir utarbeidd innsamlings- og forskingsplanar, at musea legg større vekt på innsamling av tilfang frå vårt eige hundreår, at musea kjem ajour med katalogiseringsarbeidet og at samlingane får betre sikrings- og bevaringsforhold.

Ryfylkemuseet har ingen innsamlings- eller forskingsplan, og det har ikkje vore råd å prioritere arbeidet med slike planar dette året.

Museet driv likevel eit systematiske innsamlingsarbeid, og har, den tida det har vore i arbeid, bygd opp samlingar av foto-, arkiv- og intervjuemateriale både frå vårt eige hundreår og frå siste delen av førre hundreåret. Det systematiske innsamlings- og forskingsarbeidet er i første rekke knytta til dei omframme tiltaka som blei nemnte under kapitlet «Finansiering og organisering». Desse blir nærmare omtala nedanfor.

INNSAMLING

Tilveksten til samlingane har vore slik:

41 gjenstandar (gåver frå Åse Jensen, Njål Eide, Lau rense og Tor Valskår, Einar Svela, 17. mai-komiteen Sand, Erling Hiim, Haldis Rørvik, Magnus Klung veit og Eli Roalkvam)

648 sv/kv negativ, eigne opptak

280 sv/kv negativ, repro (mesteparten frå fotoinnsam ling på Jelsa)

188 dias, eigne opptak

118 kassettar med intervjuemateriale, til saman omlag 140 timer (frå bygdebokarbeidet og frå prosjektet «Gull og grøne skogar»)

8 privatarkiv (innleverte av Alvhild Bårdsen, Helga Møgedal, Erling Hiim, Aase Baustad, Sand gren deutval, Rogaland Folkemuseum, Haldis Rørvik og Åslaug Gjerde)

9 spoleband med folkemusikkemateriale

11 DAT-kassettar med folkemusikkemateriale

3 videoband til folkemusikkarkivet

Museet har i ei årrekke arbeidd for å finansiere ei overtaking og rehabilitering av hovudbygningen på Håland

for å samle museumsverksemda i Erfjord i dette tunet. Det har nå lukkast å få tilslagn om midlar både frå Sul dal kommune, Norsk kulturråd og Rogaland fylkes kommune, som truleg set oss i stand til å overta bygningen, men vi manglar framleis midlar til rehabilitering i samsvar med den utarbeidde planen. Det har vore eit godt samarbeid med grenadautvalet i Erfjord om utarbeiding av planar for utnytting av tunet og om gjevnadane i eit bygdeutviklingsprosjekt.

Museet har fått tilbod om, og har sett i verkt tiltak for om muleg å overta to større bevaringsobjekt. Den eine er jekta «Brødrene», den andre er «Hiim-saga».

«Brødrene» er eit av dei eldste, seilande fartøya i Norge, og høgt vurdert hos Riksantikvaren som har hovudansvaret for fartøyvernet her i landet. Museet er tilbode å overta denne frå ein privat eigar for kr. 400.000. Full i standsetting til «museumsstandard» er kalkulert til kr. 1.800.000, og ein er i ferd med å finne ut om det er muleg å finansiere overtaking og istand setting, og om det er muleg å etablere eit driftsopplegg med tilfredsstilland inntening av midlar til vedlikehaldet. Det er etablert ein venneforening som støtter opp om arbeidet.

«Hiim-saga» er den eine av dei to sagene som sto ved elveosen på Sand, og som blei rivne da det skulle byggast hotell på plassen. Saga er tatt ned under tilsyn av museet og er nå i eiga til ei gruppe som ønskjer at museet skal overta ho. Styret har, på visse vilkår, sagt seg villig til dette, og undersøker nå utvegen til å finne høveleg tomt og finansiere oppsetting og restaurering.

Dersom det lukkast å få hand om, og få sett i stand desse to objekta, vil det kunne vera med og skape ei fin ramme rundt eit fjordkultursenter for Ryfylke.

I Sauda har museet vore invitert med for å vurdere eigedomen «Knuta-tre» i Hellandsbygd, der rosemalaren Knut Hovden har sett sitt preg på interiøret. Eige

domen er utan tvil eit av dei viktige minna etter verksomheden til Knut Hovden, og er i tillegg eit interessant minne om den bygginga som følgde av kraftutbygginga i Sauda, men vi har førebels ikkje sett løysinga på korleis eigedomen kunne vernast og bli eit offentleg tilgjengeleg kulturminne.

Ryfylkemuseet forvaltar, på vegner av fylkeskommunen, den testamentariske gåva av inverntar og utstyr på Barkeland. Den nye eigaren har nå sagt opp leigeav-

talen for hovudbygningen på Barkeland, og det er forhandla om ny leigeavtale. Ved utgangen av meldingsåret er det uvisst om samlingane kan bli verande på Barkeland.

KATALOGISERING AV SAMLINGANE

Forholdet mellom det samla tilfanget i museet og det som er katalogisert er omlag slik:

MATERIALTYPE	SAMLA TILFANG	KATALOGISERT
Bygningar	60	Det finst oppmålingsteikningar av 3 bygningar. 3 andre bygningar er delvis oppmålte, det er utarbeidd planteikningar av 12. Det er elles ingen katalog over bygningane.
Gjenstandar	Ca. 8.000	1348
Sv/kv negativ (eigne)	10.436	0
Sv/kv negativ (repro)	Ca. 7.600	7.200
Dias (eigne)	4596	0
Intervju (lydband)	412	Det finst bandprotokoll på alle, dei fleste er dessutan avskrivne, men det finst ingen katalog.
Privatarkiv	60 (20 hyllemeter)	6
Spoleband	298	5 (reg. i elektronisk databas, 54 i manuell katalog)
Kasettar	39	0
DAT-kasettar	16	0
Noter	1052	0
Tekster	567	0
Videoband	22	0

I tillegg til dei samlingane som her er nemnte, har museet eige klypparkiv.

Det er sett i verk tiltak for å komma ajour med registrering, katalogisering og arkivering av samlingane våre. For overskot av eigne inntekter har vi engasjert ein person til arbeid med gjenstandsregistrering og ar-

kivordning, og vi har investert i ny rullereol som har auka arkiveringskapasiteten vår vesentleg.

Gjennom ein avtale med Hjelmeland kommune har vi fått tilført omfram arbeidskraft som blir nytta til registrering av inventaret i Viga (dette er i privat eige). Og vi har sett i gang arbeid for å etablere ein arbeids-

plass for ein flyktning som også skal arbeide med katalogisering. I arbeidsplanane for dei fast tilsette er dessutan dette arbeidet høgt prioritert, slik at alt anna arbeid vil bli lagt til side minst ein dag i veka i året som kjem.

I meldingsåret har desse omframme tiltaka ført til følgjande resultat:

166 registrerte og katalogiserte gjenstandar frå Røynevarden, av desse er ca. 120 gjenstandar også preparerte

149 registrerte og preparerte gjenstandar i Viga

54 registrerte og katalogiserte gjenstandar frå Hustveit

60 reigstrerte og katalogiserte gjenstandar frå Industriarbeidarmuseet

6 arkiv er ordna

SIKRING OG BEVARING

Det er utarbeidd ein sikringsplan for Ryfylkemuseet. I denne planen er risikoene for, og følgjene av brann, innbrot, skader ved utføring av bygningsarbeid og skader ved bruk analysert etter ein metode som blei tilrådd av sikringskomiteen til Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer (NKKM), og det er sett opp eit handlingsprogram for betre sikring av bygningar og samlingar.

Det er store manglar ved sikringa av bygningar og samlingar i eiga til museet, og det vil koste store summar både til investeringar og drift om museet skal nå eit tilfredsstillande sikringsnivå. Det er likevel ei rekke tiltak som kan settast i verk, og ved hjelp av omframme midlar frå Norsk Museumsutvikling er vi i år sett i stand til å installere brannvarsling i Industriarbeidarmuseet i Sauda. Arbeidet vil bli utført tidleg på nyåret 1996.

Den største oppgåva museet står føre er reising av nytt magasinbygg. Museet har fått melding om at dette



Museet har mange vedlikehalds- og restaureringsoppgåver. Mellom dei oppgåvene vi sette i gang med i 1995 var rekonstruksjon av vassrennene i Kvednaholå, men vi kom ikkje i mål, og blei offentleg kritisterte for ikkje å ta skikkeleg vare på samlingane våre.

vil bli vurdert i sikringsplanen for musea som fylkeskommunen nå vil utarbeide, men uavhengig av dette må museet sjølv vera ei drivkraft for å erverve høveleg tomt til slikt bygg og få fram eit forprosjekt som kan danne grunnlag for arbeidet med finansieringa av det.

Vedlikehaldet av dei antikvariske bygningane har kome inn i eit godt spor etter at vi fekk fast tilsett handverkar, sjølv om ein person er i underkant av det vi har behov for i forhold til bygningsmassen.

Dei største arbeida på bygningane er i år knytta til Homannsbua og Målarstova på Håland, der vi har gåande etter måten store restaureringsarbeid, til husa i Kvednahola på Ritland, der vi driv med rekonstruksjon av vassrennene, og til skulehuset på Jelsa, der vi har sett i gang riving av den innreininga som var sett opp etter siste krigen. Det er også utført arbeid på Kolbeinstveit, Røynevarden, Gruvevegen i Allmannajuvet og Hustveit.

På Kolbeinstveit har styret brukt ein del tid på å

vurdere eit sterkt ønskje frå museumslaget og Bygdeutviklingsgruppa om reising av eit permanent scenebygg i hagen ned mot Suldalsvatnet. Etter å ha innhenta utale frå fylkeskonservatoren, fann styret at det ikkje var tilrådeleg av omsyn til det opphavelige tunet å setta opp eit slikt bygg.

FORSKING OG UTVIKLING

Arbeidet med Gards- og ættesoga for gamle Sand har pågått i 2 1/2 år. Manuskriptet skal vera ferdig til august 1997. I år er det særleg strandstadfolket som har vore i fokus. Feltarbeidet har m.a. omfatta 15 intervju som er tatt opp på band, og ca. 30 andre intervju. I tillegg er ei rekke opplysningar henta inn gjennom telefonamtalar. Bygdebokskrivaren har dessutan gått gjennom kyrkjebøkene for tidsrommet 1696–1840, og fått opplysningane frå desse på plass.

Arbeidet med boka om Sau og geit i Ryfylke og på Haugalandet er delt mellom to forfattarar som begge arbeider på deltid med oppgåva. Tilsaman skal dei utføre eit årsverk. Arbeidet starta i 1994 og manuskriptet skal vera ferdig innan utgangen av 1996. Mye av arbeidet så langt har dreidd seg om innsamling av materiale, i første rekke intervjuemateriale og foto, men også protokollar og dagbøker og anna skriftleg materiale. Men dei første kapittelutkasta er også skrivne og lagt fram for styringsgruppa til drøfting.

Utviklinga av eit Kompetansesenter for bygningsvern fekk ein trond start da den eine av dei to tilsette prosjektmedarbeidarane sa frå seg engasjementet før han hadde kome retteleg i gang med arbeidet. Framdrifta har derfor ikkje vore slik som planlagt og museet har bedt om, og fått tilslutning til ei utviding av prosjektpérioden med 1 år, men innafor dei same økonomiske rammene. Prosjektet vil nå bli avslutta innan 30. juni 1999.

Ein har likevel kome så langt i år at det er innleia eit positivt samarbeid med Handverksregisteret på Maihaugen, og feltarbeidet på det første av dei delemna som prosjektet er delt opp i er ferdig. Tidleg på nyåret 1996 vil såleis den første rapporten frå prosjektet bli publisert. Den handlar om bygging med stein. Feltarbeidet i år har omfatta intervju med 13 informantar, av desse 10 handverkarar/tradisjonsberarar, og det er utført ei rekke oppmålingar og dokumentasjonsfotograferingar av aktuelle objekt.

Prosjektet Gull og grøne skogar, granskninga av dei kulturelle følgjene av Ulla-Førre-utbygginga er avslutta med utgivinga av rapporten «Stev og støvsuging». Prosjektet er finansiert med midlar frå Norges Vassdrags- og Energiverk (NVE), og har omfatta eit årsverk, men har, på grunn av omsorgspermisjon, gått over to år.

Etter initiativ frå Norsk Industriarbeidermuseum på Rjukan, og i samarbeid med Vestnorsk Industristadmuseum i Odda er det sett i gang eit forsprosjekt for eit forskningsprosjekt kalla «Sosial struktur og ungdomskultur på ensidige industristeder». Forprosjektet skal vera ferdig til 15. juni 1996. Det blir finansiert med midlar frå Norges forskningsråd.

På oppdrag frå Suldal kommune gjennomfører vi ei Evaluering av materialet frå registreringa av faste kulturminne i Suldal (SEFRÅK). Dette er ei registrering som er gjennomført i alle kommunar, og som har ført til eit interessant materiale som vil vera eit viktig grunnlag for utarbeiding av kulturminneplanar i kommunane. Vi håper at røynslene frå Suldal skal føre til at dette arbeidet også kan gjerast i dei andre kommunane. Arbeidet i Suldal er så godt som ferdig ved utgangen av året, og ein rapport vil bli utarbeidd nokså snart på nyåret.

Suldal husflidslag har, med utgangspunkt i ei pinn-

hue frå museet, gjennomført ei meir omfattande granskning av pinnhuetradisjonen. Resultatet vil bli publisert i ein artikkel kalla Pinnhuer frå Suldal i Folk i Ryfylke 1996.

Saman med foreninga Ryfylkeprodukt har vi vore med på «eit prosjekt for å få fram betre kunnskap om tradisjonsgrunnlaget for utvikling av nye produkt frå Ryfylke». Prosjektet bar namnet Ryfylkeprodukt – frå ide til næring og blei avslutta i meldingsåret. Ein rapport frå prosjektet vil ligge føre på nyåret 1996.

FORMIDLING

Det andre hovudmålet til kulturdepartementet er at musea gjennom formidling «skal spreie kunnskap om, forståing for og oppleveling av natur, kultur og samfunn på ein måte som viser både kontinuitet og endring, samanheng og skilnad». Departementet er særleg opptatt av talet på barn og unge som har besøkt musea, og kva

som blir gjort for å legge forholda til rette for desse.

Men når departementet spør etter talet på gjester i høve til talet på timer musea er opne blir det vanskeleg å gi eit meiningssfullt svar, og som attpåtil skal vera samanliknbart med andre museum. I høgsesongen i sommar hadde vi ope på 9 ulike stader med vekslande opningstider. Søndagane i juli hadde vi såleis ope frå 4 til 28 timer, alt ettersom korleis ein reknar. Da blir reknestykket noe verre enn for Norsk Folkemuseum eller Nasjonalgalleriet i Oslo.

Vi har tilogmed vanskar med å oppgi noe eksakt tal på besøk, fordi vi har noen samarbeidspartnarar som ser stort på dei behov og ønskje byråkratiet i hovudbølet på Sand gir uttrykk for. Nedanfor følgjer likevel eit forsøk på publikumsstatistikk for 1995 samanlikna med tala for 1994. Det samla besøkstalet, så langt som vi har opplysningar om det, er 9.423 personar. Av desse reknar vi med at omlag 1.500 var barn og unge, men

BESØKSTAL FOR RYFYLKEMUSEET 1994–1995

Anlegg	Besøk 1994	Besøk 1995
Industriarbeidarmuseet i Sauda ¹	739	?
Zink-gruvene i Allmannajuvet, Sauda ¹	637	?
Jonegarden på Hustveit, Sauda	430	400
Nesa-sjøhuset, Sand	2305	3096
Kolbeinstveit, Suldal	4300	4398 ²
Røynevarden, Suldal	71	108
Skulemuseet på Jelsa	664	969
Barkeland, Jelsa	677	66
Viga, Hjelmeland	380	386
SUM	10.203	9.423 ³

¹ Samarbeidet med turistkontoret i Sauda fungerte därleg i sommar. Opningstidene ved Industriarbeidarmuseet og Zink-gruvene blei reduserte og det er ikkje oppgitt noe besøkstal.

² Bygdeutviklingsgruppa oppgir eit besøkstal på 3.700 for deira arrangement, inklusive Olsok-stemna. Det samla talet på betalande museumspublikum var 1.261.

³ Omfattar ikkje besøket i Industriarbeidarmuseet, Zink-gruvene eller samlingane i Sauda Museum.

vi har ikkje god nok statistikk for å seia noe sikkert om fordelinga på aldersgrupper.

Suldal Reiselivslag gir tilskott til omvisarlønn på Kolbeinstveit og skulemuseet på Jelsa, medan Hjelmeland kommune gir tilsvarende støtte på Viga. Vi hadde også ein tilsvarende ordning i Sauda til vi blei samde om å dele ansvaret for dei ulike anlegga. Dette har fungert

dårleg, og vi ønskjer nå sjølve å ha ansvaret for opninga av Industriarbeidarmuseet.

UTSTILLINGAR

Museet har hatt desse utstillingane i meldingsåret (utanom miljøutstillingane i dei antikvariske bygningane):

UTSTILLINGAR VED RYFYLKEMUSEET 1995		
Stad	Utstilling	Tidsrom
Industriarbeidarmuseet	Fotoutstilling om Åbø-byen Samlingar frå Smelteverket og fagforeningskontoret Husflid frå Suldal (bygdeutviklingsgruppa)	Heile året
Kolbeinstveit	Strandstaden Sand	25. juni–30. juli
Nesa-sjøhuset	Svanhild Nessa (kunstlaget)	Heile året
	Iben Sandemose (kunstlaget)	4.–12. februar
	Fredsutstilling	1.–17. april
	Sommarutstilling (kunstlaget)	8.–20. mai
	Mogens Søgård og Keld Nielsen (kunstlaget)	10. juni–20. august
	Ryfylkeutstillinga (kunstlaget)	2.–9. september
	Jan Radelgruber og Kjell Johannessen (kunstlaget)	30. september–8. oktober
	BKFR vandreutstilling (kunstlaget)	14.–22. oktober
	Juleutstilling (kunstlaget)	7.–12. november
Skulemuseet	Foto frå Jelsa (museumslaget)	25. november–10.desember
		6. mai–3. september


Strandstadutstillingen i Nesa-sjøhuset er omarbeidd og oppdatert, og er utvida med dokker, lyd og lys. I tilknyting til utstillingen er det plassert ein interaktiv dataskjerm der publikum kan hente fram opplysningar om dei ulike avdelingane til museet.

Det er Suldal kunstlag som, i samarbeid med Ryfylke kunstlag, forsyner oss med det store talet temporære utstillingar i Nesa-sjøhuset. Kunstlaget skipar til konsert med bevertning i tilknyting til opninga av dei fleste av utstillingane.

På Kolbeinstveit arrangerte bygdeutviklingsgruppa i Suldal for 3. år på rad ei stor husflidsutstilling med særlege arrangement (demonstrasjonar, framsyningar, turar med Suldalsdampen o.a.) i helgene.

På Jelsa tok medlemmar i Jelsa museumslag initiativ til å kjøpe kopiar av Wilse-bilde frå Jelsa, og stelte til ein utstilling av desse.

I Spinneriet i Hjelmeland har det vore nyoppstilling av utstilling av jærstolen som Ryfylkemuseet tidlegare har utarbeidd for Hjelmeland kommune.



For å gjera utstillingane våre meir levande, og utan at det skulle koste for mye, eksperimenterte vi med å laga dokker sjølve. Resultet kan ein sjå i 3. høgda på Nesa-sjøhuset. Det er Else Ljungstrøm og Bjørg Jorunn Myhre som er i arbeid.



I arbeidet med å fortelja soga på nye måtar engasjerte vi ein tolmodig og entusiastisk flokk med born, ungdommar og vaksne som hjalp oss med å laga lydshow i strandstadustillingen på Nesa-sjøhuset. Ved hjelp av lyd, lys, dokker, bilde og gjenstandar prøver vi å gi både kunnskap om og oppleving av strandstadsoga.

MULTIMEDIA

Multimedia er det nye moteordet i museumsverda, og det blir lagt ulike meininger i omgrepet. Somme bruker ordet synonymt med bildespel, medan andre brukar ordet om eit opplevings- og kunnskapstilbod der gjenstandar, bilde, lyd og ulike kulisser gir eit meir levande oppleving av bodskapen enn ein har sett før.

Installasjona av lyd- og lyseffekter i strandstadutstillingen i Nesa-sjøhuset på Sand er det første forsøket vi har gjort på å gå ut over den tradisjonelle utstillingsforma. Dette er blitt godt mottatt av publikum, men det er kostbart, og krev meir vedlikehald enn tradisjonelle utstillingar.

På Viga prøver vi å arbeide fram planar for eit meir omfattande multimediatilbod der vi håper at kulturhistoriske objekt, bilde, lydar, smaksprøver og figurar kan

vera med og formidle dei økologiske, økonomiske, teknologiske og kulturelle føresetnadane som har funnest og som framleis finst for fruktdyrkinga. Målet er å få til eit populært informasjonssopplegg som gir ei forståing av kva fruktdyrkinga går ut på, og kva ho betyr for familien på garden, lokalsamfunnet og busettinga i Ryfylke. Tanken er at utgangspunktet kan vera eit bestemt bruk og den familien som bur der. Hjelmeland kommune har stilt ein mindre sum til rådvelde for eit forprosjekt.

Problemet med slike tiltak er at dei krev ein ganske omfattande innsats, og at det ikkje er så lett å finne folk til å hjelpe seg sjølv om ein har noen midlar til rådvelde. Framdrifta i arbeidet er derfor ikkje slik som ein kunne ønskt.

ANDRE ARRANGEMENT

Nesa-sjøhuset er eit mye brukt hus. Det er fleire lag som regelmessig bruker huset til møte, kurs og øvingar, og det blir arrangert ei rekke opne møte og konserter her. I 1995 blei huset brukt av 11 ulike lag og organisasjonar, og det blei arrangert 7 opne konserter, kafear, foredrag og kulturkveldar av andre enn museet.

Museet sjølv hadde 3 opne arrangement med foredrag og bevertning i Nesa-sjøhuset.

Det største arrangementet utanom eigne anlegg er folkemusikkhelga på Gullingen. I år var det rekorddeltaking med 95 deltakarar fordelt på i alt 8 parallelle kurs. Vi har her lukkast med å få til eit miljø som samler folk på tvers av generasjonane, men ettersom den særlege støtten til dette arrangementet ser ut til å falle bort, er vi bekymra for korleis dei økonomiske vilkåra vil virke inn på utvegen til å rekruttere barnefamiliar til kursa. Folkemusikkhelga blir arrangert i samarbeid med Vibå spelemannslag.

Utanom den kursverksemda som går føre seg på



Museet har fleire år vore medarrangør for ulike seminar og konferansar som tar opp aktuelle tema i samtidia. I 1995 var det strandstadene i Ryfylke som sto i fokus. Konferansen blei halde i Spinneriet i Hjelmelandsvågen og tok opp i seg både diskusjonen om utforminga av tettstadene og dei utfordringane desse stadene står føre som sentra i utkantane.

Gullingen, har folkemusikkarkivet halde kveldarkurs i Sandnes, vore med på instruktørsamling for hardingfeleinstruktørar i Randaberg og vore frikjøpt for undervisning i Suldal kommunale musikkskule.

Folkemusikkarkivet var hovudarrangør i arrangementet av to kyrkjeconserter og har deltatt med framföringar og kåseri ved 8 ulike arrangement elles. Særleg spennande var produksjon og kringkasting av folkemusikktimen i NRK-P2 med hardingfeletradisjonar frå Rogaland. Folkemusikkarkivet deltok i gjennomföringa av Stavanger-kappleiken og i prosjektet «Dansen gjennom tidene» i samarbeid med musikkskulen og dansekonsulenten i Suldal.

I lag med Hjelmeland kommune har vi arrangert eit seminar om strandstadene i Ryfylke. Seminaret gikk føre seg i Spinneriet i Hjelmelandsvågen i mars, og samla folk frå leiinga av kommunane, næringslivet og det lokalhistoriske miljøet i distriktet. Innlegga på se-

minaret blei brukt som ein del av artikkelstoffet i Folk i Ryfylke 1995.

RÅDGIVING OG RETTLEIING

Museet driv ei ganske omfattande rettleiingsteneste. I år har denne omfatta:

- Rettleiing til bygdemusea om gjenstandsregistering og preparering
- Rettleiing av student frå Stavanger lærarhøgskule som har hatt praksisoppgåve ved museet
- Rettleiing av grunnskulelev som har hatt arbeidsveke på museet
- Rettleiing og rapportering om bygningsvern
- Rettleiing av utøvarar av folkemusikk og andre musikarar, lærarar, studentar, komponistar
- Service overfor slektningar til informantar ved folkemusikkarkivet
- Rådgiving av hovudfagstudent i historie
- Rådgiving ved skriving av særoppgåve ved vidaregåande skule
- Råd- og rettleiing til slektsgranskurar

I tillegg har museet ein del telefonar frå eller personlege besøk av folk som vil ha råd om kva dei kan gjera med gamle ting som kan vera skada eller er angripne av skadedyr. Museet driv ikkje med verdsetting av antikvitetar.

Etter ønskje frå bygdemusea og kommunane tillyste vi seinhaustes eit kurs i utstillingsteknikk, men på grunn av manglande interesse blei kurset avlyst. Nytt kurs vil bli forsøkt avvikla første halvår 1996.

I samarbeid med Suldal Reiselivslag blei det skipa til eit guide-kurs for dei som skulle arbeide for turistkontoret og museet i Suldal sommaren 1995.



Mellom dei som var på kurs var handverkaren vår, Kjell Johnsen. Han deltok på eit kurs om taktekking med villskifer i Hardanger.

PUBLIKASJONAR

I år har museet gitt ut desse publikasjonane:

Folk i Ryfylke 1995, årboka til museet, med «Strandarder i Ryfylke» som hovudtema.

Stev og støvsuging – ei granskning av kulturelle endringar i Suldal etter Ulla-Førre-utbygginga, av Trine Larsen, sluttrapport frå forskingsprosjektet «Gull og grøne skogar».

Ryfylkemuseet, brosjyre om museet på norsk, engelsk og tysk.

Prosjekt bygningsvern i Ryfylke, brosjyre om prosjektet på norsk med samandrag på engelsk.

Personalet har elles skrive desse artiklane i andre publikasjonar:

Dansetradisjonar i Rogaland – Innsamlingsarbeidet, av Ruth Anne Moen, artikkel i «Bygdekultur i hundred», jubileumsbok for Rogaland Ungdomslag

Folkemusikk frå NRK-arkivet, av Ruth Anne Moen, teksthæfte til CD med folkemusikk frå Rogaland og Hordaland

Den kulturelle kapitalen, av Roy Høibo, artikkel i «Bygdekultur i hundre», jubileumsbok for Rogaland Ungdomslag

Tonte Hegard: Hans Aall – mannen, visjonen og verket, av Roy Høibo, melding av jubileumsbok for Norsk Folkemuseum, i «Tradisjon»

Etter at det same redaksjonsrådet for Folk i Ryfylke har site sidan det blei oppretta i 1993 har to av medlemmane nå bedt om avløysing. Det er funne erstatning for ein av desse, og redaksjonsrådet er nå sett saman av Halvdan Magnus Hansen frå Forsand/Strand, Tora-Liv Thorsen frå Forsand, Njål Tjeltveit frå Hjelmeland og Jorunn Strand Vestbø frå Finnøy. Rådet er på leit etter eit nytt medlem til, gjerne frå øyane.

KVALITETSSIKRING

Det tredje og siste av hovudmåla til Kulturdepartementet gjeld ressursutnytting og kvalitet på yrkesutøvinga i museumssektoren. I praksis etterlyser departementet planar og tiltak som fremjer kompetanseheving.

Ryfylkemuseet har tatt desse signala på alvor, og har sett i gang ein plan- og utviklingsprosess som vi håper skal gi resultat i form av høg kvalitet på det arbeidet vi utfører.

Styret har vedtatt eit handlingsprogram for perioden 1996–1999. Handlingsprogrammet har danna grunnlag for drøfting av delmål og prioriteringar i eit personalseminar som blei skipa til på Utne, og vil bli følgjt opp i medarbeidarsamtalar med kvar enkelt tilsett. Vi håper dette skal føre til motivasjon for personleg utvikling, konsentrasjon om prioriterte oppgåver og gode resultat for museet samla sett.

KOMPETANSEHEVING

Ein særleg viktig del av dette arbeidet vil vera den fag-

lege og personlege utviklinga til dei tilsette. Museet har eit stabilt personale, men dette kan samtidig føre med seg ein fare for stagnasjon. Det er dessutan vanskeleg å rekruttere høgt kvalifisert personale til å delta i gjennomføringa av avgrensa oppgåver. Følgjene av dette må vera at museet må legge stor vekt på å utvikle det personalet som allereide er tilsett.

1995 har vore eit år med stor aktivitet kring etterutdanning og kompetanseheving. Det har vore mange tilbod om kurs og konferansar, og fleire vi har sett oss i stand til å delta i. Av særleg interesse er det kurset i museumskunnskap som musea i Rogaland arrangerte, og som hadde 7 samlingar i oktober og november. Nedanfor følgjer eit oversyn over dei aktivitetane dei tilsette har deltatt i:

Styraren, Roy Høibo, er styremedlem i the International Committee of Regional Museums (ICR) og oppnemnt sensor ved Institutt for Kunsthistorie og Kulturvitenskap ved Universitetet i Bergen. Han har elles deltatt i desse aktivitetane:

- Etnologseminaret, Voss
- Styremøte og studietur til Gliwice m.v., Polen, the International Committee of Regional Museums
- Møte om samarbeid mellom dei nordiske museumsorganisasjonane, utsending for NKKM, Helsinki
- ICOM 1995, Stavanger
- Leiarutviklingsprogram i museumssektoren, Norsk Museumsutvikling (NMU)

Avdelingsleiar Gaute Berge Nilsen, er styremedlem i Fortidsminneforeningen, Rogaland avdeling og var medlem av kultur- og ekskursjonskomiteen for ICOM 1995. Han har elles deltatt på desse samlingane:

- «Jakten på det Rogalandske», Norsk kulturforum/Norsk Form, Hå

- Årsmøtet til MiR, Jærmuseet
- ICOM 1995, Stavanger
- Strandstadseminar, Hjelmeland
- Forum for friluftsmuseer, Bergen
- Kurs i bruk av Regimus, Humanistisk datasenter, Egersund

Kontorfullmektig Bjørg Jorunn Myhre, har deltatt på desse samlingane:

- «Jakten på det Rogalandske», Norsk kulturforum/Norsk Form, Hå
- Kurs i bruk av Regimus, Humanistisk datasenter, Sarpsborg
- Årsmøtet til MiR, Jærmuseet
- Kurs i museumskunnskap, Rogaland
- EDB-seminar, Haugesund
- Fagmøte til MiR, Stavanger

Konservator ved folkemusikkarkivet, Ruth Anne Moen, er leiar i Norsk Folkemusikklag og styremedlem i Rådet for folkemusikk og folkedans. Ho har deltatt på desse aktivitetane:

- Studiet «Tradisjonskunnskap – Dans» ved Universitetet i Trondheim. Studiet tel 10 vekttal og blei avslutta med eksamen.

- Møte i «Forum for folkemusikk- og folkedanstilsette».
- Seminar om vokal folkemusikk, Norsk folkemusikklag
- Europeisk musikkonferanse i Falun, «Aspects on music and multiculturalism», utsending for Norsk Folkemusikklag, the International Music Council, Falun, Sverige

Museumshandverkar Kjell Johnsen, har deltatt på desse aktivitetane:

- Kurs i taktekking med villskifer, Hardanger
- Kurs i museumskunnskap, Rogaland

Bygdebokskrivar Ernst Berge Drange, har deltatt på strandstadseminar i Hjelmeland og på ein studietur til Vestnorsk Industriadmuseum

AVSLUTNING

Styret vil takke alle som har gjort ein innsats for Ryfylkemuseet i 1995. Styret finn særleg grunn til å berømme det initiativet og den kreativiteten som personalet har vist i arbeidet med å finne løysingar på dei utfordringar museet har i ein situasjon med knappe ressurser.

31. desember 1995/1. mars 1996

Trygve Brandal Børge Skeie Ellen Skogland Pedersen

Marie Gangenes Helge Bendiksen Rolf Egil Teig Bjørg Jorunn Myhre

Rekneskap 1995

RESULTAT INNAFOR TILSKOTTSORDNINGA (DRIFTSREKNESKAPEN)

INNTEKTER

Eigeninntekter (bilettinntekter m.m.)	55.756
Tilskott (frå fylkeskommunen, staten og vertskommunen).....	1.909.615
Andre inntekter (renteinntekter, overskot frå 1994)	58.763
Sum driftsinntekter	<u>2.053.902</u>

UTGIFTER

Lønningar	1.073.236
Arbeidsgjevaravgifter	181.620
Innkjøp (inventar og utstyr, innkjøp til samlingar og bibliotek).....	100.502
Vedlikehald av bygningar og anlegg.....	70.404
Kontorutgifter	156.894
Husleige, straum, forsikringar m.m.	177.143
Reiseutgifter.....	187.432
Vedlikehald av samlingar og utstyr.....	7.912
Udstillingar og publikasjonar	87.729
Dokumentasjonsutgifter.....	18.839
Andre driftsutgifter	<u>42.691</u>
Sum driftsutgifter.....	<u>2.104.406</u>
Resultat	<u>÷ 50.503</u>

Resultat utafor tilskottsordninga (prosjektrekneskapen)

INNTEKTER

Varesal (bøker).....	245.386
Medlemspengar	73.540
Andre inntekter (husleige, arrangement)	
169.927	
Øremerka tilskott	1.816.804
Renteinntekter.....	93.976
Forbruk av overførte løyvingar	641.380
<hr/>	
Sum prosjektinntekter.....	3.041.014

UTGIFTER

Lønningar.....	793.816
Arbeidsgjevaravgifter	137.845
Inventar og utstyr	130.657
Varekjøp (bøker)	120.411
Andre utgifter saueboka.....	29.856
Andre utgifter bygningsvern.....	80.177
Andre utgifter SEFRAK	85.261
Udstillings- og dokumentasjonsutgifter	210.203
Andre utgifter arkivar	10.320
Andre utgifter bygdebokskrivar.....	19.012
Andre utgifter forskar	21.739
Andre utgifter	6.063
Bygningar og anlegg.....	85.916
Overføring av ubrukte løyvingar	1.195.835
<hr/>	
Sum prosjektutgifter	2.927.116
<hr/>	
Resultat	113.898

Balanse

OMLØPSMIDLAR

Kasse.....	1.599
Postgiro.....	37.664
Bank, skattetrekkskonto.....	94.119
Bank, andre innskot	1.865.741
Sum omløpsmidlar.....	1.999.124

KORTSIKTIG GJELD

Interrimskonto.....	÷ 205.045
Øreutjamning	÷ 4
Sum korsiktig gjeld.....	÷ 205.049

AVSETNINGAR

Overførte løyvingar	÷ 1.195.835
Sum avsetningar.....	÷ 1.195.835

EIGENKAPITAL

Eigenkapital pr. 1/1	÷ 581.674
Tilbakeføring av resultat 1995	46.828
Resultat innafor tilskottsordninga	50.503
Resultat utafor tilskottsordninga	÷ 113.898
Eigenkapital pr. 31/12.....	÷ 598.239
Sum gjeld og eigenkapital	1.999.124

31. desember 1995/1. mars 1996

Trygve Brandal Børge Skeie Ellen Skogland Pedersen

Marie Gangenes Helge Bendiksen Rolf Egil Teig Bjørg Jorunn Myhre

Revisjonsberetning for 1995

Avgitt i brev frå Rogaland fylkeskommune, fylkesrevisjonen 19. april 1996:

Vi har revidert årsregneskapet for Ryfylkemuseet for 1995.

Revisjonen er utført i samsvar med gjeldende lover og forskrifter om regnskap og revisjon og god kommunal revisjonsskikk.

Vi har gjennomført de revisjonshandlinger som er ansett nødvendige for å bekrefte at årsregnskapet ikke inneholder vesentlige feil eller mangler, samt kontrollert utvalgte deler av grunnlagsmaterialet som underbygger regnskapspostene.

Det fremlagte årsregnskapet gir etter vår oppfatning et forsvarlig uttrykk for Ryfylkemuseets årsresultat og økonomiske stilling pr. 31/12-95.


Regnskapet tilrås godkjent med overskudd kr. 63.393.89.

Mette Jensen Moen
Fylkesrevisjonssjef

Nina Monsen

Bøker og hefte frå Ryfylkemuseet

<i>Blandt silkebus og bønder</i> av Roy Høibo	78,-	<i>Kari</i> av Jon Moe	248,-
<i>Då besta va' ung</i> av Roy Høibo	25,-	<i>Med båt og buss</i> av Njål Tjeltveit	188,-
<i>Etterkrig-Ryfylke</i> av Njål Tjeltveit	228,-	<i>Ryfylkevegen – Kulturhistorisk vegbok</i> av Roy Høibo og Njål Tjeltveit	30,-
<i>Folkemusikkformidling</i> av Ruth Anne Moen	120,-	<i>Soga om Sand</i> av Roy Høibo	300,-
<i>Folkemusikk frå Rogaland</i> av Ruth Anne Moen	10,-	<i>Songar frå Jelsa</i> av Øystein Haga og Ruth Anne Moen	75,-
<i>Folk i Ryfylke 2/84–2/88</i>	45,-	<i>Ulla Førre – Norges største vasskraftprosjekt</i> av Roy Høibo	188,-
<i>Folk i Ryfylke 1989–1992</i>	85,-		
<i>Folk i Ryfylke 1993–</i>	100,-	<i>50 år i opposisjon</i> av Roy Høibo	65,-
<i>Frå torvskurd til tingsal</i> av Lars Hellemo	78,-		
<i>Geiterams</i> av Jon Moe	100,-	Vi har og eit utval av CD/MC med norsk folkemusikk	
<i>Hjelmeland – Bilete fra Farne år</i> av Njål Tjeltveit og Roy Høibo	248,-	Publikasjonane kan tingast hos Ryfylkemuseet, Postboks 143, 4230 SAND	
<i>Jelsa Kyrkje</i> av Roy Høibo	30,-	Telefon 52 79 73 77	



Neste nummer av FOLK I Ryfylke vil ha

Mat og måltider som tema

Det blir artiklar om mat til kvardags og mat til høgtid, mat i gravferd og bryllaup, om pådekking og dekketøy, kjøkken og eldhus og det vi elles må lukkast i å grave fram av stoff fram til neste sommar.

Følg med, bli abonnent! I postkassene november/desember 1997.

RYFYLKEMUSÉET

Sau og hei

Ny bok om sauehald og heiaføring i Ryfylke og på Haugalandet.

Sauen har mange venner i Rogaland. Ikkje noko anna husdyr kan måla seg med sauens. Sauene er dei dyra bøndene har mest hjartearvme kjensler for. Den nye boka fortel om sauehald og heiabeiting i Ryfylke og Nord-Rogaland før og no. Framstillinga følgjer livet med sauens gjennom året. Eit sentralt tema i boka er heiaføring og organisering av heiabeitinga for smalen i store delar av det fremste saufylket i landet.

Sau og hei – Sauehald og heiaføring
i Ryfylke og på Haugalandet,
ISBN 82-90271-22-0,
Ryfylkemuseet 1996, kr. 328,-.

Abonnement, som samtidig gjeld som medlemskap i Ryfylkemuseet, kostar 100 kroner og kan teiknast ved å skrive til
Ryfylkemuseet, 4230 Sand,
sende fax til nr. 52 79 78 89,
eller ringe nr. 52 79 73 77

ISBN 82-90271-23-9